Saksnr: 2019/143-1
Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Signe Rauboti, Stig Vattekar, Lisa Marie Hillestad Ålsberg og Beate Bergsholm

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Fylkesutvalet | | 03.12.2019 |
| Fylkestinget | | 17.12.2019 |

## Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2019

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek Eigarskapsmelding 2019 Del I om eigarpolitikk slik han føreligg.
2. Fylkestinget tek Eigarskapsmelding 2019 Del II til vitande.
3. Fylkestinget vedtek å vidareføre medlemskap i samvirkeføretak.
4. Fylkestinget gjev fylkeskommunen sin eigarrepresentant instruks om å røyste for alle formelle endringar hjå selskapa på komande generalforsamlingar og møte i liknande eigarorgan, t.d. namneendringar, som kjem som ei direkte følgje av kommune- og regionreforma.

### Samandrag

Eigarskapsmeldinga 2019 er den første eigarskapsmeldinga prosjektleiar legg fram for Vestland fylkesting.

Del I av eigarskapsmeldinga omhandlar fylkeskommunen sin generelle eigarpolitikk, mellom anna mål for fylkeskommunal eigarskap, samfunnsansvar, etikk, rollefordeling, og habilitet. Del II av eigarskapsmeldinga inneheld ein omtale av kvart selskap som fylkeskommunen har eigarskap i. Vidare omfattar del II ei oversikt over stiftingar der fylkeskommunen er opprettar eller medopprettar.

Eigarskapsmeldinga er utarbeidd i samsvar med kommunelova 2018 § 26-1 og KS sine anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Ingrid Kristine Holm Svendsen
påtroppande fylkesdirektør for organisasjon og økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

Vedlegg
1 Eigarskapsmelding 2019

# Saksutgreiing

**Bakgrunn for saka**

## Bakgrunn for saka

1. Behovet for ei eigarskapsmelding

Fylkeskommunen har eit ansvar for å forvalte verdiar og tenester som er lagt ut i selskap og liknande. Eigarskapsmeldinga er eit viktig styringsgrunnlag og arbeidsverktøy for å sikre ei god og forsvarleg forvalting av eigarskapen. Eigarskapsmeldinga dokumenterer at fylkeskommunen tek eigarrolla si på alvor.

Eigarskapsmeldinga vil sikre nødvendige styringssignal til selskap, tydeleggjere dei folkevalde sitt ansvar og bidra til meir openheit overfor omverda.

2. Krav om eigarskapsmelding i ny kommunelov

Kommunelova 1992 inneheldt ikkje krav om eigarskapsmelding, retningslinjer for eigarstyring eller liknande. I 2018 vedtok Stortinget kommunelova 2018, som inneheld eit krav til eigarskapsmelding i § 26-1:

> *Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.*
> *Eierskapsmeldingen skal inneholde*
> *a) kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring*
> *b) en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i*
> *c) kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b*

Kapittel 26 i kommunelova 2018 tredde i kraft frå og med det konstituerande møtet i fylkestinget.

Det nye kravet til eigarskapsmelding "*markerer det ansvaret kommunestyret og fylkestinget har for å forvalte verdier og tjenester som er lagt ut i selskaper*", jf. NOU 2016:4. Fylkestinget kan ikkje delegere myndet til å vedta eigarskapsmelding.

I § 26-1 andre ledd er det lista opp fleire krav til innhaldet i eigarskapsmeldinga. Meldinga skal for det første innehalde fylkeskommunen sine prinsipp for eigarstyring, jf. bokstav a. Vidare skal eigarskapsmeldinga innehalde ei oversikt over selskap, kommunale eller fylkeskommunale føretak og andre verksemder som fylkeskommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i, jf. bokstav b. Dette omfattar ikkje berre aksjeselskap og interkommunale selskap, men også samvirkeføretak, kommunale oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid og stiftingar som fylkeskommunen har ei særskild interesse i. Det er presisert i forarbeida til lova at også dei fire sistnemnde organisasjonsformene bør bli omfatta av eigarmeldinga, sjølv om det ikkje er nærliggjande å omtale desse verksemdene som selskap, og sjølv om fylkeskommunen ikkje har noko direkte eigarinteresse i verksemdene.

Av andre ledd bokstav c går det fram at meldinga også skal innehalde opplysningar om fylkeskommunen sine formål med eigarskap i dei ulike selskapa. Ifølgje Prop.46 L (2017-2018) treng ikkje fylkeskommunen sitt formål med eigarskap nødvendigvis vere identisk med selskapet sitt formål.

Fylkeskommunen står fritt til å omtale andre tilhøve i tillegg til minimumskrava i § 26-1 (2), og til å oppdatere eigarmeldinga fleire gongar i løpet av valperioden.

3. KS sine anbefalingar for eigarstyring, selskapsleiing og kontroll

Fylkestinget har det overordna ansvaret sjølv om fylkeskommunane har lagt delar av verksemda i eigne selskap. KS har derfor utarbeidd "anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll" for kommunal og fylkeskommunal eigarskap.[1] Dei 21 tilrådingane skal sikre god folkevald styring og forvalting av eigarskapen. Anbefalingane gjeld hovudsakleg for AS, IKS og kommunale føretak etter koml. kap. 11. Stiftingar og samvirkeforetak er kort omtala i anbefalingane.

Etter KS sitt syn bør fylkestinget utarbeide ei eigarskapsmelding med overordna prinsipp for eigarskapen. Det er viktig at meldinga er tilgjengeleg for innbyggarane i fylket. Ifølgje KS bør eigarmeldinga som eit minimum innehalde:

1. *Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskaper og samarbeid.*
2. *Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring*
3. *Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.*
4. *Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.*
5. *Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv.*

KS sine anbefalingar er utarbeidd før kommunelova 2018, og går lenger enn lovkravet om eigarskapsmelding. Etter KS sitt syn bør eigarmeldinga utarbeidast årleg, ikkje berre ein gong i valperioden slik den nye kommunelova krev. KS sine anbefalingar for innhald omfattar også meir enn krava til eigarskapsmeldinga i kommunelova 2018. Ei melding i samsvar med anbefalingane vil ifølgje KS sikre nødvendige styringssignal til selskapa, tydeleggjere dei folkevalde sitt ansvar og bidra til meir openheit overfor omverda.

KS gjev fleire anbefalingar for eigarstyring m.m. som kan vere aktuelle å inkorporere i eigarmeldinga som ein del av Vestland fylkeskommune sine prinsipp for eigarstyring.

Fylkeskommunen er ikkje forplikta til å følgje anbefalingane til KS. Som KS påpeikar er aktivt eigarskap grunnleggande for best mogleg lokalpolitisk forvalting av fylkeskommunen sine samla verdiar, samtidig som aktivt eigarskap vil gje viktige signal overfor omverden og styrke kommunen sitt omdømme. Det har såleis gode grunnar for seg å følgje anbefalingane frå KS.

4. Utarbeidinga av den første eigarskapsmeldinga for Vestland fylkeskommune

Prosjektleiar har sett ned ei prosjektgruppe som har sett på kva konsekvensar samanslåinga av fylka vil ha å seie for fylkeskommunane sin eigarskap og for selskapa. Prosjektgruppa har m.a. sett på praksis for eigaroppfølging i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, og samanlikna dagens praksis med krava i ny kommunelov og tilrådingar frå KS. Prosjektarbeidet resulterte i ei tilråding om kva retningsliner for eigarstyring Vestland fylkeskommune bør ha. Tilrådinga er skildra i RS 22/2019 Orientering om retningsliner for eigarstyring i Vestland fylkeskommune og prosessen med overføring av eigarskap, som vart lagd fram for fellesnemnda 18. juni 2019. Fellesnemnda hadde ikkje innvendingar til prosjektleiar si tilråding.

Kort oppsummert må Vestland fylkeskommune si eigarskapsmelding for det første stette krava i den nye kommunelova. Vestland fylkeskommune bør også (i all hovudsak) følgje KS sine anbefalingar, og utarbeide retningslinjer som skal sikre oppfylling av anbefalingane.

**Vedtakskompetanse**

Fylkestinget, jf. kommunelova 2018 § 26-1. Fylkestinget kan ikkje delegere myndet til å vedta eigarskapsmelding.

---

[1] https://www.ks.no/contentassets/fb95418a8bab40d69235844e212abb6f/ks-anbefalinger-eierstyring_digital.pdf

**Vurderingar og verknader**

1. Eigarskapsmelding for Vestland 2019

Begge fylkeskommunane følgjer i stor grad anbefalingane til KS i dag. Vestland fylkeskommune si eigarskapsmelding bør utarbeidast med utgangspunkt i Hordaland og Sogn og Fjordane sine eigarskapsmeldingar, og fylkeskommunane sine erfaringar frå eigarskapsområdet. Praksisen i Hordaland og Sogn og Fjordane er nærare skildra i RS 22/2019.

Delprosjektgruppa kom til at det er ein fordel om selskapsoversikta, eigarstrategien og alle prinsippa og retningslinjene for eigarstyring blir samla i eitt dokument (eigarskapsmeldinga) som er lett tilgjengeleg for folkevalde, selskapa og ålmenta på Vestland fylkeskommune sine nettsider. Ei årleg revidering av eigarskapsmeldinga vil sikre ei forsvarleg og heilskapleg oppfølging av eigarskapen, og er i tråd med KS sine tilrådingar. Prosjektleiar støttar delprosjektgruppa si tilråding.

Eigarskapsmeldinga 2019 er delt inn i to delar, ein generell del og ein spesiell del. Del I inneheld generelle retningsliner for eigarstyring og rutinar for eigarskapsarbeid. Del II inneheld ei samla oversikt over eigarskapen til Vestland fylkeskommune i ulike selskap, samarbeid, m.m. I tillegg gjev del II ei oversikt over m.a. stiftingar fylkeskommunen har vore med på å opprette og/eller som fylkeskommunen har ansvar for å peike ut styremedlemer til.[2]

Del II vert skriven med grunnlag i årsrekneskap, årsmeldingar, protokollar, rapportar frå generalforsamling/representantskapsmøte, vedtekter, selskapsavtalar, aksjonæravtalar og politiske vedtak m.m.

Prosjektleiar har hatt avgrensa tid til rådvelde ved utarbeidinga av Eigarskapsmelding 2019[3], og vil arbeide vidare med både den generelle delen og den spesielle delen fram mot neste års eigarskapsmelding, Eigarskapsmelding 2020.

Eigarskapsmelding 2020 vil i tillegg til det som no er lagt fram innehalde ei oversikt over enkeltsaker som har vore handsama i politiske organ frå og med vedtakinga av Eigarskapsmelding 2019.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok i sak 14/19 å bli med på etableringa av Campus Førde verftet AS, og dette selskapet vert omtalt i Eigarskapsmeldinga for Vestland 2020.

2. Vidareføring av medlemskap i samvirkeføretak og foreiningar.

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar sin eigarskap vert i dei fleste tilfelle overført til Vestland fylkeskommune utan behov for føregåande handling. Dette gjeld m.a. for aksjeselskap. For nokre selskaps- eller samarbeidsformer, krev overføringa av eigarskap eller deltaking aktiv handling frå eigarane/deltakarane si side. Dette gjeld t.d. for fylkeskommunen si deltaking i interkommunale selskap, samvirkeføretak og samarbeid etter kommunelova 1992 § 27.

Endringar i selskapsavtale eller vedtekter for interkommunale selskap og interkommunale samarbeid skal etter lova handsamast av fylkestinget, og det vert lagt fram eigne saker om desse.

Når det gjeld samvirkeføretak,[4] har KS lagt til grunn at medlemskap i utgangspunktet ikkje vert automatisk overført[5]. Det er derfor behov for eit politisk vedtak om vidareføring av denne typen medlemskap.

3. Formelle endringar i selskapsvedtekter og liknande som følgje av kommune- og regionreforma

Som ei følgje av kommune- og regionreforma kjem fleire selskap, samarbeid, m.m. til å ville gjere formelle endringar i vedtektene sine eller liknande dokument, for å tilpasse desse til ny eigarstruktur. T.d. der

---

[2] Stiftingar Hordaland fylkeskommune er opprettar av eller har valansvar overfor vert omtalt nærare i Eigarskapsmelding 2020.
[3] Eigarskapsmeldinga er i hovudsak ei vidareføring av Eigarskapsmelding 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune.
[4] Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune er medlem av følgjande samvirkeføretak: Biblioteksentralen SA, Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane SA (OKOS) og Sinjarheim SA
[5] https://www.ksbedrift.no/media/1978/rapport-om-selskaper-og-kommunereform.pdf.

fylkeskommunen er nemnd med namn. Sjølve endringane skal vedtakast på generalforsamlingar, representantskapsmøte m.m., men det er ønskjeleg med ei politisk avklaring av spørsmålet i forkant av desse. For ikkje å måtte leggje fram fleire saker om identiske eller liknande endringar, vel prosjektleiar å leggje fram forslag om eit generelt vedtak som vil omfatte alle slike endringar.

**Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** Ikkje relevant.
**Klima:** Ikkje relevant.
**Folkehelse:** Ikkje relevant.
**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.

**Konklusjon**

Prosjektleiar tilrår at fylkestinget vedtek Eigarskapsmelding 2019 Del I om eigarpolitikk slik han føreligg, og tek Eigarskapsmelding 2019 Del II til vitande.

Vidare tilrår prosjektleiar at fylkestinget gjev fylkeskommunen sin eigarrepresentant instruks om å røyste for alle formelle endringar hjå selskapa på komande generalforsamlingar, t.d. namneendringar, som kjem som ei direkte følgje av kommune- og regionreforma, og at fylkestinget vidarefører medlemskap i samvirkeføretak.

Vestland fylkeskommune

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2019**

**Avrøysting**

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget vedtek Eigarskapsmelding 2019 Del I om eigarpolitikk slik han føreligg.

2. Fylkestinget tek Eigarskapsmelding 2019 Del II til vitande.

3. Fylkestinget vedtek å vidareføre medlemskap i samvirkeføretak.

4. Fylkestinget gjev fylkeskommunen sin eigarrepresentant instruks om å røyste for alle formelle endringar hjå selskapa på komande generalforsamlingar og møte i liknande eigarorgan, t.d. namneendringar, som kjem som ei direkte følgje av kommune- og regionreforma.

Vestland fylkeskommune

**Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019**

**Mark Taylor (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Endring til kapittel 1.3 andre avsnitt

Endre denne setninga:
I vurderinga av om ein skal gå inn i eit selskap, må fylkeskommunen vurdere om det er aktuelt å stille konkrete klimakrav til selskapet.

til denne setninga:
Når ein skal gå inn i eit selskap, må fylkeskommunen stille konkrete klimakrav til selskapet;»

**Frank Willy Djuvik (FRP)** sette fram slikt forslag:

(a) «Tillegg til kapittel 1.3 første avsnitt

Ei risikovurdering før aksjekjøp eller aksjeteikning skal minimum innehalde vurdering av finansiell risiko, risiko for at selskapet ikkje klarer å etterleve offentlege standardar innanfor innkjøpsreglement, habilitet, openheit og etikk, samt risiko for negativ påverknad på miljø og klima.»

(b) «Tillegg
Fylkestinget syner til styret i Skyttel AS sitt framlegg om å endre §2 i vedtektene, og ber eigarrepresentanten om å stemme imot endring av føremålet for selskapet. Fylkestinget føreset at Skyttel AS skal drive med verksemd relatert til bompengetenester og ikkje ta finansiell og kommersiell risiko innan andre områder.»

**Anders Hamre Sveen (R)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt

Fylkestinget legg til grunn at ILO-konvensjon 94 og arbeids-/lønvilkår som ikkje er dårlegare enn det som følgjer av landsomfattande tariffavtale eller det som elles er normalt for vedkomande stad og yrke, skal gjelde i dei selskap og føretak der fylkeskommunen har eigarskap».

**Morten Klementsen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt

Da Vestland Fylkeskommune er medlemmer i Transparancy International Norge, skal kommunenes antikorrosjonshåndbok og TIN sine råd fölges.»

**Tor André Ljosland (Krf)** sette på vegner av KrF, Sp og A fram slik protokollmerknad:

«Partiene vil vurdere forslaget rundt Skyttel knytt til den ordinære behandlingen av eiermeldingen.»

**Kine Bratli Dale (A)** sette på vegner av A,  KrF og Sp fram slik protokollmerknad:

«Arbeiderpartiet og Venstre vil ikke støtte tilleggsforslaget til Rødt i denne omgang, men vil ta dette med i det videre arbeidet med Eierskapsmeldingen frem mot varslet sak over nyttår.»

**Avrøysting**
Djuvik sitt forslag (a) fekk 34 røyster (R, Frp, MDG, V, Krf, H, SV) og vart vedteke.
Djuvik sitt forslag (b) fekk 27 røyster (Frp, H, R, FNB, PP) og fall.
Taylor sitt forslag fekk 27 røyster (R, MDG, SV, A, V) og fall.
Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Hamre Sveen sitt forslag fekk 6 røyster (R, SV) og fall.
Klementsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Fylkestinget vedtek Eigarskapsmelding 2019 Del I om eigarpolitikk slik han føreligg.

2. Fylkestinget tek Eigarskapsmelding 2019 Del II til vitande.

3. Fylkestinget vedtek å vidareføre medlemskap i samvirkeføretak.

4. Fylkestinget gjev fylkeskommunen sin eigarrepresentant instruks om å røyste for alle formelle endringar hjå selskapa på komande generalforsamlingar og møte i liknande eigarorgan, t.d. namneendringar, som kjem som ei direkte følgje av kommune- og regionreforma.

5. Tillegg til kapittel 1.3 første avsnitt

   Ei risikovurdering før aksjekjøp eller aksjeteikning skal minimum innehalde vurdering av finansiell risiko, risiko for at selskapet ikkje klarer å etterleve offentlege standardar innanfor innkjøpsreglement, habilitet, openheit og etikk, samt risiko for negativ påverknad på miljø og klima

6. Da Vestland Fylkeskommune er medlemmer i Transparancy International Norge, skal kommunenes antikorrosjonshåndbok og TIN sine råd fölges.

**Protokollmerknad frå KrF, Sp og A**
Partiene vil vurdere forslaget rundt Skyttel knytt til den ordinære behandlingen av eiermeldingen.

**Protokollmerknad frå A, KrF og Sp:**
Arbeiderpartiet og Venstre vil ikke støtte tilleggsforslaget til Rødt i denne omgang, men vil ta dette med i det videre arbeidet med Eierskapsmeldingen frem mot varslet sak over nyttår.

**Vedtaks- og endringsprotokoll**

| **Vedteke/endra av** | **Dato/saksnummer** |
|---|---|
| Fylkestinget | 17.12.2019 / sak |

**Del I - EIGARPOLITIKK** .......... 6
**Innleiing** .......... 6
**1. Overordna eigarstrategi og eigarpolitikk** .......... 6
1.1 Historikk – Bakgrunn for og føremål med fylkeskommunen sin eigarskap .......... 6
1.2 Fylkeskommunal eigarskap i dag .......... 7
1.3 Kriterium for å gå inn – og bli sitjande – som eigar i selskap og opprettar av stiftingar .......... 7
1.4 Val av selskapsform .......... 8
1.5 Exit-strategi .......... 8
1.6 Vurderingar ved vurdert avvikling av engasjement .......... 8
1.7 Styringsgrep – eigarstrategi og selskapsstrategi .......... 8
1.7.1 Eigarstrategi for det enkelte selskap .......... 8
1.7.2 Selskapsstrategi .......... 9
1.8 Samfunnsansvar, miljø, etikk og rettslege krav .......... 9
1.8.1 Samfunnsansvar, miljø og etikk hjå selskapa .......... 9
1.8.2 Samfunnsansvar og etikk hjå fylkeskommunen og fylkeskommunen sine utsendingar .......... 10
1.8.3 Rettslege rammer for ulike verksemder .......... 10
1.9 Eigarutøving for meldingsåret og etterfølgjande år .......... 11
1.9.1 Generell politikkendring .......... 11
1.9.2 Enkeltsaker sidan førre eigarskapsmelding .......... 11
**2. Rammer for oppfølging av eigarskapen − reglar og fylkeskommunale retningsliner** .......... 12
2.1 Interessekonflikt mellom eigarinteresser, selskapsinteresser og forvaltningsoppgåver – nokre problemstillingar .......... 12
2.1.1 Døme på tilfelle der interessekonflikt kan oppstå .......... 12
2.2 Reglar om habilitet – folkevalde i ulike roller .......... 12
2.2.1 Generelt .......... 12
2.2.2 Reglane om habilitet .......... 13
2.3 Reglar om det offentlege sin innsynsrett i eigarskapssaker .......... 14
2.4 Folkevalde som eigarrepresentant .......... 15
2.4.1 Kort om eigarorganet i eit selskap .......... 15
2.4.2 Utpeiking av fylkeskommunen sine eigarrepresentantar .......... 15
2.5 Utpeiking av styrerepresentantar .......... 16
2.5.1 Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemene si uavhengige stilling .......... 16
2.5.2 Prosedyrar for val av styremedlemer .......... 16
2.5.3 Reglar om kjønnsbalanse i styra .......... 17
2.5.4 Kort om styret sitt ansvar .......... 17
2.6 Retningsliner for eigarutøving overfor selskapet .......... 17
2.6.1 Rammer for eigarutøving .......... 17
2.6.2 Eigardialogen .......... 18
**3. Rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging** .......... 19
3.1 Roller og ansvar .......... 19
3.2 Rollefordeling i den fylkeskommunale eigarutøvinga .......... 19
3.2.1 Rolla til fylkestinget og fylkesutvalet .......... 19
3.2.2 Fylkesordføraren si rolle .......... 20
3.2.3 Den folkevalde si rolle .......... 20
3.2.4 Fylkesrådmannen si rolle .......... 20
3.3 Opplæring av folkevalde .......... 20
3.4 Rutinar for utøving av fylkeskommunal eigarskap .......... 20
3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring .......... 21
3.5.1 Generelt .......... 21
3.5.2 Rutinar ved innkalling til møte i eigarorgan .......... 21
3.5.3 Rutinar før møte i eigarorgan i selskapa .......... 22
3.6 Styremedlemen sitt ansvar overfor fylkeskommunen .......... 22
3.7 Eigarrepresentanten sitt ansvar overfor fylkeskommunen .......... 22
3.8 Tilsyn og kontroll med fylkeskommunen sine interesser i selskapet .......... 22
**Del II – VERKSEMDSOVERSIKT** .......... 24

**4. Generelt om del II** ....24
4.1 Definisjon av nøkkeltal ....24
**5. Interkommunale selskap (IKS)** ....24
5.1 Deltaking er avgrensa, men ansvaret er uavgrensa ....24
5.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom representantskapet ....25
5.3 Uttreden frå Interkommunale selskap ....25
5.4 Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak: ....25
**Trivselshagen IKS** ....25
**VIGO IKS** ....28
**Grieghallen IKS** ....31
**6. Aksjeselskap (AS)** ....32
6.1 Avgrensa ansvar for deltakarane ....32
6.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom generalforsamlinga ....32
6.3 Uttreden av aksjeselskap ....33
6.4 Finansielle mål ....33
**Sogn og Fjordane Energi AS** ....33
**Sogn og Fjordane Holding AS** ....37
**Fjord Invest Såkorn AS** ....41
**Fjord Norge AS** ....43
**Framtidsfylket AS** ....45
**Gulen og Masfjorden Utvikling AS** ....48
**Innovasjon Norge** ....50
**Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS** ....54
**Lutelandet Utvikling AS** ....57
**Njøs Næringsutvikling AS** ....59
**Opplæringsfartøy AS** ....61
**Sogn og Fjordane Fondet AS** ....64
**Sarsia Development AS** ....66
**Bergen Vitensenter AS (Vilvite)** ....67
**Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS** ....69
**Valen kraftverk AS** ....71
**Sunnhordland Lufthamn AS** ....73
**Bybanen AS** ....75
***6.6 Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak*** ....77
**Kommunekraft AS** ....77
**Ferde AS** ....79
**Skyttel AS** ....82
***6.7 Fylkesomfattande kulturselskap*** ....85
**Norsk Fjordhestsenter AS** ....85
**Teater Vestland AS** ....88
**Vestnorsk filmsenter AS** ....91
**Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter AS** ....93
**Det Vestnorske Teateret AS** ....95
**Den Nationale Scene AS (DNS)** ....98
***6.8 Arbeidsmarknad*** ....99
**Origod AS** ....99
**In Via AS** ....102
**Sogneprodukt AS** ....104
**Beredt AS** ....107
**Gløde AS** ....108
**Opero AS** ....110
**Kveik AS** ....112
**Hardanger AKS AS** ....114
**7. Interkommunale samarbeid** ....116
***7.1 Ulike former for interkommunalt samarbeid*** ....116
***7.2 Samarbeid etter kontrakt (formlaust samarbeid)*** ....116
***7.3 Interkommunalt samarbeid etter kommunelova*** ....116

*7.4 Vertskommunesamarbeid etter kommunelova* ..... 116
*7.5 Interkommunale samarbeid* ..... 117
**Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA)** ..... 117
**Vestlandsrådet** ..... 117
**IS Fjordvegen Rute 13** ..... 119
**Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane** ..... 119
8. **Samvirkeføretak** ..... 120
**Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane SA (OKOS SA)** ..... 121
**Biblioteksentralen SA** ..... 122
**Sinjarheim SA** ..... 124
**9. Stiftingar** ..... **125**
*9.1 Uttreden frå stiftingar* ..... 125
*9.2 Stiftingane* ..... 126
**Stiftinga Singerheimen** ..... 126
**Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal** ..... 126
**Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid** ..... 127
**Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane** ..... 127
**Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling** ..... 127
**Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival** ..... 128
**Stiftinga Vestlandsforsking** ..... 128
**Stiftinga Røde Kors Nordisk United World College** ..... 128
**Stiftinga Nynorsk kultursentrum** ..... 129
**Stiftinga Innvik Næringsutvikling** ..... 129
**Stiftinga Vestnorsk jazzsenter** ..... 130
**Stiftinga Balejazz** ..... 130
**Stiftinga Norsk Countrytreff** ..... 130
**Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark** ..... 131
**Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane** ..... 131
**Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter** ..... 132
**Stiftinga til fremje av rekruttering og kompetanseutvikling i Sogn og Fjordane (REKOMP)** ..... 132
**Stiftinga Måløy Marine Ressurssenter (MMR)** ..... 132
**10. Gjensidige selskap** ..... **133**
***Kommunal Landspensjonskasse (KLP)*** ..... 133
**11. Vedteken plan for eigarskapskontroll for valperioden** ..... **134**
**Vedlegg:** ..... **135**
Mal for rapport frå eigarrepresentant ..... 135

# Del I - EIGARPOLITIKK

# Innleiing

Eigarmeldinga er eit overordna politisk styringsdokument. Den skal syne mål og strategiar for den fylkeskommunale eigarskapen, sikre rett samhandling mellom fylkeskommunen og selskapa og gjere informasjon om den fylkeskommunale eigarskapen synleg for ålmenta.

Eigarmeldinga skal:

- Gjere den politiske styringa i eigarsaker tydelegare.
- Medverke til at selskapa kjenner posisjonen og haldningane fylkeskommunen har som eigar.
- Legge grunnlaget for å utvikle konkrete eigarstrategiar og formål for kvart enkelt selskap.
- Bidra til at samansetninga av styra gir riktig kompetanse ut frå dei utfordringar selskapa står overfor.
- Stille konkrete krav til styra og etablere rutinar for å evaluere styra sitt arbeid.

Eigarmeldinga har to deler med fire hovudpunkt:

**Del I:** 1) Fylkeskommunal eigarpolitikk.
2) Retningsliner for fylkeskommunal eigarutøving.
3) Rutinar for fylkeskommunal eigarutøving.
**Del II:** 4) Omtale av kvar einskild verksemd.

Eigarmeldinga vert oppdatert årleg. Del I vert oppdatert i tråd med fylkestinget sin eigarpolitikk og vil gjelde for det komande meldingsåret. Del II er oppdatert med informasjon frå meldingsåret som selskapa har rapportert om i inneverande år. Viktige hendingar som har skjedd mellom meldingsåret og tidspunktet for utarbeiding av eigarmeldinga, kan òg verte omtala.

I del II er verksemdene organiserte ut frå selskapsform. Under kvar selskapsform er verksemdene organisert ut frå fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen, eller typen verksemd: finansielle mål, næringsutvikling, fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak, fylkesomfattande kulturselskap og arbeidsmarknadsbedrifter.

# 1. Overordna eigarstrategi og eigarpolitikk

## *1.1 Historikk – Bakgrunn for og føremål med fylkeskommunen sin eigarskap*

Føremålet med fylkeskommunen sin eigarskap varierer etter kva type aktivitet verksemda har.

Fylkeskommunen har mellom anna blitt eigar i aksjeselskap

- ved omskiping av fylkeskommunale forvaltningsverksemder. Desse bedriftene har typisk hatt som hovudmål å bygge infrastruktur innan samferdsle og energiforsyning i fylket. Etter kvart som desse bransjane har blitt konkurranseutsette, har selskapa vorte skipa om til aksjeselskap og eigarskapen er motivert ut frå forretningsmessige mål, samt næringsstrategiske og samfunnsmessige mål (t.d. å sikre arbeidsplassar, kompetanse og inntekter av naturressursar i fylket).
- med føremål om å vere ein vesentleg bidragsytar og regional utviklingsaktør ved etablering av nye selskap, mellom anna gjennom å kjøpe aksjar.

Eigarskap har også vore motivert av fellestiltak saman med andre kommunar og fylkeskommunar gjennom interkommunale selskap (IKS) og anna interkommunalt samarbeid basert på avtale.

Fylkeskommunen har hovudsakleg gått inn som opprettar i stiftingar, og bidrege med stiftingskapital, etter invitasjon, der fylkeskommunen meiner dette er føremålstenleg.

## 1.2 Fylkeskommunal eigarskap i dag

Fylkeskommunen får overført eigarskap i ulike selskap m.m. frå Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, og vil frå 01.01.20 ha eigarskap i 39[1] aksjeselskap, 3 interkommunale selskap, 1 gjensidig selskap (KLP) og 1 særlovsselskap (Innovasjon Norge). Nokre av aksjeselskapa er heileigde av fylkeskommunen, som t.d. Bybanen AS og Valen Kraftverk AS. Dei andre aksjeselskapa er eigde anten i lag med andre kommunar eller private, eller ein kombinasjon av dette.

Fylkeskommunen er med i nokre interkommunale samarbeid og er opprettar av fleire stiftingar. I tillegg har fylkeskommunen ansvar for å peike ut styremedlemer til ein del stiftingar.

**Fylkeskommunen sin eigarskap skal oppfylle eitt eller fleire av fylgjande føremål:**

1. Finansielle mål:
    - Sikre at investert kapital oppnår god avkastning som samsvarar med den risikoen fylkeskommunen tek ved å ha eigardelar i selskapet.

2. Næringsutvikling:
    - Delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket, som til dømes Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS.
    - Delta i investeringsselskap som går inn som eigar for å utvikle nye selskap, som til dømes Fjord Invest Såkorn AS.
    - Delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører/får kompetanse.

3. Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak:
    - Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordeler i tenesteproduksjonen, som til dømes Kommunekraft AS.
    - Delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper.

4. Fylkesomfattande kulturselskap
    - Delta i selskap saman med til dømes kommunar for å sikre drift av fylkesomfattande kulturinstitusjonar, som til dømes Det Vestnorske Teateret LL.

## 1.3 Kriterium for å gå inn – og bli sitjande – som eigar i selskap og opprettar av stiftingar

Fylkeskommunen bør ha ei positiv tilnærming til å delta i nye prosjekt, så lenge eitt eller fleire av kriteria som går fram av punkt 1.2 Fylkeskommunal eigarskap i dag, er oppfylte. I tillegg skal det gjennomførast ei normal risiko- og kostnad-/nyttevurdering for aktuelle aksjekjøp.

I vurderinga av om ein skal gå inn i eit selskap, må fylkeskommunen vurdere om det er aktuelt å stille konkrete klimakrav til selskapet; til dømes krevje at selskapet har retningsliner, prinsipp, prosedyrar og standardar for korleis verksemda tek omsyn til det ytre miljø ut frå verksemda sin eigenart, marknaden selskapet opererer i og kva miljøteknologi som er tilgjengeleg. Slike krav må vurderast konkret i det enkelte tilfellet. Storleiken på eigardelen fylkeskommunen planlegg å erverve vil spele inn i vurderinga av kva krav som kan stillast. Sjå elles punkt 1.8 om forventningar til selskapa sitt samfunnsansvar.

Ved den årlege oppdateringa av eigarmeldinga vert det vurdert om enkeltengasjement framleis tenar fylkeskommunale mål for eigarskap[2]. Vurderinga kan munne ut i ei tilråding om å avvikle eigarskapen. Det skal i tilfelle opprettast dialog med andre eigarar av selskapet og selskapsleiinga om dette. Vurderinga som vert gjort kvart år tek utgangspunkt i punkta som er lista opp i punkt 1.6 Vurderingar ved avvikling av engasjement.

Sjå nærare om mynde til å opprette stiftingar, kjøpe/selje aksjar/medlemskap og til å seie opp medlemskap i selskap i kapittel 3. Rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging.

[1] Inkludert Campus Førde Verftet AS, som vert omtalt i Eigarskapsmelding 2020.
[2] Året 2019 er det første året det vert utarbeidd eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune. Av omsyn til at størsteparten av ressursane i samanslåingsfylka har vore brukt på arbeid med regionreforma, er det ikkje gjennomført nokon systematisk gjennomgang av kvart enkelt selskap med tanke på avvikling av eigarskap.

## 1.4 Val av selskapsform

Det er viktig at selskapsform passar verksemda sitt føremål, behovet for eigarstyring, marknadsmessige tilhøve og konkurranseregelverket.

Skal selskapet ta risiko og operere i ein marknad, bør ein søke å avgrense ansvaret til fylkeskommunen som eigar. Der selskapet skal yte tenester til eigarane i eigenregi, kan både interkommunale selskap og kommunale føretak vere føremålstenlege selskapsformer. Stiftingar er ikkje å anbefale dersom verksemda krev eigarstyring.

## 1.5 Exit-strategi

Dersom fylkeskommunen går inn som eigar i ei verksemd, bør fylkeskommunen ta stilling til om det på same tidspunkt er føremålstenleg å lage ein exit-strategi for selskapet. Ein slik strategi skal gje føringar for når fylkeskommunen skal selje seg ut av den aktuelle verksemda. Føringane kan til dømes bli gjevne i form av ein konkret tidshorisont for eigarskapen. Eit anna døme vil vere å konkretisere føresetnader knytt til det aktuelle selskapet som må realisere seg/ikkje realisere seg, for at fylkeskommunen skal selje seg ut som eigar.

Behovet for, og sjølve innhaldet i ein slik strategi må avgjerast etter ei konkret vurdering av selskapet og dei føresetnadane som ligg til grunn for at fylkeskommunen går inn som eigar.

Målet med ein slik strategi er at fylkeskommunen aktivt skal kunne vurdere sin eigarskap i selskapet opp mot strategien. På den måten vert vurderinga om fortsett eigarskap enklare og meir føreseieleg både for fylkeskommunen og for selskapet.

## 1.6 Vurderingar ved vurdert avvikling av engasjement

I eigarmeldinga del II vert det vurdert[2] om enkeltengasjement i selskap bør avviklast, jf. punkt 1.3 og punkt 1.2 ovanfor.

<u>Fylkeskommunen bør til dømes vurdere å gå ut dersom</u>

- dei opphavlege føresetnadane ikkje lenger er til stades. Jo færre av kriteria i punkt 1.2 som framleis vert oppfylt, desto sterkare kan det tale for avvikling av eigarskapen
- eit tiltak har utvikla seg så positivt at det er "sjølvgåande" utan fylkeskommunal eigarskap, slik at andre med fordel kan overta eigarskap og ansvar
- kriseramma selskap ikkje lenger har ei framtid
- selskapet opptrer i strid med selskapet sitt føremål
- selskapet opptrer i strid med selskapet sitt samfunnsansvar, og/eller opptrer på ein måte som ikkje er i samsvar med fylkeskommunen sine verdiar
- føresetnader i ein exit-strategi har realisert seg
- det er sannsynleg at andre eigarar er betre eigna til å utvikle selskapet vidare
- selskapet har gjort seg skuldig i straffbare handlingar, til dømes miljøkriminalitet, korrupsjon, brot på menneskerettar eller arbeidstakarrettar

## 1.7 Styringsgrep – eigarstrategi og selskapsstrategi

### 1.7.1 Eigarstrategi for det enkelte selskap

I tillegg til å ha ein generell eigarskapspolitikk, er det føremålstenleg at fylkestinget utviklar klare eigarstrategiar for kvart enkelt selskap, slik at selskapa kan utvikle seg slik fylkestinget meiner er riktig, innanfor rammene som føremålet med eigarskapen set. Dette må vurderast konkret for kvart selskap. Eigarstrategien må vere i samsvar med føremålet til verksemda. Omfanget av ein slik eigarstrategi er også avhengig av mellom anna selskapet si verksemd, behov for eigarstyring, marknadsmessige tilhøve og konkurranseregelverket.

Eigarstrategi og selskapsstrategi for eit selskap vil tene som grunnlag for ein etterfølgjande selskapskontroll.

**Utbytepolitikk**
Utbytepolitikk er ein del av eigarpolitikken fylkestinget har overfor nokre aksjeselskap.

Eigar har ansvar for forsvarleg kapital i selskapet, og dette må påverke utbytepolitikken til fylkeskommunen. Det er viktig at eigar vurderer om føremålet til selskapet vil kunne realiserast dersom ein tek ut utbyte frå eit selskap. Som regel vil selskapet si leiing ha uttala seg om dette. Denne uttalen bør vere utgangspunktet og rettesnora for vurderinga av om det skal takast ut utbyte.

### 1.7.2 Selskapsstrategi

Fylkestinget stiller krav til at selskapet si verksemd tydeleg går fram av vedtektene/selskapsavtalen. Innanfor rammene av vedtektene/selskapsavtalen bør selskapet ha klare mål og strategiar. Krav til selskapsstrategi gjeld i dei tilfella dette er føremålstenleg ut frå verksemda til selskapet, og omfanget vil kunne variere.

## *1.8 Samfunnsansvar, miljø, etikk og rettslege krav*

### 1.8.1 Samfunnsansvar, miljø og etikk hjå selskapa

Fylkestinget som eigar er oppteken av at selskapa tek samfunnsansvar og driv verksemda si i tråd med kva som er etisk forsvarleg.

Samfunnsansvar handlar om korleis verdiar vert skapte. Det handlar om korleis selskapa påverkar menneske, miljø og samfunn. Ansvarlege selskap tek omsyn til dette.

Fylkestinget har både generelle og meir spesifikke forventningar til selskapa når det gjeld samfunnsansvar. Dei spesifikke forventningane er knytt til fire tematiske kjerneområde: klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og antikorrupsjon.

Utgangspunktet til fylkestinget er at det er leiinga i selskapet som best kan vurdere korleis slike forventningar bør følgjast opp. Fylkestinget meiner at auka merksemd frå styret vil bidra til å betre måten selskapet arbeider med samfunnsansvar på.

<u>Fylkeskommunen forventar at selskapa – i naudsynt grad – synleggjer samfunnsansvar, miljø og etikk gjennom at selskapa</u>

- vert drivne slik at dei i det store og heile gjev eit positivt bidrag til samfunnet
- stiller seg opne til alle som har legitime interesser knytt til verksemda
- sameinar økonomi og etikk i alle delar og ledd av verksemda
- medverkar til ei utvikling som tener eit berekraftig miljø og langsiktige utviklingsinteresser
- opptrer ansvarleg og langsiktig i omstillingsprosessar der ein skal ta omsyn til sårbare lokalsamfunn
- har høgt ambisjonsnivå for satsing på forsking og utvikling
- arbeider systematisk og trygt med helse, miljø og tryggleik
- legg ILO[3] sine åtte kjernekonvensjonar til grunn for si verksemd
- arbeider aktivt for likestilling i verksemda og i styret
- har ei medviten haldning til rekruttering av personar med minoritetsbakgrunn
- arbeider aktivt med rekruttering ved å ta inn lærlingar
- rapporterer om sitt arbeid med samfunnsansvar, med vekt på vesentlege utfordringar, mål og indikatorar for måloppnåing, (i hovudsak) gjennom årsrapporteringa

Fylkeskommunen forventar at selskapa gjer det klårt kva som er selskapet sitt verdigrunnlag, og i samsvar med dette utarbeider retningsliner for sitt arbeid med samfunnsansvar. Fylkeskommunen forventar at retningslinene er offentleg tilgjengelege og at selskapa integrerer arbeidet med klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og arbeid mot korrupsjon i desse.

<u>Retningslinene bør mellom anna omhandle</u>

- nøkternt nivå på honorar/godtgjersle, gåver, reiser og liknande til styremedlemer med fleire. Nivået på honoraret skal henge saman med den reelle personlege risikoen kvar einskild har knytt til si rolle i selskapet, og kompetansen den det gjeld tilfører selskapet

[3] Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO) er FNs organisasjon for arbeidslivet

- interessekonfliktar
- forholdet til kundar, leverandørar og konkurrentar
- forholdet til medarbeidarane
- rutinar for varsling og reaksjonar/oppfylging av brot på retningslinene
- ansvar for menneske, samfunn og miljø som vert påverka av verksemda

Knytt til dei fire tematiske kjerneområda forventar fylkeskommunen at selskapa

*Klima og miljø*

- etterlever nasjonale og internasjonale miljøkrav
- gjennomfører grep for å redusere negativ miljøpåverknad
- har kompetanse til å gjennomføre naudsynte endringar i rammevilkår – som følgje av klimaendringar, og nasjonale og internasjonale klimatiltak – slik at verdiane i selskapet vert tekne vare på ved omstillingsbehov

*Menneskerettar*

- respekterer og førebygger brot på menneskerettar i eiga verksemd, og følgjer opp dette overfor sine leverandørar og forretningspartnarar

*Arbeidstakarrettar*

- respekterer og bidreg til eit forsvarleg arbeidsliv der grunnleggande arbeidsstandardar og -rettar vert tekne vare på, og at arbeidstakarane blir gjeve ei løn dei kan leve av
- legg til grunn dei åtte kjernekonvensjonane til ILO som ein minimumsstandard for si verksemd, samt at desse vert følgde opp i verdikjeda
- opptrer ansvarleg i omstillingsprosessar og gjennomfører desse i dialog med tilsette og lokalsamfunn

*Openheit kring økonomiske transaksjonar og arbeid mot korrupsjon*

- utviser størst mogleg grad av openheit knytt til pengestraumar, også skatt
- har retningsliner, system og tiltak for å hindre korrupsjon, og for å handtere moglege lovbrot eller tvilstilfelle som måtte avdekkast på dette feltet

Oppfølginga av selskapa sitt arbeid med samfunnsansvar skjer gjennom eigardialog mellom eigar og leiinga i selskapa. Eigar forventar at selskapa rapporterer på viktige saker som gjeld verksemda og saker som gjeld samfunnsansvar.

### 1.8.2 Samfunnsansvar og etikk hjå fylkeskommunen og fylkeskommunen sine utsendingar

Fylkestinget vedtok i sak 10/2019 dokumentet Folkevalde i Vestland – rettar og plikter, med eit eige kapittel om etiske retningsliner. Retningslinene ligg på fylkeskommunen sine nettsider[4]. Dei etiske retningslinene gjeld i alle situasjonar der ein som folkevald opptrer på vegner av fylkeskommunen, også når ein opptrer som eigarrepresentant for fylkeskommunen.

Når ein person er utpeikt av fylkeskommunen til å sitte i eit styre, er det selskapet sine etiske retningsliner som gjeld for utøvinga av styrevervet. Sjå også kapittel 2.5.1 Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemane si uavhengige stilling og kapittel 2.4.1 Krav til fylkeskommunen sin eigarrepresentant, samt kapittel 3. Rutinar.

### 1.8.3 Rettslege rammer for ulike verksemder

Fylkestinget legg til grunn at alle verksemder fylkeskommunen har eigarskap i til ei kvar tid følgjer dei lover og reglar som gjeld for selskapet og verksemda selskapet driv. Fylkestinget har særleg forventning om at leiinga i selskapet syter for ein forsvarleg eigenkapital og økonomiforvaltning, samt at selskapet legg til rette for at aksjeeigarar kan utøve sine rettar på ein god måte.

[4] https://www.vlfk.no/etiske-retningsliner-og-etikkutval/

**Forsvarleg eigenkapital**
Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa selskapets mål, strategi og risikoprofil. For aksjeselskap legg fylkestinget til grunn at kravet om forsvarleg eigenkapital og likviditet vert etterlevd. Dersom det er grunn til å tru at eigenkapitalen er lågare enn forsvarleg ut frå risikoen ved- og omfanget av verksemda, forventar fylkestinget at styret innan rimeleg tid kallar inn generalforsamlinga for å gjere greie for den økonomiske stillinga til selskapet og adekvate tiltak for å betre den.

**Om fullmakt til å dele ut utbyte**
Frå 1. juli 2013 vart det opna for at generalforsamlinga kan gje styret fullmakt til å dele ut utbyte. Fylkestinget meiner at forslag om slik fullmakt bør grunngjevast særskilt.

Verken generalforsamlinga, styret eller dagleg leiing i eit aksjeselskap kan ta avgjerd om å gje ein eller nokre aksjeeigarar ein urimeleg fordel som andre aksjeeigarar eller selskapet må bere kostnaden for.

**Eigarutøving på representantskapsmøte, føretaksmøte og generalforsamling m.m.**
Utgangspunktet er at eigarar utøver sin eigarskap gjennom eigarorganet til selskapet.

Styret bør legge til rette for at flest mogleg aksjeeigarar kan utøve sine rettar ved å delta i generalforsamlinga i selskapet ved mellom anna å sørgje for at

- innkalling og saksdokument til generalforsamlinga, inkludert valkomiteen si innstilling, blir gjort tilgjengelege innanfor fristar i mellom anna aksjelova og lov om interkommunale selskap (IKS-lova), eller innanfor dei fristar som er fastsette i vedtektene til selskapet
- saksdokumenta gjev aksjeeigarane reell moglegheit til å ta stilling til alle saker som skal handsamast
- styret, valkomiteen og revisor er til stades i generalforsamling
- møtet vert riktig protokollert og at eigarane får tilgang til protokollen i etterkant av generalforsamlinga

**Fylkestinget forventar at verksemder sender innkalling til generalforsamling, representantskapsmøte og føretaksmøte til fylkeskommunen sin eigarrepresentant[5] og til fylkeskommunen sitt postmottak[6].**

## *1.9 Eigarutøving for meldingsåret og etterfølgjande år*

### 1.9.1 Generell politikkendring

Fylkeskommunen vil i nokre tilfelle kunne endre eigarpolitikk. Dette kan skje som eit resultat av vedtak i fylkestinget, lovendringar, eller tilråding etter selskapskontroll i fylkeskommunalt eigde selskap. Slike endringar skal takast inn i etterfølgjande eigarskapsmelding.

I dei tilfella fylkeskommunen stiller særskilde forventningar til eit selskap eller fylkestinget ber om særskilt utgreiing av eit selskap, skal dette skje i eit eige vedtakspunkt i vedtaket til det politiske organet.

### 1.9.2 Enkeltsaker sidan førre eigarskapsmelding[7]

[5] Fylkesordføraren er fylkeskommunen sin eigarrepresentant.
[6] Kontaktinformasjon er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider
[7] Etter kvart som Vestland fylkeskommune gjer vedtak som gjeld eigarskapsutøvinga eller vedtek særskilte forventningar eller ber om utgreiingar om enkelte selskap, vert ei kort oppsummering av saka framstilt her.

# 2. Rammer for oppfølging av eigarskapen − reglar og fylkeskommunale retningsliner

## *2.1 Interessekonflikt mellom eigarinteresser, selskapsinteresser og forvaltningsoppgåver – nokre problemstillingar*

Fylkeskommunen opptrer både som offentleg organ som utfører forvaltningsoppgåver, og som privat eigar med eigarinteresser. Denne rolleblandinga kan føre til spørsmål om interessekonflikt.

For det første kan private eigarinteresser i ulike selskap skape interessekonflikt når fylkeskommunen skal fatte avgjerd i enkeltsaker. Omsynet til at forvaltninga av ressursar skal gagne samfunnet og dei som bur i fylket, kan t.d. verte utfordra av eigarinteressene til fylkeskommunen. Her vil folkevalde og tilsette kunne oppleve lojalitetskonflikt ved utøvinga av dei ulike rollene.

For det andre kan den enkelte folkevalde eller tilsette i fylkeskommunen ha styreverv i eit selskap som fylkeskommunen har eigarskap i og/eller utøver forvaltningsmynde overfor. Dette kan skape interessekonfliktar når den folkevalde/tilsette skal vere med å legge til rette for- eller fatte ei avgjerd. Utfordringa er at eit styreverv er personleg og skil seg frå rolla som folkevald/tilsett i offentleg organ. Det er i slike tilfelle viktig å ha ei medviten haldning til sine ulike roller og kva omsyn ein kan legge vekt på i dei ulike rollene. Vurderinga må gjerast for å hindre at det oppstår tvil knytt til om ei fylkeskommunal forvaltningsavgjerd er fatta på sakleg grunnlag.

**Forbod mot å leggje vekt på usaklege omsyn i forvaltningsavgjerder**
Fylkeskommunal forvaltning må bygge på omsyn som er saklege og relevante i kvar enkelt sak[8]. Ein offentleg tenestemann- eller kvinne skal skilje mellom fellesinteresser og private interesser ved handsaming av forvaltningssaker[9]. Ein folkevald kan ikkje legge til grunn omsyn som spring ut frå private interesser, anten dette gjeld styrearbeid i eit selskap eller anna[10]. Dette vil vere å rekne som usaklege og/eller utanforliggande omsyn.

### 2.1.1 Døme på tilfelle der interessekonflikt kan oppstå

<u>Fylkeskommunen sin eigarskap kan føre til utfordringar i utøvinga av forvaltningsmynde og folkestyre til dømes ved</u>

- utforming av konsesjonsvilkår innan transport og energisektoren
- utøving av fylkeskommunalt reguleringsmynde på andre konkurranseutsette område, i tilfelle fylkeskommunen har eigarskap i selskap som driv verksemd innanfor dette området
- tildeling av konsesjonar innanfor sektorar der fylkeskommunen også utøver næringsverksemd
- anbodskonkurransar
- at fylkeskommunen gjer seg stadig meir økonomisk avhengig av inntekter frå slike selskap

## *2.2 Reglar om habilitet – folkevalde i ulike roller*

### 2.2.1 Generelt

Fylkestinget si oppfatning er at både rolleforståing og habilitet må handterast på ein måte som bidreg til å skape tillit til at fylkeskommunen, som forvaltningsorgan, tek saklege avgjerder. Spørsmålet kan kome på spissen i saker som gjeld fylkeskommunen sin eigarskap, eller i saker der ein tilsett eller folkevald har ei rolle i selskap som er part i ei forvaltningssak.

Målet med habilitetsreglane er å sikre at forvaltningsavgjerder vert tekne av habile og upartiske personar. Ved bruk av reglane overfor ein folkevald er det viktig å gjere presise habilitetsvurderingar, slik at folkevalde ikkje vert avskorne frå retten og plikta til å delta i saker i større grad enn lovgjevar har tenkt.

For best mogleg oversyn over dei folkevalde sine ulike roller, er det viktig at alle registrerer sine verv i styrevervregisteret. Dette vert gjort på <u>www.styrevervregisteret.no/</u>.

---

[8] Jf. den ulovfesta læra om myndemisbruk..
[9] Eckhoff/Smith, Forvaltningsrett, 8. utgåve, s. 187.
[10] Eckhoff/Smith, Forvaltningsrett, 8. utgåve, s. 371.

Habilitetsspørsmålet er relevant allereie på tidspunktet for utpeiking av styremedlem, sjå punkt 2.5.2 Retningsliner for fylkeskommunen si utpeiking av styremedlemer.

For folkevalde gjeld reglane om habilitet i forvaltningslova kapittel to og særreglane i kommunelova § 11-10.

For praktisk informasjon om korleis ein som folkevald skal gå fram for å få habiliteten sin vurdert, sjå Reglement for folkevalde organ og delegering[11] s. 31. Spørsmål om habilitet skal sendast til politisk@vlfk.no i god tid før møtet. Medlemen bør utdjupe bakgrunnen for førespurnaden i den grad det er naudsynt for å kunne gjere ei rettsleg vurdering, og t.d. opplyse om han er part i saka, er styremedlem eller varamedlem i eit selskap som er part i saka, eller andre særeigne forhold som kan vere eigna til å svekke tilliten til at medlemen vil opptre upartisk i saka.

Det er opp til det politiske organet sjølv å avgjere spørsmål om habilitet jf. forvaltningslova § 8 andre ledd.

Ved handsaming av eigarskapsmeldinga i fylkesutvalet og fylkestinget kan organet t.d. først handsame den generelle delen for seg, og deretter stemme over eigarskapsspørsmål for kvart enkelt selskap, slik at folkevalde som er ugilde ovanfor eitt selskap, har høve til å ta del i avgjerder som rettar seg mot andre selskap.

### 2.2.2 Reglane om habilitet

**Habilitetsreglane i forvaltningslova**
Ein offentleg tenestemann/-kvinne er ugild til å legge til rette grunnlaget for, eller til å treffe avgjerd i ei forvaltningssak dersom eitt eller fleire av vilkåra i forvaltningslova (fvl.) § 6 er oppfylte.

Omgrepet avgjerd skal forståast vidt, og gjelde alle typar forvaltningsverksemd, også privatrettslege avgjerder i til dømes eigarskapssaker. Utanfor fell derfor reine orienteringssaker som ikkje skal munne ut i ei avgjerd.

Automatisk inhabilitet føreligg når ein offentleg tenestemann/folkevald

- sjølv er part i saka
- er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande line eller i sideline så som søsken
- er gift med eller forlova med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til ein part
- er verje eller fullmektig for ein part i saka eller har vore det før saka byrja
- er **leiar eller har leiande stilling** i, eller er **medlem av styret** eller bedriftsforsamling for anten eit **samvirkeføretak, foreining, sparebank** eller **stifting** som er part i saka, eller eit **selskap som er part i saka**. For sistnemnde (selskap) gjeld det likevel ikkje for ein person som utfører tenester eller arbeid for selskap som er fullt ut offentleg eigd og dette selskapet, åleine eller saman med andre tilsvarande selskap eller det offentlege, fullt ut eig selskapet som er part i saka

Etter siste punkt over vil ein offentleg tenestemann/folkevald t.d. vere automatisk inhabil til å førebu eller ta avgjerd i ei sak, når fylkestingmedlemen er medlem av styret i eit selskap som er part i saka.

At personen vert automatisk inhabil i desse situasjonane, betyr at ein ikkje gjer noko vurdering av situasjonen elles, t.d. om vedkomande har personlege føremoner i vervet.

Eit selskap er som regel part i saka når ei avgjerd er «rettet mot eller ellers direkte gjelder» selskapet, jamfør fvl. § 2 første avsnitt bokstav e.

Regelen gjer seg ikkje gjeldande for valde utsendingar til eigarorgana i selskapa, her generalforsamling, representantskap og føretaksmøte, og omfattar heller ikkje medlemer av andre organ i selskapa enn styre og bedriftsforsamlingar (krav knytt til større aksjeselskap).

Inhabilitet etter ei konkret vurdering for andre situasjonar

[11] https://www.vlfk.no/wp-content/uploads/sites/17/2019/11/Reglement-for-folkevalde-organ-og-delegering.pdf

Det følgjer av andre avsnitt i fvl. § 6 at "andre særegne forhold … som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet", som til dømes personlege føremoner eller ulemper for den folkevalde eller nærståande, kan føre til inhabilitet.

Ein vil ikkje utan vidare kunne nytte fvl. § 6 andre avsnitt til å fastslå ugildskap for tilfelle der lovgjevinga direkte har fastsett at reglar om automatisk ugildskap ikkje skal gjelde. I slike tilfelle må det krevjast noko «særlig» i tillegg.

Eit selskap som ikkje direkte er part i ei sak som er til handsaming i folkevalt organ, kan likevel kunne få fordelar eller ulemper av saksutfallet. Ein folkevald som er leiar eller styremedlem i selskapet vil i slike tilfelle ikkje automatisk bli ugild etter fvl. § 6 første avsnitt bokstav e, men kan bli det etter ei konkret vurdering etter fvl. § 6 andre avsnitt dersom det føreligg særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til at han opptrer upartisk i saka. Fylkestinget vurderer det slik at den folkevalde må kunne vere med å diskutere og ta avgjerder i alminnelege politiske spørsmål, sjølv om det er saker som kan påverke verksemda sitt interessefelt.

Spørsmålet kan kome på spissen i t.d. konsesjonssaker.

**Habilitetsreglane i kommunelova**
Medlemer av eit fylkeskommunalt folkevalt organ har rett til og pliktar å delta i organet sine møte om dei ikkje har gyldig forfall, jf. kommunelova (koml.) § 8-1.

Inhabilitet kan føre til at denne retten og plikta må vike, og kommunelova har reglar om inhabilitet for folkevalte som kjem i tillegg til reglane i forvaltningslova.

Etter koml. § 11-10 er ein folkevalt som har vore med på å førebu eller treffe vedtak i ei sak som tilsett i fylkeskommunen, inhabil til seinare å handsame saka i eit folkevalt organ. Regelen gjeld ikkje ved handsaming av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, regional planstrategi og regional plan. Regelen gjeld heller ikkje ved val av personar til offentlege tillitsverv, eller ved fastsetting av godtgjersle og liknande for slike verv.

Sameleis er ein folkevald inhabil når ein klageinstans skal handsame ei klage etter fvl. § 28, som vedkomande har vore med på å førebu eller treffe vedtak om før (i førsteinstansen).

Ein folkevald kan, uavhengig av habilitetsspørsmål, søke om å bli friteken frå å delta i handsaminga av ei sak, dersom personlege grunnar tilseier fritak, jf. koml. § 11-11. Det er organet sjølv som tek stilling til spørsmålet.

**Nærare om habilitet i anbodssaker**
Fylkestinget er av den oppfatning at styremedlemer vil vere inhabile i all handsaming frå og med utarbeiding av anbodsgrunnlag og fram til endeleg avgjerd om kven som får tildelt kontrakt. Dette gjeld styremedlemer i selskap som driv si verksemd innanfor den marknaden anbodet gjeld. Årsaka til dette er at ein ved utforming av anbodsgrunnlaget mellom anna fastset tekniske spesifikasjonar på materiell. Deltek til dømes styremedlemer i selskap innanfor sektoren i arbeidet, eller er med på å godkjenne anbodsgrunnlaget i konkurransen, kan dette utløyse grunngjevne skuldingar om at vedkomande har hatt høve til å medverke til gunstige spesifikasjonar for sitt selskap.

Fylkestinget er av den oppfatning at det vil vere urimeleg å la slike medlemer stå utanfor alminnelege politiske drøftingar om fylkeskommunal rutetrafikk.

For meir om vurdering av folkevalde sin habilitet viser fylkestinget til Kommunal- og regionaldepartementet sin rettleiar om temaet (rettleiaren er utarbeidd for kommunelova av 1992)[12].

## 2.3 Reglar om det offentlege sin innsynsrett i eigarskapssaker

Utgangspunktet etter offentleglova (offl.) er at ålmenta skal ha rett til innsyn i forvaltninga sine saksdokument. Innskrenkingar i denne innsynsretten må vere heimla i lov eller forskrift.

I eigarskapssaker handsamar både administrasjonen og kollegiale organ saksdokument som fylkeskommunen har fått i eigenskap av å vere eigar. Slike dokument kan innehalde opplysningar som

[12] http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger_brosjyrer/2011/habilitet-i-kommuner-og-fylkeskommuner.html?id=653489

det *skal* gjerast unntak frå innsyn i. Lovheimel for dette følgjer av reglane i offl. § 13, jamfør fvl. § 13 om teiepliktige opplysningar. I andre tilfelle kan dokument innehalde opplysningar som *kan* unnatakas offentlegheit, mellom anna etter offl. § 23, 1. og 4. avsnitt. Sistnemnde lovheimel er den som vert nytta i dei fleste tilfelle der kollegiale organ får dokument til handsaming som eigar.

Det kan gjerast unnatak frå innsyn for dokument som gjeld selskap der fylkeskommunen har eigarinteresser, og som blir handsama av vedkomande organ som eigar, dersom selskapet ikkje er omfatta av verkeområdet til offentleglova, jf. offl. § 23, 4. avsnitt.

Denne unnataksregelen tek sikte på dokument som til dømes gjeld organiseringa av selskapet, føremål og målsetting for verksemda, økonomiske rammer og budsjett, eller meir konkrete spørsmål om strategi. Slike opplysningar må i alle høve vurderast opp mot reglane om det offentlege si teieplikt om forretningsmessige høve som det vil vere av konkurransemessing tyding å halde hemmeleg etter fvl. § 13.

Unntaket etter offl. § 23, 4. avsnitt kan ikkje nyttast når eigarorganet opptrer som forvaltningsorgan − og ikkje som eigar − overfor selskapet.

Eit notat utarbeidd for fylkeskommunen si eiga saksførebuing, eller frå ekstern konsulent, kan innehalde informasjon om fylkeskommunen sin eigarskap. Slike notat kan i eigenskap av å vere interne og eksterne notat til den interne saksførebuinga verte unnatekne offentlegheit etter offl. §§ 14 og 15.

Endeleg kan dokument som omhandlar fylkeskommunen sin forhandlingsposisjon når det kjem til privatøkonomiske interesser, som ved kjøp eller sal av eigardel, verte vurdert unnatekne offentlegheit etter offl. § 23, 1. avsnitt.

## *2.4 Folkevalde som eigarrepresentant*

### 2.4.1 Kort om eigarorganet i eit selskap

Eigarorganet er det øvste myndet i eit selskap. I aksjeselskap er dette generalforsamlinga, medan det i interkommunale selskap er representantskapet. Eigarorganet har ein alminneleg instruks- og omgjeringsrett overfor styret. Det er såleis gjennom eigarorganet at eigarane har moglegheit til å påverke styringa av selskapet.

Det er opent for at eigarorganet kan ta opp og fatte vedtak i ei kvar sak som gjeld selskapet. For aksjeselskap er det lovbestemt at det skal haldast ordinær generalforsamling kvart år. Generalforsamlinga i eit aksjeselskap vel styret, med mindre selskapet har bedriftsforsamling.

I tillegg til ordinære møte i eigarorganet, kan eigarorganet gjennomføre meir «uformelle» eigarmøte. På slike eigarmøte kan det ikkje gjerast vedtak som bind styret.

### 2.4.2 Utpeiking av fylkeskommunen sine eigarrepresentantar

Fylkestinget har gjennom Reglement for fylkesutvalet[13] punkt 2.1.5 peikt ut kven som skal sendast ut som eigarrepresentant til møte i eigarorgana til selskapa:

> *2.1.5 Oppnemning til generalforsamlingar/årsmøte/styrande organ i selskap, stiftingar o.l.*
> *Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte. Dette gjeld også for aksjeselskap der fylkeskommunen er einaste aksjonær*

Samhandling mellom fylkeskommunen sitt eigarorgan og eigarorganet i selskapet er ikkje regulert utover at eigarutøving skal skje på generalforsamlinga/i representantskapet. Det er difor viktig at retningslinene for kommunikasjon mellom eigarrepresentantane og fylkesutvalet, som har delegert fullmakt som eigarorgan frå fylkestinget, vert følgde i forkant av generalforsamling/representantskapsmøte/føretaksmøte, sjå punkt 3. Rutinar.

[13] I Reglement for folkevalde organ og delegering

Det er også viktig at eigarrepresentanten kjenner til fylkeskommunen sine overordna og spesielle eigarstrategiar, samt føremålet med eigarskapet i det aktuelle selskapet. Det er forventa at eigarrepresentanten utøver si rolle i tråd med dette, og det politiske fleirtal sine føringar. Sjå punkt 3.7 Eigarrepresentanten sitt ansvar overfor fylkeskommunen om rutinar for eigarrepresentanten.

Eigarrepresentanten vil vere bunden av fylkesutvalet sin instruks. Fylkestinget ser det som hensiktsmessig å avgrense storleiken på representantskap og generalforsamlingar til det som er naudsynt og føremålstenleg. I spesielle saker og for enkelte selskap er det tilrådd at ein frå administrasjonen er med eigarutsendinga.

Eigarrepresentanten møter også på dei meir uformelle "eigarmøta". Eventuelt kan ein representant frå administrasjonen møte i tillegg.

## *2.5 Utpeiking av styrerepresentantar*

### 2.5.1 Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemene si uavhengige stilling

Fylkeskommunen har som eigar ansvar for at dei som sit i dei ulike styra har eigenskapar og kompetanse til å styre selskapet på ein god måte i samsvar med selskapet si verksemd, strategi og handlingsplan. På denne måten medverkar fylkeskommunen til at styret som kollegium har god nok breidde og relevant kompetanse for selskapet. Det kan vere aktuelt å velje styremedlemer både med og utan fylkeskommunal forankring.

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Styremedlemen er personleg ansvarleg for å ivareta selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane.

Sjå punkt 3.3 Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap.

### 2.5.2 Prosedyrar for val av styremedlemer

Styra i selskapa vert valde av dei operative eigarorgana, her generalforsamling/representantskap. Eigarane kan påverke valet av styret ved å gje føringar til sine representantar i eigarorganet. Nokre selskap har ein eigen valkomité som førebur val av styre. I nokre selskap skal fylkeskommunen etter nærare avtalar og vedtekter sjølv peike ut ein eller fleire representantar til styra. Elles kan vedtektene ha reglar om utpeiking av styremedlemene.

**Avtalefesta prosedyre for val av styre**
Når fylkeskommunen vurderer å gå inn som ny eigar i aksjeselskap bør fylkeskommunen ta opp spørsmålet om å vedtekts- eller avtalefeste prosedyre for val av styre. Det vil vere ei god løysing at fleire av selskapa etablerer valnemnder som tek seg av arbeidet med å finne kandidatar til styret.

**Styresamansetjing i konsernmodell**
Styret i morselskap bør ikkje sitte i styret til dotterselskap fordi styret i morselskap er generalforsamling i dotterselskap. Dette er viktig for å unngå rolleblanding i konsernforhold. Konserndirektøren kan vere representert i styra i dotterselskapa. Fylkeskommunen er eigar i fleire selskap med konsernmodell og må vere bevisst denne problemstillinga.

**Habilitetsvurdering og politisk representasjon i styra**
Fylkeskommunen bør ved utpeiking av styrerepresentantar vurdere om det kan oppstå ikkje-ynskjelege habilitetskonfliktar for den som vert utpeikt.

Når det er spørsmål om å velje folkevalde eller tilsette i fylkeskommunen til styremedlemer, bør organet som peikar ut medlemer vurdere kor ofte vedkommande kan verte ugild etter dei regler som er lista opp i kapittel 2.2.2 Reglane om habilitet. Dersom ugildskap ofte vil inntreffe, må organet vurdere om dette vil gjere det lite føremålstenleg å velje den aktuelle personen som styrerepresentant. Dette vil typisk gjelde sentrale folkevalde eller tilsette i leiarstillingar. Organet må sjølv vurdere om ulempene ved å velje slike personar som styrerepresentantar er større enn behovet for å ha den aktuelle personen i styret.

### 2.5.3 Reglar om kjønnsbalanse i styra

**Aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar har eigarmajoritet**
Stortinget vedtok våren 2009 krav om representasjon av begge kjønn i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Kravet er lovfesta i kommunelova 2018 § 21-1 som syner til aksjelova § 20-6 som regulerer kjønnsbalansen i statsaksjeselskap. For at eit aksjeselskap skal reknast for å vere eit kommunalt kontrollert aksjeselskap må kommunar og fylkeskommunar til saman eige minst to tredelar av aksjane i selskapet.

Aksjelova § 20-6, 1. avsnitt lyder slik:

«I styret i statsaksjeselskap skal begge kjønn være representert på følgende måte:
1. Har styret to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert.
2. Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.
3. Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.
4. Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.
5. Reglene i nr. 1 til 4 gjelder tilsvarende ved valg av varamedlemmer.»

**Interkommunale selskap**
For interkommunale selskap er det krav om tilnærma 40 % kjønnsrepresentasjon i styra. Dette følgjer av IKS-lova § 10 jamfør aksjelova § 20-6.

**Andre verksemder**
Fylkestinget tilrår at eigarorganet uavhengig av organisasjonsform forsøker å oppnå balansert kjønnsrepresentasjon i styra for å betre utnytte eksisterande kompetanse i regionen.

### 2.5.4 Kort om styret sitt ansvar

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap (IKS) ligg til styret. Dette er heimla i aksjelova og IKS-lova. Det betyr at det overordna myndet og ansvaret for forvaltninga av selskapet ligg til styret. Styret skal også føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Generalforsamlinga i aksjeselskap og representantskapet i eit IKS er selskapet sitt øvste organ, men dei deltek ikkje i den daglege forvaltninga av selskapet.

Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta lojalt i samsvar med føremålet med selskapet. Styret skal altså sørgje for at selskapet realiserer målet som eigarane hadde ved etableringa av selskapet, og i kva lei selskapet skal styrast.

## *2.6 Retningsliner for eigarutøving overfor selskapet*

### 2.6.1 Rammer for eigarutøving

Utgangspunktet i selskapslovgjevinga er at aksjonærar utøver eigarskap gjennom generalforsamlinga. Generalforsamlinga kan treffe vedtak i alle saker som gjeld selskapet, med mindre lova legg mynde til å fatte avgjerd til andre organ (t.d. bedriftsforsamlinga i selskap som har slik).

Som selskapet sitt øvste mynde, kan generalforsamlinga instruere andre selskapsorgan, gjere om deira avgjerder eller direkte treffe vedtak i sakene til andre selskapsorgan med mindre lova eksplisitt tek frå generalforsamlinga dette myndet.

Utøving av mynde skjer altså i generalforsamlinga. Som utgangpunkt må instruksjon av styret eller enkelte styremedlem skje gjennom fleirtalsvedtak i generalforsamlinga. Utover generalforsamlinga er aksjonærar si eigarutøving ikkje eksplisitt lovregulert.

Fylkeskommunen meiner samspelet mellom eigar, styre og leiing i eit selskap er viktig. Dersom desse ikkje er samde om retninga verksemda skal velje, og heller ikkje om kva forventningar partane har til resultat, kan dette stille selskapet i ein uheldig posisjon.

Det er difor naturleg å ha dialog med selskapa også utanfor generalforsamlinga. I punktet nedanfor har fylkeskommunen sett opp eigne retningsliner for korleis eigardialog skal gjennomførast. Retningslinene gjeld både i og utanfor generalforsamlinga. I eigardialogen utanfor generalforsamlinga, vert det særleg stilt krav til at prinsippa bak retningslinene vert følgde.

## 2.6.2 Eigardialogen

Fylkeskommunen oppmodar selskap vi eig til å fastsette retningsliner for kontakt selskapet har med aksjeeigarar utanfor generalforsamlinga, i samsvar med anbefalingane til NUES[14]. Dersom eit styre har vedteke eigne retningsliner for slik kommunikasjon, må fylkeskommunen som eigar ta omsyn til desse ved utøving av eigarrolla.

Eigarutøving skal skje på generalforsamlinga. Fylkeskommunen brukar kvartalsresultat og årsmeldingar, anna offentleg tilgjengeleg informasjon, generalforsamling og eigardialogen for å få relevant informasjon om selskapet. Fylkeskommunen kan utover dette, og innanfor selskapslovgjevinga, ha møte/kontakt med selskapet si leiing og styre som ein del av eigaroppfølginga. I desse møta kan fylkeskommunen, som andre aksjeeigarar, ta opp høve som selskapa bør vurdere i tilknyting til si verksemd og utvikling. Kontakten kan dreie seg om problemstillingar knytt til samfunnsansvar, forventa utbyte, konkrete krav om tiltak for å betre lønsemd, sosiale høve, kompetanse, konkurranse, kapitalbehov og selskapet sine eigne moglegheiter for å hente kapital, m.m. Her vil utgangspunktet naturleg vere måla til eigarane med eigarskapet og forventningar til selskapet. Eigar må vidare kunne følgje opp om leiinga i selskapet handlar i tråd med deira interesser. Eigar kan krevje at selskapet rapporterer på høve som er tekne opp med selskapet og om korleis selskapet vert styrt.

Det kan vere hensiktsmessig at eigar går i dialog med styret for å formulere eit tydeleg eigarmål for eigarskapen i selskapet. Her kan det stillast klare krav til selskapet, ut i frå selskapet sin eigenart, marknad og risiko. Behovet for slik dialog må avgjerast konkret for kvart enkelt selskap.

Fylkestinget legg til grunn at styret har ansvaret for korleis fylkeskommunen sine forventningar best kan følgjast opp. Fylkeskommunen legg til grunn at selskapa rapporterer om vesentlege. Dersom selskapa avvik frå fylkeskommunen sine forventningar, noko det kan vere gode grunnar for å gjere, forventar fylkestinget at selskapa forklarer dette («følg eller forklar»-prinsippet).

Dialog med styret må handterast innanfor dei rammene som følgjer av selskapslovgjevinga, og i tråd med omsynet til likehandsaming av aksjeeigarar.

For selskap der eigarposisjonen til fylkeskommunen er betydeleg, og der situasjonen tilseier det, er det rutine å be om å få tilsendt styreprotokoll. Fylkesrådmannen ber dei selskapa det gjeld innarbeide dette som fast rutine. Dette er likevel ikkje noko fylkeskommunen har heimel til å instruere selskapet til. Det må i så tilfelle skje gjennom eit vedtak i generalforsamlinga.

**Særleg om omsynet til likehandsaming av aksjonærar**

Eigarutøvinga til fylkeskommunen skal utøvast i tråd med prinsippet om likehandsaming av aksjonærar. I selskap der fylkeskommunen er aksjonær saman med andre, bør fylkeskommunen søke å opptre med same rettar og plikter som kvar annan aksjonær. For private aksjonærar har det mykje å seie at fylkeskommunen, som i enkelte selskap er dominerande eigar, ikkje utøver eigarskapen sin slik at andre aksjonærar sine rettar eller økonomiske interesser vert påverka negativt.

Dette prinsippet bør likevel ikkje vere til hinder for at fylkeskommunen, som andre eigarar, kommuniserer sine synspunkt om utviklingsretning for selskapa. Dette er tvert i mot ei viktig eigaroppgåve; å vere ein tydeleg eigar som set selskapet si verdiskaping i fokus.

**Dialog og rapportering om samfunnsansvar, inkludert miljø og klima**

I utgangspunktet skal selskapa rapportere om ikkje-finansielle tema som verksemda sin klima- og miljøpåverknad. Oppfølging av samfunnsansvar bør følgje retningslinene for eigardialog som er lista opp ovanfor. Fylkeskommunen kan i tillegg vurdere å be enkelte selskap rapportere om miljø og klima utover det som følgjer av rekneskapslova på bakgrunn av verksemda sin eigenart og marknaden den operer i. Ei slik rapportering vil måtte ta utgangspunkt i forventningar om mål og strategiar for selskapet. Som eigar må fylkeskommunen kunne gjere kjent sine synspunkt om samfunnsansvaret til selskapet. Fylkeskommunen forventar at ei eventuell rapportering vil følgje «følg, eller forklar»-prinsippet.

Fylkeskommunen er oppteken av at selskapa gjer greie for dei viktigaste tilhøva når det gjeld samfunnsansvar. Dette vil kunne variere ut frå verksemda til selskapet og forventningane til fylkeskommunen på området. Fylkeskommunen meiner det er selskapa som er nærast til å gjere desse vurderingane, men fylkeskommunen kan òg ta opp tilhøve ved behov.

---

[14] https://nues.no/eierstyring-og-selskapsledelse/

# 3. Rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging

For å få eigarutøvinga til å vere effektiv og i tråd med politiske vedtak, er det naudsynt med gode rutinar. Føremålet med rutinane er å sikre god informasjonsflyt og kontakt mellom partane.

## *3.1 Roller og ansvar*

Kommunelova regulerer kva funksjon, rolle og ansvar fylkestinget - som øvste myndet i fylkeskommunen - har.

Kva mynde som er delegert til fylkesutvalet eller andre organ går fram av delegeringsreglementet til fylkeskommunen.

Samhandlinga mellom fylkestinget og oppnemnd eigarorgan er ikkje regulert i selskapslovgjevinga.

## *3.2 Rollefordeling i den fylkeskommunale eigarutøvinga*

### 3.2.1 Rolla til fylkestinget og fylkesutvalet

Fylkesutvalet utøver eigarskapen på vegner av fylkestinget i dei fleste sakene om fylkeskommunal eigarskap, slik det følgjer av Reglement for fylkesutvalet, innleiinga, kulepunkt 4. Fylkesutvalet er såleis eigarorganet til fylkeskommunen, og førebur dei ulike selskapa sine eigarmøte og instruerer samstundes eigarrepresentanten.

**Utpeiking av styremedlemer**
Når det gjeld utpeiking av styremedlemer til selskap, er hovudregelen at dette er fylkestinget si oppgåve, sjå Reglement for fylkestinget punkt 2.4.6 :

> *Fylkestinget gjer mellom anna vedtak i saker om:*
> *[…]*
> *Val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l., jf.. likevel reglement for fylkesutvalet pkt. 2.1.5.*

I Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5 er det presisert at:

> *Fylkesutvalet har mynde til å nemne opp representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l. når avgjerda ikkje kan vente til fylkestinget er samla*,

Det er lagt inn informasjon i Del II for dei selskapa der fylkeskommunen har peikt ut eller innstilt styremedlem.

**Val av eigarrepresentant**

Det går fram av Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5 at fylkesordførar eller fylkesvaraordførar skal møte i eigarorgana til selskapa:

> *2.1.5 Oppnemning til generalforsamlingar/årsmøte/styrande organ i selskap, stiftingar o.l.*
> *Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte. Dette gjeld også for aksjeselskap der fylkeskommunen er einaste aksjonær*

Det følgjer av IKS-lova § 6 og kommunelova 2018 § 19-3 at myndet til å velje representantar til representantskap i interkommunale selskap og kommunale oppgåvefellesskap uansett må ligge til fylkestinget.

**Kjøp og sal av eigarpost i selskap m.m.**
Fylkesutvalet tek avgjerd i saker om sal og kjøp av aksjar innanfor ei ramme på 2 mill. kr, jf. Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.1.

### 3.2.2 Fylkesordføraren si rolle

Fylkesordføraren har inga formell lovpålagd rolle i høve eigarskapen til fylkeskommunen, med mindre fylkestinget har gjort særskilde vedtak om obligatoriske oppgåver. Fylkestinget har gjort slikt vedtak gjennom Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5:

> *Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte.*

Når fylkesordføraren deltek på eigarmøte som eigarrepresentant, representerer han eller ho det politiske fleirtal.

Dersom fylkesordføraren sit i styret til eit av selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, er dette eit personleg verv og han eller ho skal utføre dette vervet i samsvar med selskapet sine interesser.

### 3.2.3 Den folkevalde si rolle

Den folkevalde har ei eigarrolle som medlem av fylkestinget. Den enkelte folkevalde har såleis inga eigarrolle som enkeltperson.

### 3.2.4 Fylkesrådmannen si rolle

Fylkesrådmannen har etter kommunelova ansvar for at alle saker som vert fremja til politisk handsaming skal vere forsvarleg greidde ut. Fylkesrådmannen sine utgreiingar er ein naturleg del av avgjerdsgrunnlaget for vedtak i eigarsaker. Fylkesrådmannen følgjer opp at fylkestinget sine uttrykte mål i eigarmeldinga vert realiserte.

Administrasjonen er med eigarrepresentanten i møte i dei største selskapa eller i spesielle situasjonar. Formålet er å sikre gode kommunikasjons- og informasjonsliner.

## *3.3 Opplæring av folkevalde*

**Plan**
Innan seks månader etter fylkestingsvalet skal dei folkevalde få informasjon om selskapa sin status og opplæring i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. Etter to år skal dei få eit oppfriskingsseminar.

**Innhald**
Det er viktig at dei folkevalde har kompetanse knytt til regelverket for eigarstyring og styringsrammer for selskapa. Dei folkevalde må få kunnskap om ulike roller som folkevald, styremedlem og representant i eigarorganet til selskapet. Det er behov for at dei folkevalde er merksame på dei ulike rollene, styringslinene og ansvarsfordelinga mellom dei ulike organa for å kunne utøve best mogleg aktiv eigarskap. Opplæringa vil klargjere korleis eigarkommunikasjon til eigarorganet i selskapet skal skje.

**Kurs for sentrale eigarrepresentantar**
Sentrale eigarrepresentantar vil få tilbod om å delta på KS-kurs i eigarrolla. Dette bør gjelde fylkesordføraren, fylkesvaraordføraren og fylkesrådmannen. Fylkesutvalet må ta stilling til om det er andre utover desse som skal få tilbod om slik opplæring.

**Kort om opplæring av styremedlemer**
Fylkestinget si oppfatning er at kvart enkelt selskap har sjølvstendig ansvar for opplæring av sine styremedlemar i rettslege rammer for selskapet og kunnskap om selskapets føremål, verksemd, vedtekter, organisasjon og historie. Som eigar gjev fylkeskommunen styremedlemene naudsynt selskapsinformasjon i <u>Del II – VERKSEMDSOVERSIKT</u>, mellom anna om dei ulike selskapa sine føremål og fylkeskommunen sine føremål med eigarskapen. Der fylkeskommunen direkte peikar ut medlemer til styret, kan det etter ei nærare vurdering vere føremålstenleg at fylkeskommunen gjennomfører ei eiga innføring eller opplæring for styrerepresentanten.

## *3.4 Rutinar for utøving av fylkeskommunal eigarskap*

**Dialog mellom fylkesutvalet og eigarrepresentanten**

Det er fylkesutvalet som fortløpande utøver eigarrolla på vegner av fylkestinget, jf. Reglement for fylkesutvalet, innleiinga, kulepunkt fire. Fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet vert utøvd gjennom eigarrepresentanten, dvs. fylkesordføraren eller fylkesvaraordføraren. Ved behov drøftar fylkesutvalet eigarskapen til fylkeskommunen i dei ulike selskapa med eigarrepresentanten, og då særleg om den er i samsvar med eigarskapsføremålet, kva forventningar fylkeskommunen har til selskapet og om det er føremålstenleg å halde fram med eigarskapen. Rutinar for dette går fram av punkt 3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring. God eigarskapsstyring er mellom anna å gje klåre signal til eigarrepresentantane om fylkestingets mål og strategi med eigarskapen i det enkelte selskapet.

Eigarrepresentanten skal utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapet, slik desse er kome til uttrykk hjå fleirtalet i fylkesutvalet. For aktiv eigarstyring er det difor viktig med dialog mellom fylkesutvalet og eigarrepresentanten før generalforsamlinga eller møte i representantskapet. Dette er nærare omtala under kapittel 3.7 Eigarrepresentanten sitt ansvar overfor fylkeskommunen.

Ved eigarskapsutøving i aksjeselskap og interkommunale selskap skal fylkesutvalet særleg sikre at representantane i dei operative eigarorgana utøver eigarinteressene til fylkeskommunen i samsvar med føringane til fylkestinget og i selskapslovgivinga.

Ei oversikt over kva forventningar fylkestinget har til dei ulike selskapa går fram av del II i eigarmeldinga. Rutinar for aktiv eigarskap går elles fram av 3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring.

## *3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring*

### 3.5.1 Generelt

Eigarrepresentantane, eller den som møter med fullmakt, drøfter saker om og eigarpolitikken for kvart enkelt selskap med fylkestinget eller fylkesutvalet ved behov. Slike saker skal meldast inn til fylkesordføraren før møtet. Fylkesutvalet kan også be ein eigarrepresentant om å møte i utvalet.

### 3.5.2 Rutinar ved innkalling til møte i eigarorgan

Når eigarrepresentanten har motteke innkalling og sakliste til generalforsamling eller representantskapsmøte i selskapet, har ho eller han høve til å ta opp spesielle saker med fylkesutvalet. Eigarrepresentanten vil då få høve til å drøfte saka med utvalet, for å få styringssignal om eigarutøving for komande generalforsamling/representantskapsmøte.

Eigarrepresentanten møter på generalforsamling/representantskap. Her opptrer eigarrepresentanten i tråd med styringsinstruksane ho eller han har fått av det politiske fleirtalet i fylkesutvalet.

Etter ordinær generalforsamling/representantskapsmøte utarbeider eigarrepresentanten ein skriftleg rapport til fylkesutvalet. Rapporteringsfristen er 31. juli. Rapporten skal omhandle hovudtrekka i årsrekneskapen, årsrapporten og andre viktige saker. Ein mal for denne rapporteringa skal ligge tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider. Malen følgjer også som vedlegg til eigarskapsmeldinga. Eigarrepresentanten skal ved innsending av rapporten legge ved innkalling til generalforsamlinga, årsmelding,[15] årsrekneskap, andre vedlegg til saklista og protokoll frå generalforsamlinga.

Rapportane frå utsendingane tener som grunnlag for den årlege eigarmeldinga del II.

Kvart år vert oppdatert eigarmelding lagt fram for fylkestinget. Her skal tinget ta stilling til om det er særskilde forventningar til dei einskilde selskapa framover. Dersom det er særskilde forventningar til selskapa, vert dette teke inn som eit eige punkt under presentasjonen av selskapet i eigarmeldinga del II. Ved behov tek fylkestinget også stilling til om fylkeskommunen skal vidareføre eigarskapen i dei enkelte selskapa.

---

[15] I 2017 vart rekneskapslova endra slik at plikta til å utarbeide årsmelding ikkje lenger gjeld for små føretak, sjå lov 15. desember 2017 nr. 105 om endringar i rekneskapslova mv. (forenklingar). Dersom det er usikkerheit om fortsett drift, må føretaka opplyse om dette i notane i rekneskapen.

### 3.5.3 Rutinar før møte i eigarorgan i selskapa

Fylkeskommunen oppfordrar årleg alle selskapa ved brev om å varsle både eigarrepresentanten og fylkeskommunen om generalforsamling eller representantskapsmøte i god tid. Møtetidspunktet bør fastsetjast så tidleg som mogleg, medan saksliste og sakspapir kan sendast ut i samsvar med frist fastsett i lov eller vedtekter. I brevet oppmodar fylkeskommunen om at selskapa sender innkalling til generalforsamling, årsrekneskap, årsmelding[16] og seinare protokoll frå møtet både til fylkeskommunen sitt postmottak og til eigarrepresentanten. Selskapa får tilsendt kontaktinformasjon til fylkeskommunen og eigarrepresentanten.

Fylkesordføraren har mynde til å gje andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte, jf. Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5.

## *3.6 Styremedlemen sitt ansvar overfor fylkeskommunen*

Det er ynskjeleg å sikre god kommunikasjon mellom eigar og selskapet. Fylkestinget oppmodar difor styremedlem om å syte for at styresaker som er av ein slik karakter at dei bør løftast opp til eigar, vert løfta opp til eigarorganet.

## *3.7 Eigarrepresentanten sitt ansvar overfor fylkeskommunen*

Eigarrepresentanten er den som opptrer på fylkeskommunen sine vegner overfor selskapet.
Det er eigarrepresentanten si oppgåve å utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapa.
Eigarstyringa skal gje uttrykk for fleirtalet i fylkestinget.

Eigarrepresentanten deltek i møte med fylkesutvalet, som fylkeskommunalt eigarorgan, når det er behov for det. Eigarrepresentanten rapporterer attende til fylkeskommunen etter generalforsamling/representantskapsmøte.

Fylkestinget ser det som føremålstenleg at eigarrepresentanten i det enkelte selskap ber om instruks frå fylkesutvalet i forkant av ordinært eigarmøte når dette er naturleg.

Denne rutinen skal gjennomførast for selskap der fylkeskommunen sin eigardel er minst 100 000 kr og dette utgjer minst 15 % av eigarskapen i selskapet, eller for selskap med lågare eigardel når det er viktig av strategiske omsyn.

## *3.8 Tilsyn og kontroll med fylkeskommunen sine interesser i selskapet*

Kontrollutvalet pliktar å sjå til at det vert gjennomført kontroll med forvaltninga av fylkeskommunen sine eigarinteresser, og med om eigarinteressene vert utøvde i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader. Dette følgjer m.a. av kommunelova 2018 kapittel 23 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Ifølgje kommunelova § 23-4 inneber eigarskapskontroll å kontrollere om:

> *den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.*

Minst éin gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at fylkestinget er konstituert, skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planen skal baserast på «en risiko- og vesentlighetsvurdering» av fylkeskommunen sin eigarskap, jf. § 23-4 andre ledd andre punktum. Føremålet med vurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll. Planen skal vedtakast av fylkestinget, men sistnemnde kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

I sak PS 3/2019 vedtok fylkestinget Reglement for kontrollutvalet. Av punkt 2 i reglementet følgjer det m.a. at kontrollutvalet skal:

[16] I 2017 vart rekneskapslova endra slik at plikta til å utarbeide årsmelding ikkje lenger gjeld for små føretak, sjå lov 15. desember 2017 nr. 105 om endringar i rekneskapslova mv. (forenklingar). Dersom det er usikkerheit om fortsett drift, må føretaka opplyse om dette i notane i rekneskapen.

- *påsjå at det vert utført forvaltningsrevisjon av fylkeskommunen si verksemd, og av selskap fylkeskommunen har eigarinteresser i, herunder utarbeide plan innan første heile år av valperioden som viser område der det bør gjennomførast forvaltningsrevisjon.*
- *påsjå at det vert ført kontroll med forvaltninga av fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll), herunder utarbeide plan innan første heile år av valperioden som viser område der det bør gjennomførast eigarskapskontrollar.*

Kontrollutvalet rapporterer direkte til fylkestinget, og innstiller m.a. i desse sakene:

- *plan for forvaltningsrevisjon*
- *plan for eigarskapskontroll*
- *forvaltningsrevisjonsrapporter*
- *rapportar innan eigarskapskontroll*

# Del II – VERKSEMDSOVERSIKT

# 4. Generelt om del II

Meldinga er skriven for det meste med grunnlag i verksemdene sine årsrekneskap og årsmeldingar frå 2018, protokollar og utsendingane sine rapportar frå generalforsamling/ representantskapsmøte i 2018, selskapsavtalar og vedtekter.

Meldinga omhandlar alle dei selskapa fylkeskommunen har eigarskap i. I tillegg kjem ein kort omtale om fylkeskommunen som selskapsmedlem i Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

Verksemdene er først delt inn i type selskapsform: interkommunale selskap, aksjeselskap inkl. særlovselskap, interkommunale samarbeid, gjensidige selskap og stiftingar.

Aksjeselskapa er lista opp etter type verksemd:

- Finansielle mål
- Næringsutvikling
- Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak
- Fylkesomfattande kulturselskap
- Arbeidsmarknad

## *4.1 Definisjon av nøkkeltal*

I vurderinga av selskapet sin økonomiske utvikling har vi brukt fire nøkkeltal som seier noko om utvikling i a) lønsemd, b) evne til å betene langsiktig gjeld, c) likviditet og d) soliditet.

Nedanfor følgjer definisjonen av nøkkeltala:

*a) Totalrentabilitet*: (resultat før skatt + finanskostnader) / gjennomsnittleg totalkapital
Totalrentabiliteten syner avkastninga på totalkapitalen (lønsemda) i det enkelte selskap i det enkelte år. Kravet til avkastning bør reflektere normal forretningsmessig risiko. Avkastningskravet varierer mellom anna ut frå type bransje.

*b) Sjølvfinansiering i % av langsiktig gjeld:* (resultat før skatt + avskrivingar) / langsiktig gjeld
Sjølvfinansieringsgraden viser selskapet si evne til å betene langsiktig gjeld gjennom eigeninntening. Eit absolutt minstekrav er at sjølvfinansieringsevna dekker avdrag på lån. Kravet vil avhenge av bransje, anleggs- og kapitalstruktur.

c) *Arbeidskapital i % av driftsinntekter:* (omløpsmidlar – kortsiktig gjeld) / driftsinntekter
Arbeidskapital i % av driftsinntekter seier noko om selskapet sin likviditet. Ei normal sunn bedrift bør ha ein arbeidskapital som overstig 6-12% av omsetninga. Også her vil det vere bransjemessige skilnader med tanke på kva som er tilfredsstillande for den enkelte bedrift.

d) *Eigenkapitalprosent:* Eigenkapital / totalkapital
Eigenkapitalprosenten viser selskapet sin soliditet. Kravet til eigenkapitalprosent avheng av kor kapitalintensiv bedrifta og den forretningsmessige risikoen er.

# 5. Interkommunale selskap (IKS)

## *5.1 Deltaking er avgrensa, men ansvaret er uavgrensa*

Interkommunale selskap (IKS) etter IKS-lova er sjølvstendige rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skilde frå deltakarkommunane. Det må vere fleire deltakarar i selskapet, og berre kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap kan delta. Kvar av deltakarane har eit uavgrensa ansvar for ein del av selskapet sine samla forpliktingar. Samla sett skal deltakarane sin ansvarsdel utgjere selskapet sine samla forpliktingar.

## *5.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom representantskapet*

Det øvste organet i selskapet er representantskapet. Forvaltning av selskapet ligg til styret og dagleg leiing. Deltakarkommunane utøver eigarskap gjennom medlemer dei har valt inn i representantskapet. Etter IKS-lova § 6 ligg det til fylkestinget å velje representantar til representantskapet. Valretten kan ikkje delegerast. Med unntak av dei tilsettevalde styrerepresentantane, blir styret valt av representantskapet. Styret har forvaltningsmyndet, og må utøve myndet innanfor ramma av selskapets føremål, selskapsavtalen og selskapet sitt årsbudsjett som blir vedteke av representantskapet.

## *5.3 Uttreden frå Interkommunale selskap*

Eigarskap i interkommunale selskap kan ikkje overdragast til andre. For desse er ordninga at deltakarane kan seie opp deltakinga si med eitt års varsel. Når ein trer ut av selskapet, er hovudregelen at deltakaren får utbetalt ein utløysingssum som er lik nettoverdien av andelen.

## *5.4 Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak:*

### Trivselshagen IKS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapet sitt føremål er å planleggje, byggje, eige og drive felles bygningsanlegg til undervisningsareal for Firda vidaregåande skule, og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall med vidare i samsvar med vedteken funksjonsplan. |
| **Etablert** | 07.03.2007. |
| **Deltakarar** | Fylkeskommunen og Gloppen kommune. |
| **Forretningskontor** | Gloppen kommune. |
| **Rettslege rammer** | Lov av 29.01.1999 nr. 6 om interkommunale selskap. |
| **Rammer** | Selskapsavtale av 07.03.2007, revidert 6.11.12 og 27.04.17. |
| **Etiske retningsliner** | Ikkje omtala i årsmeldinga. |
| **Representantskap** | Etter selskapsavtalen skal kvar eigar ha to representantar i representantskapet. Valet følgjer den kommunale valperioden. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar.<br><br>Medlem til representantskapet vart vald i FT-sak 50/15 for perioden 2015 til 2019: Ole Johnny Stubhaug, med Helen Hjertaas som vara, og Anders Kristian Sægrov med Rita Navarsete som vara.<br><br>Ole Johnny Stubhaug (Sp) og Anders Kristian Sægrov (H) møtte for fylkeskommunen på vårmøtet 26.4.2019. På haustmøtet 28.9.2018 møtte Ole Johnny Stubhaug. |
| **Val av styre** | Representantskapet vel styremedlemer, og leiar og nestleiar av styret, for to år av gongen. Styret skal ha fire medlemer, med personleg vara.<br><br>Dagleg leiar eller representantskapsmedlemer kan ikkje vere medlemer i styret.<br><br>For Trivselshagen IKS har det vore vanleg praksis at fylkesrådmannen peikar ut to representantar til styret og informerer eigarorganet til selskapet om dette. |
| **Styresamansetning** | Styret er i 2019 sett saman slik: |

| | |
|---|---|
| | Styreleiar: Trond Ueland. Personleg vara: Birte Kjørvik Fossheim.<br>Nestleiar: Kjersti Rønningen. Personleg vara: Knut Roger Nesdal.<br>Styremedlem: Sigurd Reksnes. Personleg vara: Trude Helen Flåten.<br>Styremedlem: Charlotte Østebø Nilsen. Personleg vara: Hallgeir Hansen. |
| **Fastsett styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | Den 28.9.2018 vedtok representantskapet å innføre godtgjersle til styreleiar på 60 000 kroner per år utanom reisekostnader. Det skal ikkje gjevast godtgjersle når styreleiar er tilsett innanfor dagens eigarstruktur.<br><br>Det vart utbetalt til saman 33 280 kroner i styregodtgjersle i 2018.<br><br>I 2018 fekk dagleg leiar kr 743 224 i løn og kr 12 761 i anna godtgjersle. |
| **Eigar- og ansvarsdel** | Eigarprosent: 50.<br>Eigardel: 47,1 millionar kroner, sjå FT-sak 31/08.<br><br>Fylkeskommunen eig selskapet saman med Gloppen kommune og har eit innskott på 47,1 millionar kroner i selskapet.<br><br>Kvar deltakar er ansvarleg for halvparten av selskapet si samla gjeld. |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. |
| **Revisor** | Accountor Gloppen (frå og med rekneskapsåret 2017 og til og med 2020).<br>For rekneskapen i 2016: Kommunerevisjonen i Nordfjord. |
| **Adresse** | Grandavegen 9 c/o Gloppen kommune, 6823 Sandane. |
| **Telefon/faks** | 57 88 38 00. |
| **E-post** | trivselshagen@gloppen.kommune.no<br>anniken.rygg@gloppen.kommune.no |
| **Nettadresse** | http://www.trivselshagen.no/ |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (1000 kr) | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 18 584 | 18 802 | 19 789 |
| Driftsresultat | 2 377 | 2 946 | 1 976 |
| Resultat etter skatt | - 30 | 2 002 | 462 |
| Totalkapitalrentabilitet | 1 % | 1 % | 1 % |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | 4 % | 4 % | 4 % |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | 94 % | 102 % | 89 % |
| Eigenkapitalprosent: | 50 % | 51 % | 52 % |

| | |
|---|---|
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Trivselshagen hadde eit mindreforbruk i høve budsjettet på 0,462 mill. kr i 2018. Mindreforbruket skuldast mellom anna mindre lønskostnad og mindre kapitalkostnadar enn budsjettert. |

| | |
|---|---|
| | Mindreforbruket er med å styrke eigenkapitalen som no utgjer 52 % av totalkapitalen. Lønnsemd og sjølvfinansiering i prosent av driftsinntekter ligg stabilt.<br><br>Selskapet har motteke 3 mill. kr i utbetaling av spelemidlar frå Kulturdepartementet i 2018. Dette er 1. utbetaling av ei samla løyving på 21,171 mill. kr til Trivselshallen. |
| **Viktige hendingar** | I 2018 har selskapet inngått forlik med Veidekke AS i reklamasjonssaka om symjeanlegget, evaluert fordelinga av bruksareal til leigetakarane, justert og utarbeidd nye leigeavtalar og starta opp utgreiing av organisasjonsform og struktur for selskapet. |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan etableringa av selskapet erfart uklare tilhøve knytt til rollefordeling og ansvarsdeling i drifta av Trivselshagen IKS. I eigarmøte 16.april 2018 vart partane samde om ein gjennomgang av selskapet for å sjå om det er aktuelt å gjere endringar. Ved vedtak i ekstraordinært representantskapsmøte 8.6.2018, sak 14/18, bad representantskapet styret om å utgreie organisasjonsform og struktur for selskapet. Vidsyn AS har på oppdrag frå styret utgreidd organisasjonsform og struktur i Trivselshagen IKS. Endeleg rapport vart sendt ut 29.1.2019, og i denne er det føreslege 21 endringar. Av desse vert følgjande tiltak trekt fram som dei viktigaste:<br><br>• Etablere gode prosessar og møteplassar for samarbeid<br>• Fordele inntektene frå utleige av fellesareala<br>• Få samsvar mellom driftskostnader og –inntekter<br>• Overføre ei rad driftsoppgåver til kommunen og soleis føre selskapet attende til å bli eit reint eigedomsselskap<br><br>Gloppen kommune har i møte med selskapet, og i brev til fylkeskommunen, gjeve uttrykk for eit ønskje om å halde på felles eigarskap, men i eit reint eigedomsselskap.<br><br>Den 6.3.2019 vedtok fylkesutvalet følgjande:<br><br>*«1. Fylkesutvalet viser til vedlagde rapport av 1. desember 2018 frå Vidsyn Rådgivning AS og tek denne til orientering.<br>2. Fylkesutvalet føreset at systemavvik vert retta opp og tilrådde tiltak i rapporten sett i verk, herunder at selskapet får på plass eit system som fordelar inntekter og utgifter på ein rettvis måte i samsvar med intensjonen. Styret får frist for å gjennomføre tiltaka i rapporten til 15. august 2019.<br>3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen greie ut alternative organisasjonsmodellar, primært knytt til å dele eigarskapen og inngå gjensidige leigeavtalar med kvarandre. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen, i budsjettrapporten pr. 1. tertial 2019, kome med framlegg til finansiering av utgreiingsarbeidet - dersom dette viser seg naudsynt.»*<br><br>I eigarmøte den 1.4.2019 vart eigarane samde om at rapporten skal følgjast opp av styret og at arbeidet skal avsluttast innan 15. august 2019.<br><br>Som ei oppfølging av fylkesutvalet sitt vedtak den 6.3.2019, har fylkesrådmannen fått utarbeidd ein rapport om alternative organisasjonsmodellar. Rapporten, utarbeidd av PwC, førelåg den 29.05.2019.<br><br>Den 19.06.2019 vedtok fylkesutvalet følgjande:<br><br>1. *«Fylkesrådmannen får fullmakt til å tinge med Gloppen kommune om ein alternativ organisasjonsmodell med sikte på å oppløyse selskapet, dele eigarskapen og inngå gjensidige leigeavtalar.* |

| | |
|---|---|
| | 2. *Fylkesutvalet legg til grunn at styret i selskapet fortset sitt arbeid med å gjennomføre tilrådde tiltak i rapport frå Vidsyn Rådgjeving AS av 1. desember 2018 med frist til 15. august 2019.*<br>3. *Kostnader til utgreiingsarbeidet og bistand i forhandlingsprosessen vert å innarbeide i budsjettrapport pr. 2. tertial 2019.»* |
| **Mål med eigarskapen** | Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak: Målet er at fylkeskommunen skal få dekka arealbehovet til Firda vidaregåande skule. |

## VIGO IKS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapet sitt føremål er å utvikle/vidareutvikle, eige og/eller drifte, alt etter bestilling og i nært samarbeid med deltakarane, fylkeskommunane sitt felles inntaks- og forvaltningssystem for elevar/lærlingar i Vigo og alt som elles står i naturleg samanheng med dette – til dømes skuleadministrative system. Selskapet skal vidare levere, eller formidle levert, naudsynt faglege kurs eller rettleiing til deltakarane på systema ein har rettar/driftsoppgåver knytt til. |
| **Etablert** | 01.01.2012. |
| **Deltakarar** | Fylkeskommunane og Oslo kommune.<br><br>Uttreden: Den enkelte deltakar kan tre ut av selskapet. Det må varslast eitt år på førehand, og i samsvar med IKS-lova § 30. Det vert ikkje utbetalt utløysingssum. |
| **Forretningskontor** | Skien kommune. |
| **Rettslege rammer** | Lov om interkommunale selskap. Offentleglova. |
| **Rammer** | Ny selskapsavtale vedteken i representantskapsmøte 12.04.18. Samarbeidsavtalar med Utdanningsdirektoratet og Lånekassen. Strategi vedteken av representantskapet for 2017-2025. |
| **Etiske retningsliner** | Etiske retningslinjer for tilsette i Vigo IKS, sist revidert i 2018. |
| **Representantskap** | Representantskapet består av ein representant frå kvar deltakar med to varamedlemer. |
| **Val av styre** | Representantskapet vel styre, styreleiar og nestleiar. Styret skal bestå av fem medlemer med vara. Styremedlemene har ei funksjonstid på to år, likevel slik at ved fyrstegongsval har tre av styremedlemene ei funksjonstid på tre år. Ved valet må det sikrast at alle opplæringsregionar er representert i styret. |
| **Styresamansetning** | Etter representantskapsmøtet 25. april 2019 er styret sett saman slik:<br><br>Styreleiar: Bjørn Marthinsen (Oslo kommune)<br>Nestleiar: Joar Loland (Rogaland fylkeskommune)<br>Styremedlem: Rune Haugsdal (Hordaland fylkeskommune)<br>Styremedlem: Anne Elisabeth Djupvik<br>Styremedlem: Ane Tonette Lognseth<br><br>Varamedlem: Per Magne Aadnøy (Akershus fylkeskommune)<br>Varamedlem: Nina Ellingsen Høiskar (Nordland fylkeskommune)<br><br>Valkomité: Anders Bjøru (Trøndelag fylkeskommune), representant frå Hedemark fylkeskommune (namn kjem seinare) og representant frå Rogaland fylkeskommune (namn kjem seinare). |

| | |
|---|---|
| **Styregodtgjersle** | Går ikkje fram av årsrekneskapen.<br><br>I selskapsavtalen § 5 står det at representantskapet vedtek satsar og reglement for godtgjersle til medlemer av representantskap og styre. |
| **Eigar- og ansvarsdel** | Dei 18 deltakarane har kvar ein eigardel på 1/18 i selskapet, og er ansvarleg for 1/18 av selskapet si samla gjeld. (Kjem endringar som følgje av regionreforma). |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. |
| **Revisor** | Telemark kommunerevisjon IKS. |
| **Adresse** | Fylkesbakken 6, 3715 Skien. |
| **E-post** | post@vigodrift.no |
| **Nettadresse** | www.vigoiks.no |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei to siste åra:**

| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 93 759 | 71 283 | 59 045 |
| Driftsresultat | 18 464 | 8 213 | -13 532 |
| Resultat etter skatt | 19 742 | 9 107 | -12 620 |
| Totalkapitalrentabilitet | 39 % | 14 % | -24% |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | 1 511 % | 443 % | -458% |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | 41 % | 67 % | 60 % |
| Eigenkapitalprosent: | 57 % | 78 % | 76 % |

| | |
|---|---|
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Rekneskapen er avlagt etter kommunale rekneskapsprinsipp, men omarbeidd i tabellen ovanfor. Resultatet, før interne finanstransaksjonar, syner eit underskot på 12,6 mill. kr.<br><br>Etter det kommunale rekneskapsprinsipp syner rekneskapen til Vigo IKS eit rekneskapsmessig mindreforbruk på om lag 9,8 mill. (11 mill. kr i 2017). Dette skuldast i hovudsak forseinkingar i prosjektet «Nytt skoleadministrativt system – Visma InSchool».<br><br>Vigo IKS har ei langsiktig gjeld på om lag 2,7 mill. kr og mesteparten er knytt til pensjonsforpliktingar. Kortsiktig gjeld er på om lag 8,5 mill. kr og omløpsmidlar om lag 43,8 mill. kr. |
| **Viktige hendingar** | Selskapet har brukt mykje tid på å følgje opp leverandøren av nytt skuleadministrativt program, Visma InSchool, på mange område. Utviklinga av dette programmet har vore forseinka over fleire år.<br><br>Våren 2018 vart den nye E-signaturløysinga teken i bruk. Løysinga inneber at lærekontraktar, prøvekontrollar m.m. skal signerast elektronisk. |

| | |
|---|---|
| | Saman med Utdanningsdirektoratet har Vigo IKS utvikla eit administrasjonsverktøy for lokalt- og sentralt gitt eksamen. Systemet er no ferdig og i forvaltning.<br><br>Arbeidet med å lage éin sentral database for alle fylkeskommunane og Oslo kommune i staden for lokale databasar vart implementert hausten 2018. Dette samlar drift og oppgraderingar på éin stad.<br><br>Prosjektet FINT vart overført til Vigo IKS i 2018, og gjekk då over i forvaltning. FINT er eit nasjonalt prosjekt som ivaretek eigarane sine behov innan digitalisering, standardisering av integrasjonar og etablering av felles informasjonsmodell som grunnlag for integrasjonane.<br><br>I 2018 har Revisjon Midt-Norge SA gjennomført ein forvaltningsrevisjon av selskapet, etter bestilling frå kontrollutvalet i dåverande Sør-Trøndelag fylkeskommune. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i 2017, sak 28/17, å delta i ein felles revisjon av selskapet. Både eigarstyringa og selskapsleiinga vart revidert. Fylkestinget vedtok følgjande i sak 18/19:<br><br>1. *«Fylkestinget sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Trøndelag fylkeskommune og ber vår eigarrepresentant påsjå at selskapet ved styret:*<br>a. *overheld lov om interkommunale selskap når det gjelder utsending av sakliste og protokollering.*<br>b. *synleggjer risiko ved anskaffingar i selskapet sine strategiar og rutinar.*<br>c. *fortset med implementering av system for internkontroll og at handteringa av personvernopplysningar er i tråd med gjeldande lov og forskrift.*<br>2. *Fylkestinget ber vår eigarrepresentant støtte forslaget i representantskapet om:*<br>a. *at styret evaluerer sitt eige behov for innhente nødvendig kompetanse i styrearbeidet for å møte framtidige utfordringar for selskapet.*<br>b. *at styret evaluerer selskapet sitt behov for å etablere eit permanent og breiare fagmiljø for å redusere behovet for konsulentbistand.*<br>3. *Fylkestinget tek rapporten for øvrig til orientering*<br>4. *Det vert lagt til grunn at kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune føl opp vedtaket gjort av fylkestinget i eige fylke»* |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Det vert arbeidd med ny selskapsavtale for å tilpasse selskapet til fylkessamanslåingane og endra ansvarsområde. Avtalen vart sist endra i 2018 (ny kostnadsdeling og eigarstruktur).<br><br>Vigo IKS håpar å kunne starte utrullinga av Visma InSchool på skular i Telemark og Akershus (pilotfylke) i løpet av 2019. Ifølgje ny framdriftsplan vil programmet kunne ferdigstillast i løpet av oktober 2020.<br><br>Selskapet er i gang med arbeidet som må gjerast med datasystema i samband med fylkessamanslåingane. |
| **Mål med eigarskapen** | Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak. Oppnå stordriftsfordelar ved å samarbeide om skuleadministrative system med andre fylkeskommunar og kommunar. |

## Grieghallen IKS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapets formål er å erverve, eie og leie ut Grieghallen, gnr. 164, bnr. 926 med festerett i Bergen. Selskapet har ikkje ervervsmessige formål.<br><br>Selskapet forestår finansiering av Grieghallens fornyingsprosjekt. Selskapets forretningskontor er i Bergen. |
| **Etablert** | 21.06.2013 |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | 1 000 000<br><br>Fylkeskommunen eig 50% av aksjane.<br><br>Bergen kommune eig dei resterande 50% av aksjane. |
| **Forretningskontor** | Bergen kommune |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova |
| **Rammer** | Vedtekter sist endra 21.06.2013 |
| **Etiske retningsliner** | |
| **Føretaksmøte** | Generalforsamling avholdt 24.05.2019<br><br>Fylkesordførar er fylkeskommunes eigarrepresentant. |
| **Val av styre** | Styret er set saman av administrative leiarar i Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune |
| **Styresamansetning** | Styremedlem:<br><br>Knut Sundt Rosenlund (leiar)<br><br>Kristin Ulvang<br><br>Nils Egil Vetlesand |
| **Styregodtgjersle fastsett i 2019 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | |
| **Fylkeskommunalt lån** | Fylkeskommunal garanti |
| **Revisor** | |
| **Adresse** | Magistratbygningen Rådstuplassen 5 |
| **Telefon/faks** | |
| **E-post** | |
| **Nettadresse** | |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | Kr 18 291 | Kr 17 772 | |
| Driftsresultat | Kr 5 876 | Kr 5 550 | |
| Resultat etter skatt | Kr 129 | Kr 83 | |
| Totalkapitalrentabilitet | 1,9% | 1,9% | |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | | | |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | | | |
| Eigenkapitalprosent | 0,7 | 0,8 | |
| **Økonomisk utvikling i tekst** | | | |
| **Viktige hendingar** | | | |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | | | |
| **Mål med eigarskapen** | | | |

# 6. Aksjeselskap (AS)[17]

## 6.1 Avgrensa ansvar for deltakarane

Eit aksjeselskap skal ha ein minste aksjekapital på 30 000 kroner og må til ei kvar tid ha eigenkapital og likviditet som er forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet. Eit særtrekk ved denne selskapsforma er at deltakarane ikkje er ansvarleg for selskapet sine forpliktingar, med mindre dette er særskilt avtala. På den andre sida rår ikkje eigarane fritt over selskapet si inntekt og formue. Ønskjer aksjeeigarane å trekke ut midlar av selskapet, må dette skje etter nærare reglar i aksjelova for utdeling av utbyte, nedsetting av aksjekapitalen eller oppløysning av selskapet.

## 6.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom generalforsamlinga

Gjennom generalforsamlinga utøver eigarane det øvste myndet i selskapet. Eigarane kan gjennom vedtekter, instruksar og andre generalforsamlingsvedtak sette rammer og gi nærare reglar for styret og dagleg leiar si leiing av selskapet. Det er generalforsamlinga som vel styret i selskapet.

**Styret er øvste forvaltingsorgan, og dagleg drift vert ivareteken av dagleg leiar**
Selskapet vert leia av eit styre og en dagleg leiar. Styret har det overordna ansvaret for forvaltninga av selskapet, og for at det vert drive i samsvar med selskapet sitt føremål og innanfor ramma av lovgjevinga, samt selskapet sine vedtekter og instruksar fastsett av aksjonærane gjennom generalforsamling. Dagleg leiar står for den daglege leiinga av selskapet si verksemd, og skal i denne samanheng følgje retningsliner og pålegg som styret har gitt.

[17] Fylkeskommunane sin eigarskap i aksjeselskapa vert overført utan noko behov for politisk handsaming eller samtykke frå selskapsstyra. Det kan likevel oppstå behov for å endre vedtekter og selskapsavtale i ettertid, m.a. der fylkeskommunen er nemnt med namn, der eigarbrøken vert endra i strid med intensjonen med selskapet eller der talet stemmer må fordelast på anna vis.
Følgjande selskap manglar frå oversikta som kjem nedanfor: Atheno AS, Carte Blanche AS, E134 Haukelivegen AS, HFK Bussanlegg AS, HFK Tomt Knarvik AS. Desse vil bli omtalt i neste eigarskapsmelding.

## 6.3 Uttreden av aksjeselskap

Dersom fylkeskommunen vurderer at det rette er å selje aksjane sine i eit aksjeselskap, vil aksjelova, saman med selskapet sine vedtekter og eventuell aksjonæravtale regulere nærare korleis salet kan gjennomførast.

## 6.4 Finansielle mål

### Sogn og Fjordane Energi AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapet sitt føremål er produksjon, omsetting og overføring av elektrisk energi, samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet kan bygge ut anlegg, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette.<br><br>Verksemda kan drivast i samarbeid med, eller ved deltaking i, andre selskap med tilsvarande formål.<br><br>Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde og selskap når dette er eigna til å styrke hovudføremålet eller fører til meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.<br><br>Selskapet skal drivast på forretningsmessig basis med vekt på langsiktig verdiskaping for eigarane. |
| **Etablert** | 16.09.2002. |
| **Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel** | Selskapet sin aksjekapital er totalt kr 773 838 700 fordelt på 5 158 923 A-aksjar pålydande kr 100 og 2 579 464 B-aksjar pålydande kr 100.<br><br>Sogn og Fjordane fylkeskommune har overført sin del av aksjane til holdingselskapet Sogn og Fjordane Holding AS. Aksjane sin pålydande verdi er 383 490 400 kroner. Dette utgjer 49,56 prosent av aksjane i SFE.<br><br>Andre eigarar er BKK (36,8 prosent), og kommunane Flora, Gloppen kommune/Gloppen Energi AS, Bremanger, Askvoll, Selje kommune, Eid og Naustdal.<br><br>To tredjedelar av aksjane skal vere A-aksjar, resten skal vere B-aksjar. A-aksjane kan berre eigast av, og vere omsettelege til, aktørar som kan definerast som offentlege etter industrikonsesjonslova.<br><br>Styret i selskapet skal godkjenne overdraging av aksjar. Samtykke kan berre nektast når det ligg føre sakleg grunn. Ved overdraging av aksjar har dei andre aksjonærane forkjøpsrett. |
| **Forretningskontor** | Gloppen kommune. |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova. Industrikonsesjonslova. EU sitt vassdirektiv. Energilova. |
| **Rammer** | Vedtekter av 12.06.2009, sist endra 20.06.2019. Dokument 1154347-v6 om eigarstyring og selskapsleiing utarbeidd av Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES). |
| **Etiske retningsliner** | I følgje årsmeldinga følgjer selskapet opp sitt samfunnsansvar gjennom verdiskaping for offentlege eigarar og lokalsamfunn, produksjon av kraft frå fornybare kjelder, utvikling og drift av ein kritisk infrastruktur for samfunnet, ein berekraftig- og mest mogleg skånsam bruk av naturen, og omfattande samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. SFE har |

| | |
|---|---|
| | etiske retningsliner for kva haldningar og åtferd selskapet ventar av den enkelte tilsette når det gjeld antikorrupsjon og etikk. |
| **Generalforsamling** | Generalforsamlinga består av aksjonærane.<br><br>I 2019 møtte Jenny Følling for Sogn og Fjordane Holding AS på generalforsamlinga. Fylkesrådmann Tore Eriksen og advokat Per Andreas Bjørgan møtte også for Sogn og Fjordane Holding AS. |
| **Val av styre** | Generalforsamlinga vel for to år om gongen tre medlemer til ein valkomité som skal vere representantar for aksjeeigarane. Generalforsamlinga vel leiar i valkomiteen. Det er utarbeidd eigne instruksar for arbeidet til komiteen.<br><br>Styret i selskapet skal ha frå åtte til ni medlemer med like mange personlege vara. Inntil seks medlemer skal veljast av generalforsamlinga og inntil tre skal veljast av og mellom dei tilsette. Alle val gjeld for eitt eller to år. Ved fastsetjing av valperioden for den einskilde styremedlem, skal det leggast til rette for ei rullering av styret, slik at tre av styret sine aksjonærvalde medlemer, mellom desse leiar eller nestleiar, får to år attståande funksjonstid. Styremedlemene kan ta attval.<br><br>Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar til styret.<br><br>Val av styremedlemer er regulert i aksjonæravtale med bakgrunn i storleiken på eigardelen, og skal sikre brei representasjon frå aksjeeigarane mellom dei aksjonærvalde medlemene i styret. |
| **Styresamansetning** | Etter generalforsamlinga i 2019 er styret sett saman slik:<br>Styreleiar: Per A. Kjøllesdal frå SFFK (vara: Sigurd Reksnes).<br>Nestleiar: Ketil Konglevoll (vara: Arne Andreas Riisnes).<br>Styremedlem: Arvid Lillehauge frå SFFK (vara: Henrik Oppen).<br>Styremedlem: Olin Johanne Henden frå SFFK (vara: Hogne Bleie).<br>Styremedlem: Anne Marit Steen (vara: Birthe Iren Grotle).<br>Styremedlem: Jan Helge Dahle (vara: Leidulf Gloppestad).<br><br>Valnemnda: Jenny Følling, Jannicke Hilland og Leidulf Gloppestad. |
| **Styregodtgjersle i 2019 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | Styreleiar: 175 000 kroner per år.<br>Nestleiar:  97 000 kroner per år.<br>Styremedlemer:  84 100 kroner per år.<br>Varamedlemer: 4 890 kroner per møte.<br>Medlemer av revisjonsutvalet: 28 500 per år.<br><br>Det vert utbetalt tapt arbeidsforteneste for arbeid utover vanleg deltaking i styremøter etter fastsett styreplan. Dei satsar som er nytta for dette i Sogn og Fjordane fylkeskommune vert lagt til grunn.<br><br>Løn konsernsjef: 2 320 000 kroner; pensjonsutgifter: 375 000 kroner; anna godtgjersle: 201 000 kroner. Til saman: 2 896 000 kroner. |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. |
| **Revisor** | Deloitte AS. |
| **Adresse** | Sørstrandsvegen 227, 6823 Sandane. |
| **Telefon/faks** | 57 88 47 00 |
| **E-post** | post@sfe.no |
| **Nettadresse** | www.sfe.no |

| **Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra: (Konsernrekneskap)** | | | |
|---|---|---|---|
| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
| Sum driftsinntekter | 1 228 573 | 1 287 229 | 1 680 652 |
| Driftsresultat | 392 296 | 378 913 | 571 062 |
| Årsresultat | 189 297 | 193 363 | 285 807 |
| Totalkapitalrentabilitet | 7 % | 7 % | 9 % |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | 18 % | 17 % | 19 % |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | -36 % | -12 % | -8 % |
| Eigenkapitalprosent: | 40 % | 42 % | 39 % |

| | |
|---|---|
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Konsernet fekk eit driftsresultat på 571 mill. kr i 2018. Hovudårsaka til det auka driftsresultatet er auka inntekter frå sal av kraft.<br><br>Overskotet etter skatt er 286 mill. kr i 2018. Dette er av dei beste resultata i SFE-konsernet si historie og er 92 mill. kr betre enn resultatet for 2017.<br><br>Som følgje av det gode resultatet, har eigenkapitalen i kroner auka, men eigenkapital i prosent av totalkapitalen er redusert frå 42 % til 39 % fordi totalkapitalen har auka. Dei andre nøkkeltala syner ei betring.<br>SFE har i 2018 gjennomført investeringar på til saman 491 mill. kr i fysiske driftsmiddel. Av dette er investering i nettanlegg 174 mill. kr og 294 mill. kr er investering i vasskraftproduksjon.<br><br>På grunn av SFE sine investeringsplanar, har selskapet dei siste åra halde att meir av overskotet i selskapet og redusert utbyttedelen. Det gode resultatet gjer likevel at dei betalar ut 100 mill. kr for 2018. Dette er eit av dei beste utbytta som er utbetalt i selskapet si historie. Fylkeskommunen sin del av utbyttet for 2018 er 49,5 mill. kr.<br><br>Utbytte til fylkeskommunen tidlegare:<br>2011: 19,2 mill. kr<br>2012: 27,8 mill. kr<br>2013: 48,4 mill. kr<br>2014: 37,3 mill. kr<br>2015: 29,0 mill. kr<br>2016: 37,1 mill. kr<br>2017: 31,0 mill. kr |
| **Viktige hendingar** | SFE-konsernet produserte 11995 GWh i 2018. Dette er 10 GWh mindre enn i 2017. Kraftforbruket i eige forsyningsområde var på 711 GWh i 2018, ein auke på 31 GWh frå 2017. Sal til sluttkundar var i 2018 916 GWh, ein auke frå 783 GWh føregåande år. Auken skriv seg i hovudsak frå fusjonen mellom SFE Kraft AS og sluttbrukarverksemda til Sunnfjord Energi AS.<br><br>Nokre av dei viktigaste styresakene i 2018 har vore:<br>-Tilråding til generalforsamlinga om at SFE trekkjer seg frå drøftingane om Vestlandskraft DA.<br>-Vedtak om deltaking i Jølstra Kraft DA.<br>-Emisjon i SFE med tilførsel av 5 mill. kroner i eigenkapital.<br>-Oppfølging av mogleg endra eigarskap i SFE grunna regionreforma. |

| | |
|---|---|
| | -Drøftingar med Sunnfjord Energi om samanslåing av dei to kraftkonserna.<br><br>SFE har i lengre tid vore i drøftingar med Sunnfjord Energi AS om ei samanslåing av verksemdene. Denne prosessen vart stoppa av BKK i januar 2019.<br><br>SFE har ei rekkje prosjekt for å få fram ny produksjonskapasitet innan vasskraft. Østerbø kraftverk er under utbygging med ferdigstilling i 2020. Jølstra kraftverk er under utbygging saman med Sunnfjord Energi med ferdigstilling i 2021. Selskapet har konsesjon for bygging av Litlevatnet småkraftverk, Ommedal kraftverk og Bredvatn kraftverk i Åskåravassdraget, og løyve til å bygge Insteelvane kraftverk i Øksenelvane. I samarbeid med Stranda Energi AS har selskapet konsesjon for Hauge kraftverk. Konsesjonssøknad for utbygging i Gjengedalsvassdraget fekk avslag i 2018.<br><br>SFE har aksjar i ulike vindkraftselskap med prosjekt som snart er klare for investeringsvedtak, m.a. Hennøy Vindpark, Okla Vindpark, Lutelandet Energipark AS og Bremangerlandet Vindpark AS.<br><br>**Utvikling av sentralnett**<br>Etter sluttføring av nytt sentralnett på strekninga Ørskog/Sogndal har ein eit robust sentralnett gjennom fylket. Kapasiteten kan derimot ikkje nyttast fullt ut, og ein vil få flaskehalsar grunna større mengder ny produksjon under realisering enn den installerte transformeringskapasiteten. Det er vedteke å auke transformeringskapasitet i Ålfoten for å løyse behovet.<br><br>**Utvikling av regionalnett**<br>Det har vore investert og er framleis behov for store investeringar i regionalnettet, og også distribusjonsnettet, dei komande åra. Den viktigaste grunnen til dette er mykje ny vasskraft og vindkraft som er under planlegging og realisering.  Men også eit aldrande regionalnett og industriell vekst krev auka nettinvesteringar. Dei siste åra er det etablert eller auka kapasitet i ti transformatorstasjonar. |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Ved inngangen til 2019 var SFE sine vassmagasin marginalt lågare enn normalt, medan snømengda i fjellet var ca. 70% av normalen. Venta produksjon i 2019 er derfor noko lågare enn middelproduksjonen.<br><br>Marknaden for el-sertifikat i Noreg og Sverige gjev framleis grunnlag for utvikling av ny fornybar energi, men deltaking i sertifikatmarknaden har noko mindre å seie for prosjekta i SFE si portefølje enn tidlegare. Nye kablar til utlandet, utfasing av kjernekraft og kòlkraft og stadig strammare kvotemarknad for CO2 utslepp i Europa, ber bod om noko auka prisar på mellomlang sikt. Eit Europa med stadig meir uregulerbar produksjon og ein gradvis meir integrert felles kraftmarknad kan gje gode moglegheiter for verdiskaping for norsk vasskraft med god reguleringsevne. For SFE er vurderinga at utviklinga medfører moglegheiter for utbygging av meir fornybar kraft.<br><br>Med dei store investeringane som SFE og regionen står ovanfor, både med tanke på reinvestering og nettinvesteringar utløyst av ny fornybar energi, er det viktig å sikre at investeringsutfordringane er tekne omsyn til i nettreguleringa. Dette gjeld allment, men spesielt for investeringar i regionalnettet. Fornybarinvesteringar er ei nasjonal satsing og SFE arbeider stadig med at fornybarinvesteringar ikkje skal gå utover kundane i fornybarområda.<br><br>EU sitt vassdirektiv set miljømål for alle vassdrag. Gjeldande regionalplan for vassforvaltning vart vedteken i fylkestinget i 2015 og skal reviderast i |

| | |
|---|---|
| | 2021. I fleire vassdrag har SFE hatt ei proaktiv haldning og arbeidd med ulike tiltak som kan gje miljøforbetring utan tap av kraft.<br><br>Ei endring av energilova, der dagens tre nettnivå, sentralnett, regionalnett og distribusjonsnett vert erstatta av dei to nettnivåa transmisjonsnett og distribusjonsnett, medfører at SFE kan måtte selje sentralnettlinjer til Statnett. SFE har søkt NVE om ei omklassifisering av dagens sentralnett frå Høyanger/Mel til Haugen frå transmisjon til overordna distribusjon for å kunne behalde anlegg.<br><br>SFE forventar store investeringar dei neste åra i nødvendig nettutbygging og investering i vasskraftanlegg. Selskapet sine planar viser at ein vesentleg del av investeringane kan eigen- kapitalfinansierast sett samla over ein 10-årsperiode. |
| **Mål med eigarskapen** | Finansielle mål: SFE AS vart i si tid etablert for å kunne utvikle verksemda som ein konkurransedyktig og lønnsam aktør i den nasjonale/internasjonale energibransjen. Det er eit mål at selskapet skal gje fylkeskommunen god avkastning på investert kapital kvart år gjennom utbytte.<br><br>Næringsutvikling: Fylket har eit stort potensial innan fornybar satsing, og SFE spelar ei viktig rolle i å bygge opp naudsynt kapasitet i nettet for ei slik satsing. SFE sin kompetanse er viktig for å realisere fylket sitt potensial på dette område. |

## Sogn og Fjordane Holding AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Sogn og Fjordane Holding AS vart etablert av fylkeskommunen som eineeigar for eventuell forvaltning av aksjane i SFE AS. Selskapet sitt føremål er investeringsverksemd; under dette kjøp og sal av aksjar, andelar, konsesjonskraftrettar og fast eigedom, og anna verksemd som står i samband med dette. |
| **Etablert** | 29.11.2005 |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Aksjekapitalen er 3 834 904 kr, fordelt på 3 834 904 aksjar, kvar pålydande kr 1. Til 01.01.20 eig fylkeskommunen 100 % av aksjane.<br><br>Sogn og Fjordane Holding AS eig 49,56 % av aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS.<br><br>Selskapet sine aksjonærar er frå 01.01.20 Vestland fylkeskommune og kommunane Sunnfjord, Kinn, Sogndal, Stad, Stryn, Gloppen, Årdal, Luster, Høyanger, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Vik, Gulen, Lærdal, Aurland, Hyllestad og Solund.<br><br>Frå 01.01.20 gjeld også følgjande:<br>Aksjekapitalen er kr 3 834 904, fordelt på 3 834 904 aksjar, kvar pålydande kr. 1, fordelt på to aksjeklassar, A og B. Aksjeklasse A består av 766 980 aksjar a kr. 1, til saman kr. 766 980. Aksjeklasse B består av 3 067 924 aksjar a kr. 1, til saman kr. 3 067 924. Skilnaden mellom aksjeklassane er at aksjeklasse A har 51 % av stemmene på generalforsamlinga. Elles er aksjane jamstilte. Primærkommunane er eigarar av B-aksjane. |
| **Forretningskontor** | Leikanger kommune |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova |
| **Rammer** | Vedtektene, sist endra etter generalforsamling 21.06.17. |

| | |
|---|---|
| **Etiske retningsliner** | |
| **Generalforsamling** | Fylkesordføraren er eigarutsending, og deltok på ordinær generalforsamling i 2019. |
| **Val av styre** | Nye vedtekter frå 01.01.20:<br>Selskapet skal ha eit styre med fem medlemer. Styremedlemene tenestegjer i fire år. Styreleiaren skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.<br><br>To av medlemene veljast av eigarane av aksjeklasse B. Dei andre vert valde på generalforsamlinga og minst ein av dei skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020. |
| **Styresamansetning** | På ekstraordinær generalforsamling i 2016 vart Hilmar Høl vald som styre (og styreleiar) for resten av valperioden 2015 – 2019.<br><br>Frå 01.01.20 skal styret ha fem medlemer. |
| **Styregodtgjersle for 2019 og dagleg leiar si godtgjersle for 2019** | Generalforsamlinga vedtok 21.06.17 at honoraret til styreleiar skal sidestillast med styreleiar i Sogn og Fjordane teater (SoFt) når det gjeld basishonorar. Sjå også notat om styrehonorar lagt fram i FU-møte 3. april 2017. På ordinær generalforsamling 2017 auka SoFt storleiken på det årlege honoraret til 50 000 kr. Styreleiar i Sogn og Fjordane Holding AS fekk utbetalt 51 500 kr i styrehonorar i 2018 (indeksregulert).<br><br>Selskapet har ein avtale med Vidsyn Rådgivning AS, som stiller Jan Øhlckers til rådvelde som dagleg leiar i Sogn og Fjordane Holding AS. Elles er administrative oppgåver lagt til administrasjonen i fylkeskommunen. |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. |
| **Revisor** | Ernst & Young |
| **Adresse** | Askedalen 2, 6863 Leikanger |
| **Telefon** | 57 63 80 00 |
| **E-post** | post@sfj.no |
| **Nettadresse** | www.sfj.no |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 0 | 0 | 0 |
| Driftsresultat | -7 | -272 | -825 |
| Resultat etter skatt | -7 | 36 833 | 30 589 |
| Totalkapitalrentabilitet | - 11 % | 13 % | 6 % |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | - | - | - |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | - | - | - |
| Eigenkapitalprosent: | 98 % | 63 % | 87 % |
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Selskapet sine inntekter kjem frå siste års utbytte frå Sogn og Fjordane Energi AS og renter på bankinnskot.<br><br>Normalt vil eitt års forskyving av utbytte gje renteinntekter som dekker utgiftene (rekneskapsføring, revisor og dagleg leiing). På grunn av prosessen med overføring av verdiane til kommunane har utgiftene til juridisk, finansiell og teknisk bistand og dagleg leiing vore unormalt høge i 2018.<br><br>Generalforsamlinga i SFE vedtok eit utbyte til Sogn og Fjordane Holding AS på 49,5 mill. kr i 2018. Det er vedteke eit utbyte frå SF Holding til fylkeskommunen på 75 mill. kr. Dette utbyttet er vurdert som forsvarleg i høve soliditet og likviditet i SF Holding AS.<br><br>Selskapet har ein eigenkapital på 480 mill. kr og ein eigenkapitalprosent på 87. | | |
| **Viktige hendingar** | I sak 10/18 handsama fylkesutvalet ei sak om eigarskapen i SFE. Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak:<br><br>*1. Etter utløpet av fristen som er sett i utkastet til prosessvarsel, reiser Sogn og Fjordane fylkeskommune eventuelt fastsetjingssøksmål mot BKK AS for å få ei rettsleg avklaring av om fylkeskommunen sin eigarskap i Sogn og Fjordane Holding AS kan organiserast med aksjeklassar utan at dette utløyser forkjøpsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS. Fylkeskommunen reiser det eventuelle søksmålet etter dei modellane for overdraging av aksjar som følgjer av pkt. 3.2 i vedlegg 2.*<br><br>*2. Fylkesutvalet ber samstundes fylkesrådmannen forhandle nærmare med BKK AS med sikte på at selskapet skal gå heilt ut av Sogn og Fjordane Energi AS. […]*<br><br>I januar 2019 vart det inngått ein forhandlingsavtale med BKK, dvs. ein avtale om prosessen fram mot å inngå ein eventuell endeleg transaksjon.<br><br>I sak 35/19 gjorde fylkestinget slikt vedtak:<br><br>*1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane har til hensikt å overføre 80 prosent av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til dei kommunane i dagens Sogn og Fjordane fylke som vil vere ein del av Vestland fylke frå 1. januar 2020. Overføringa skal skje med utgangspunkt i kommunestrukturen i 2019 og etter ein fordelingsnøkkel der 65 prosent av aksjane vert fordelte etter kommunane sitt folketal per 1. januar 2019 og 35 prosent vert fordelte likt mellom kommunane, jf. vedlegg 5, alternativ 1.*<br><br>*Overføringa til kommunane føreset at*<br><br>• *det vert rettskraftig avgjort at overføringa ikkje utløyser forkjøpsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS*<br>• *styret i SFE gjev samtykke til overføringa til kommunane*<br>• *kommunane får konsesjon frå Olje- og energidepartementet til å eige* | | |

| | |
|---|---|
| | • *aksjeoverføringa ikkje får negative konsesjonsrettslege konsekvensar for Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine dotterselskap.*<br><br>*2. Fylkestinget godkjenner vedlagte gåvebrev (1) til kommunane og vedlagde aksjonæravtale (2) mellom fylkeskommunane og kommunane. Fylkestinget sluttar seg vidare til at Sogn og Fjordane Holding AS endrar sine vedtekter i samsvar med vedlegg 3.*<br><br>*Aksjane til kommunane vert overførte på dei vilkåra som følgjer av desse dokumenta, dvs. vedlegga 1-3.*<br><br>*3. Dersom føresetnadene i pkt. 1 vert oppfylte, får fylkesrådmannen i oppgåve - så snart som mogleg - å overdra aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS til dei aktuelle kommunane i Sogn og Fjordane.*<br><br>*4 Dersom føresetnadene i pkt. 1 ikkje vert oppfylte, ber fylkestinget generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Holding AS gjere vedtak om endringar i selskapet sine vedtekter i samsvar med vedlegg 4.*<br><br>*5 Dersom Sogn og Fjordane Holding AS og BKK vert samde om ein transaksjonsavtale innan den avtalte fristen 17.06.19, vil fylkestinget i ekstraordinært møte 26.06.19 ta stilling til om fylkeskommunen godkjenner transaksjonen. Fylkestinget sitt vedtak i den føreliggjande saka er såleis gjort med atterhald om at fylkestinget kan kome til å handsame saka på nytt 26.06.19.*<br><br>Tingretten kom til at vedtektsendringane og overdraginga ikkje vil utløyse forkjøpsrett for BKK. BKK anka, men lagmannsretten forkasta BKK sin anke. BKK anka deretter til Høgsterett, men trakk anken 27. juni 2019.<br><br>16. juni 2019 opplyste BKK at selskapet ville halde fram som eigar i SFE, og ikkje ta stilling til tilbodet frå fylkeskommunen om å kjøpe BKK ut av SFE. Prosessen med BKK er nærare omtalt i m.a. fråsegn frå fylkesutvalet av 19. juni 2019.<br><br>Holding-selskapet har delteke i prosessen med overføring av verdiane i SFE til kommunane m.a. gjennom:<br><br>• Prosess, vilkår og mogeleg fordeling av aksjane til kommunane i fylket<br><br>• Tingingar om mogeleg kjøp av BKK sine aksjar i SFE, med m.a. selskapsvurdering<br><br>• Rettsleg avklaring om forkjøpsrett til aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Alle føresetnadene i dei fire kulepunkta i pkt. 1 i vedtaket i sak 35/19 er oppfylte. Fylkesrådmannen si oppgåve er såleis å overdra aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS til dei aktuelle kommunane, jf. pkt. 3 i vedtaket.<br>I møte 08.10.19, sak 42/19, godkjende fylkestinget i Sogn og Fjordane gåvebrev der fylkeskommunen overfører aksjar i holdingselskapet til kommunane i Sogn og Fjordane. Fylkestinget godkjende også ein aksjonæravtale om eigarskapen i Sogn og Fjordane Holding AS mellom fylkeskommunen og kommunane. I tillegg slutta fylkestinget seg til at selskapet endrar vedtektene sine.<br><br>Sogn og Fjordane Holding AS skal følgje opp fylkestinget sitt vedtak, og gjere naudsynte endringar i vedtekter og aksjonæravtale. |
| **Mål med eigarskapen** | Finansielle mål, i tillegg til å sikre lokal eigarskap i SFE. |

# 6.5 Næringsutvikling

## Fjord Invest Såkorn AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapet sitt føremål er å investere i konkurransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane. |
| **Etablert** | 28.06.2004 |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Fylkeskommunal eigarprosent: 55,9<br><br>Aksjeposten sin pålydande verdi er 19 000 000 kr. Andre eigarar er mellom anna REKOMP (29,41 %) og Sparebanken Sogn og Fjordane (6,66 %).<br><br>Selskapet sin aksjekapital er på 34 000 000 kr fordelt på 34 000 aksjar, pålydande 1 000 kr. |
| **Forretningskontor** | Førde kommune |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova |
| **Rammer** | Vedtekter, opphavleg frå 18. mars 2011, sist endra i generalforsamling 19. juni 2015.<br><br>Aksjonæravtale, godkjent av fylkesutvalet i Sogn og Fjordane sak 17/11. |
| **Etiske retningsliner** | Styret i Fjord Invest Såkorn AS vedtok i sak 07/08 regelverk for corporate governance og internkontroll for selskapet. Har eigne rutinar for etiske retningslinjer (rutine 01). |
| **Generalforsamling** | Generalforsamlinga består av aksjeeigarane.<br><br>Fylkesordføraren er eigarutsending, og møtte på generalforsamlinga i 2019. |
| **Val av styre** | Etter vedtektsendringa i 2015 er det ikkje talfesta kor mange medlemer styret skal ha. Det er heller ikkje vedtektsbestemt valperiode, men praksis er at medlemene er valde for to år og følgjer aksjelova sine reglar. Generalforsamlinga vel valkomité for to år av gongen. |
| **Styresamansetning** | Etter generalforsamlinga i 2019 er styret sett saman slik:<br><br>Vidar Grønnevik (leiar) (vald for to nye år)<br>Eli-Grete Høyvik (eitt år att av valperioden)<br>Ingar Valvik (eitt år att av valperioden)<br><br>Valkomité:<br>Karen Marie Hjelmeseter (leiar, eitt år att av valperioden)<br>Bente Nesse (vald for to nye år) |
| **Styregodtgjersle for 2018 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | Styreleiar: 30 000 kr pr. år.<br><br>Styremedlem: 15 000 kr pr. år.<br><br>I tillegg vert det betalt 4000 kr pr. fysiske møte og 2000 pr. telefonmøte. |

| | |
|---|---|
| | Selskapet har ingen tilsette, men leiger administrative tenester av Fjord Invest Management AS. Forvaltningshonoraret til Fjord Invest Management AS var 1 279 261 kr i 2018, mot 1 188 900 kr i 2017. |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. |
| **Revisor** | Deloitte AS. |
| **Adresse** | Hafstadvegen 21, 6800 Førde |
| **Telefon/faks** | 95 00 01 20/ 947 74 175 |
| **E-post** | post@fjordinvest.no |
| **Nettadresse** | www.fjordinvest.no/ |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 0 | 0 | 0 |
| Driftsresultat | - 1 527 | - 1 416 | - 1 460 |
| Resultat etter skatt | - 1 112 | - 985 | -970 |
| Totalkapitalrentabilitet | -5 % | - 4 % | - 4% |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | - | - | - |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | - | - | - |
| Eigenkapitalprosent: | 99,6 % | 98,9 % | 99,3% |

| | |
|---|---|
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Selskapet har ingen driftsinntekter og driftsresultatet er såleis eit resultat av driftsutgiftene. Mesteparten av utgiftene er forvaltningshonorar. Forvaltninga av fondet sine investeringar er utkontraktert til Fjord Invest Management AS. Netto finansinntekter utgjorde 0,490 mill. kr slik at årsresultatet syner eit underskot på 0,970 mill. kr.<br><br>I 2018 vart ikkje porteføljeselskapa nedskrive. Balanseført verdi av porteføljen ved årsskiftet er om lag 19,4 mill. kr, noko som svarar til kostpris.<br><br>Selskapet har god likviditet og soliditet. Samla eigenkapital er på om lag 24 mill. kr og svarar til ein eigenkapitalprosent på 99,3 %. Mandatet til Fjord Invest Såkorn AS inneber høg risiko og det er difor viktig med god eigenkapitalprosent for å kunne bere eventuelle tap.<br><br>Likvide midlar (bankinnskot) utgjer 4,5 mill. kr mot ei kortsiktig gjeld på 0,166 mill. kr. |
| **Viktige hendingar** | I 2018 er det gjennomført éi ny investering og tre oppfølgingsinvesteringar i eksisterande portefølje. Eksisterande portefølje bestod i 2018 av sju selskap. |
| **Viktige planar dei komande åra** | Styret har fokus på arbeidet med å vidareutvikle selskapa i porteføljen. Fleire av selskapa er i ein tidleg utviklingsfase, og Fjord Invest Såkorn AS |

| | |
|---|---|
| | har ein variert portefølje når det kjem til fordeling av investert kapital på ulike bransjar. Dette kan bidra til at fondet vert mindre sårbart i høve utfordringar i enkelte bransjar, men styret understrekar likevel at investeringsmandatet til fondet medfører høg risiko.<br><br>Kapital er ein kritisk suksessfaktor for å nå selskapet sin visjon, og styret vil arbeide aktivt for å auke investeringskapasiteten i fondet. Selskapet har i 2019 selt ein eigarpost, noko som vil ha positiv påverknad på selskapet si økonomiske stilling. |
| **Mål med eigarskapen** | Næringsutvikling: Målet med eigarskapen er å vidareutvikle Fjord Invest Såkorn AS som eit viktig regionalt investeringsselskap for nyetablerte bedrifter. Gjennom eigarskapen i selskapet bidreg fylkeskommunen indirekte med kapital for å skape ny verksemd i Sogn og Fjordane. Dette er ei langsiktig investering for fylkeskommunen. |

## Fjord Norge AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det skal særskilt arbeidast med sesongutviding. |
| **Etablert** | 01.02.1993. |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Eigarprosent: Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har kvar ein eigarprosent på 8,9 som Vestland fylkeskommune overtek frå 01.01.20. Dette utgjer til saman 148 aksjar til ein verdi av 5000 kroner, totalt 740 000 kroner.[18]<br><br>Aksjekapitalen i selskapet er på 4,15 mill. kr. |
| **Forretningskontor** | Bergen. |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova. |
| **Rammer** | Vedtekter, sist endra på generalforsamling 31.05.16. |
| **Etiske retningsliner** | Årsmeldinga seier ikkje noko om etiske retningslinjer, men omtalar arbeidsmiljø, likestilling og ytre miljø. |
| **Generalforsamling** | Aksjonærane utgjer generalforsamlinga.<br><br>Fylkesordføraren er eigarutsending. |
| **Val av styre** | Styret består av ni medlemer som blir valde for to år av gongen. Fylkeskommunane peikar ut éin medlem kvar[18]. Generalforsamlinga vel styreleiar.<br><br>Selskapet har ein valkomité sett saman av fire medlemer, ein frå kvart fylke. |
| **Styresamansetning** | Etter generalforsamling i 2019 er styret sett saman slik:<br><br>Styreleiar: Terje Devold<br>Styremedlem: Anders Nyland |

[18] Fylkeskommunen har førebels ikkje motteke informasjon om endringsforslag når det gjeld storleiken på kvar fylkeskommune sin eigarpost eller styresamansetjing/utpeiking av medlemar. Av dei fire fylkeskommunane er det berre Sogn og Fjordane og Hordaland som skal slåast saman, og det kan oppstå spørsmål om Vestland fylkeskommune skal ha større aksjepost, og fleire rettar og plikter enn dei andre to.

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Styremedlem: Elisabeth Saupstad<br>Styremedlem: Erik Berg<br>Styremedlem: Elisabeth Bakken<br>Styremedlem: Elisabeth Faret<br>Styremedlem: Eivind Vartdal Ryste<br>Styremedlem: Steinar Aase<br>Styremedlem: Jan Heggheim<br><br>Valkomitéen for 2020: Kjetil Smørås, Tom Anker Skrede, Eva Melgren og Sigurd Kvikne. | | |
| **Styregodtgjersle for 2019 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | Styreleiar: 67 955 kr per år.<br><br>Styremedlem: 5 227 kr per møte.<br><br>Reisekostnader vert dekka etter rekning, diettgodtgjersle for reise til og frå styremøta vert dekka etter satsane til staten. Det vert ikkje gjeve godtgjersle for tapt arbeidsforteneste eller andre dokumenterte utlegg.<br><br>Løn og godtgjersler dagleg leiar: 1 302 860 kr. | | |
| **Fylkeskommunalt lån/garanti** | Nei. | | |
| **Revisor** | Bjørgvin revisjon AS. | | |
| **Adresse** | Nordre Nøstekaien 1, 5011 Bergen | | |
| **Telefon/faks** | 55 30 26 40. | | |
| **E-post** | info@fjordnorway.com | | |
| **Nettstad** | www.fjordnorway.com | | |
| **Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:** | | | |
| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
| Sum driftsinntekter | 38 460 | 36 893 | 41 885 |
| Driftsresultat | 51 | 1 | -39 |
| Resultat etter skatt | 5 | 5 | 8 |
| Totalkapitalrentabilitet | 1 % | 1 % | 1 % |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | - | 11 393 % | - |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | 13 % | 14 % | 12 % |
| Eigenkapitalprosent: | 47 % | 44 % | 33 % |
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Selskapet fekk eit tilnærma nullresultat (7 838 kr) i 2018. Selskapet har ikkje mål om profittmaksimering og resultatet tilseier difor eit normalt rekneskapssår.<br><br>Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet bidrog i 2018 med tilskot på 12,260 mill. kr, ein auke på 0,030 mill. kr frå i fjor. | | |

| | |
|---|---|
| | Selskapet har ikkje langsiktig gjeld og eigenkapitalen er god. |
| **Viktige hendingar** | Året 2018 var, som 2017, eit godt internasjonalt reiselivsår i Fjord Noreg-regionen. Veksten i 2018 var på 2,8 % og den nye internasjonale gjestedøgn-rekorden er 3,21 millionar overnattingar.<br><br>Fjord Noreg meiner veksten kjem av mange år med målretta marknadsføring, fleire og betre direkteruter til Noreg og Fjord Norge-regionen, svak norsk krone, og at Noreg opplevast som eit trygt reisemål.<br><br>Auken har bidrege til verdiskaping, men også utfordringar i høve kapasitet og infrastruktur på enkelte dagar. |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Ein prognose frå FNs reiselivsorganisasjon, UNWTO, tilseier at ein kan vente seg ein global vekst på 50 % for det internasjonale reiselivet fram mot 2030, i snitt 4 % per år. Fjord Norge AS ventar at Fjord Noreg-regionen vil kunne ha ein høgre vekst enn dette, mellom 50 og 70 %. Dersom denne veksten kjem i perioden mai til september vil landsdelen utan tvil få store utfordringar.<br><br>Dei viktigaste oppgåvene framover vert å spreie trafikken frå område med press til område med kapasitet, i tillegg til å utvikle eit reiseliv for heile året. Marknadsføring vert viktig for å få dei rette kundane til dei rette årstidene.<br><br>I 2018 lanserte Fjord Norge eit nytt konsept: «Go Viking in the Fjords». Målet er å hente fleire turistar i perioden oktober til april. |
| **Mål med eigarskapen** | Næringsutvikling og fylkeskommunale fellestiltak. |

## Framtidsfylket AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapet sitt føremål er drift og utvikling av ei felles trainee-ordning for alle private og offentlege verksemder i Sogn og Fjordane som arbeider for å fremje næringslivet i fylket, drift av nettportalen framtidsfylket.no og anna rekrutteringsarbeid som i vid forstand skal vere i verksemder si interesse. |
| **Etablert** | 01.02.2008 |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Eigarprosent: 2,8. Aksjane sin pålydande verdi: 17 000 kroner.<br><br>Andre eigarar er privat næringsliv i fylket, tre sparebankar i fylket, Stiftinga Vestlandsforsking, NHO Sogn og Fjordane og Sunnfjord Næringsråd. Framtidsfylket har også eigne aksjar.<br><br>Selskapet sin aksjekapital er 612 000 kroner fordelt på 612 aksjar, kvar pålydande 1 000 kroner. |
| **Forretningskontor** | Førde kommune |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova |
| **Rammer** | Vedtektene av 19.07.2009. |
| **Etiske retningsliner** | Selskapet omtalar ikkje etiske retningsliner i årsmeldinga. |
| **Generalforsamling** | Generalforsamlinga består av aksjonærane. Her gjev kvar aksje ei røyst. |

| | |
|---|---|
| | Aksjeeigarane har rett til å møte med fullmektig.<br><br>Fylkesordføraren er eigarrepresentant.<br><br>Adrian Husabø møtte på generalforsamlinga i 2019. |
| **Val av styre** | Generalforsamlinga vel valkomité. Styret skal bestå av 5-7 medlemmar. Styreleiar blir vald på generalforsamlinga. Aksjeeigarar i form av private bedrifter, organisasjonar som spring ut frå private bedrifter eller organisasjonar som private bedrifter eig, skal ha fleirtal i styret. |
| **Styresamansetning** | Etter generalforsamlinga i 2019 er styret sett saman slik:<br><br>Styreleiar: Nandor Helgheim<br>Styremedlem: Inger Johanne Osland<br>Styremedlem: Johanne Viken Sandnes<br>Styremedlem: Olav Hjelle<br>Styremedlem: Trude Ramstad<br>Styremedlem: Hilde Grinde<br>Møtande vara: Øyvind Reed<br><br>Valnemnd: Trine Lerum Hjellhaug og Tore Dvergsdal. Administrasjonen har fått fullmakt til å finne ein representant til. |
| **Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | På generalforsamlinga vart det vedteke at det ikkje skal betalast ut styrehonorar. Honorar for arbeid med prosjekt og oppgåver utover vanleg styrearbeid kan avtalast med dagleg leiar.<br><br>Løn dagleg leiar: 487 500 kr. Anna godtgjersle: 4 026 kr. Til saman: 491 526 kr. |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. |
| **Revisor** | Deloitte AS. |
| **Adresse** | Naustdalsvegen 1B, 6800 Førde. |
| **Telefon/faks** | 990 17 852 |
| **E-post** | linda@framtidsfylket.no |
| **Nettadresse** | www.framtidsfylket.no |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 4 638 | 5 097 | 5 698 |
| Driftsresultat | 61 | 80 | -374 |
| Resultat etter skatt | 62 | 81 | -380 |
| Totalkapitalrentabilitet | 3 % | 4 % | -17 % |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | - | - | - |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | 28 % | 27 % | 17 % |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Eigenkapitalprosent: | 59 % | 63 % | 48 % |

| | |
|---|---|
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Rekneskapen for 2018 syner eit underskot på 379 761 kr. I følgje årsmeldinga skuldast underskotet i stor grad endringar i organisasjonen med blant anna tilsetting av dagleg leiar.<br><br>Selskapet har som målsetjing å vera eit non-profitt selskap.<br><br>Selskapet har ingen langsiktig gjeld, og ei kortsiktig gjeld på om lag 1,1 mill. kr. Med ein eigenkapital på 1 mill. kr utgjer den 48% av totalkapitalen og syner god soliditet. Omløpsmidlar er på omlag 2,1 mill. kr. Dette gir ein arbeidskapital på 17 %, noko som syner at selskapet har god likviditet. |
| **Viktige hendingar** | I 2018 har selskapet arrangert karrieremesser i Trondheim og Bergen.<br><br>Framtidsfylket har hatt 26 traineear i løpet av året, og held med det posisjonen sin som eit av Noregs største regionale traineeprogram. Talet traineear ser ut til å auke i året som kjem, og det er også kome med nye traineebedrifter. Det er no venteliste på bedrifter som vil med. Av totalt 650 søkarar til stillingane var 70 % personar som ikkje kjem frå fylket.<br><br>I samarbeid med Sogn og Fjordane Næringsråd har selskapet fått på plass eit vidareutdanningsprogram gjennom NHH/AFF, som kan inngå som del av eit masterprogram i leiing. Målet er oppstart hausten 2019.<br><br>Året 2018 har vore eit omstillingsår for Framtidsfylket med ny dagleg leiar og ny styreleiar. |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Selskapet har i 2017-2018 utforma eit prosjekt om Merkevara Sogn og Fjordane, og søker no finansiering.<br><br>Framtidsfylket AS har sidan oppstart hatt ei grunnfinansiering frå Stiftinga REKOMP. Denne støtta har vore avgjerande for drifta. Selskapet har denne støtta fram til og med halve 2020. Ifølgje årsmeldinga ser styret det som avgjerande for framtidig drift at selskapet klarer å finne ei driftsform og ei anna finansieringsstøtte som gjer det mogleg å halde fram med høg aktivitet på vegner av næringslivet også etter 2020.<br><br>Rekrutteringsutfordringar vil auke betydeleg i åra som kjem, og det betyr at selskapet og eigarverksemdene må ha fokus på fleire tiltak på alle samfunnsnivå. Godt samarbeid med regionar, næringsliv, utdanningsaktørar og fylket legg grunnlaget for at ein kan lukkast i større grad enn om ein står aleine.<br><br>Frå 2020 er fylket ein del av Vestland fylke, og i ei eigarundersøking hausten 2018 fekk selskapet tilbakemelding om at Framtidsfylket må sjå mot Vestland og dei moglegheitene det gir. Derfor initierte styret i Framtidsfylket denne våren eit forprosjekt for å kartlegge behov og interesser for Framtidsfylket sine produkt og tenester i heile det nye fylket. Til å hjelpe selskapet i denne prosessen, har selskapet engasjert PwC. Framtidig forretningsmodell, m.a. geografisk fokus, produkt og tenester, organisering, samarbeidspartnarar og finansiering, var tema på eigarmøte 6. juni. Ny forretningsmodell skal vedtakast på ekstraordinær generalforsamling hausten 2019. |
| **Mål med eigarskapen** | Næringsutvikling: Fylkeskommunen vart aksjonær hausten 2009 etter ein retta emisjon i selskapet. Grunngjevinga for å gå inn på eigarsida var at selskapet allereie var ein viktig samarbeidspartnar for fylkeskommunen, samt at selskapet oppfyller dei kriteria som fylkeskommunen har for eigarskap i selskap. Selskapet bidrar til å skaffe kompetent arbeidskraft til næringslivet og offentlege etatar i fylket. |

## Gulen og Masfjorden Utvikling AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapet har som føremål å legge til rette for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden. Selskapet skal, ved å vere ein pådrivar og koordinator for private aktørar, medverke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid, og vere ein pådrivar for at næringslivet skal få ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling. Selskapet kan drive kjøp/sal og ha anna verksemd i samband med dette. Selskapet kan delta i andre selskap med liknande verksemd. Selskapet skal ha eit nært samarbeid med Gulen/Masfjorden Næringsråd. |
| **Etablert** | 27.06.2008 |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar eig høvesvis 22,4 og 9,7 % av selskapet. Frå 01.01.20 vil Vestland fylkeskommune eige 32,1 % av selskapet[19]. Aksjane sin samla pålydande verdi er 1 656 948 kroner.<br><br>Andre eigarar er Gulen kommune, Masfjorden kommune og SIVA.<br><br>Selskapet sin aksjekapital er på 5 156 250 kroner fordelt på 20 625 aksjar à 250 kroner. |
| **Forretningskontor** | Gulen kommune. |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova. |
| **Rammer** | Vedtektene, sist revidert 09.06.2016. |
| **Etiske retningsliner** | Ikkje rapportert om. |
| **Generalforsamling** | Eigarane utgjer generalforsamlinga. Innkalling til ordinær generalforsamling skal vere sendt ut seinast 14 dagar før.<br><br>Fylkesordføraren er utsending til selskapet. Audhild B. Schaathun representerte fylkeskommunen på generalforsamling i 2019. |
| **Val av styre** | Styret skal bestå av tre til ni personar som vert valde for to år om gangen. Halvparten av medlemane skal vere på val kvart år. I tillegg kan det veljast ein til tre vara. Minst 50 prosent av styremedlemene skal veljast frå næringslivet i Gulen og Masfjorden kommunar. Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar.<br><br>Styremedlemar vert føreslegne av ei valnemnd. Valnemnda skal bestå av tre eller fleire medlemer som vert valde av generalforsamlinga med ei tenestetid på to år. Generalforsamlinga vel leiar i valnemnda. Generalforsamlinga vedtek instruks for valnemnda. |
| **Styresamansetning** | Etter generalforsamlinga i 2019 er styret sett saman slik:<br><br>Styreleiar: Hallvard Oppedal<br>Nestleiar: Karstein Totland<br>Styremedlem: Audhild B. Schaathun<br>Styremedlem: Sigmund Holmaas.<br>Styremedlem Solveig D. Kristiansen. |

[19] Ifølgje selskapsvedtektene skal minst 50% av styremedlemane skal veljast frå næringslivet i kommunane Gulen og Masfjorden. Av eigarane er det berre Sffk og Hfk som skal slå seg saman.

| | |
|---|---|
| | Styremedlem: Njål Wilberg.<br>Styremedlem: Frode Kversøy. |
| **Styregodtgjersle for 2019 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | Styreleiar: 20 000 kroner.<br><br>Styremedlemer: 15 000 kroner.<br><br>Styrerepresentantane frå Gulen og Masfjorden kommunar avstår frå å få styrehonorar.<br><br>Godtgjersle til valnemnda: 2000 kroner.<br><br>Løn dagleg leiar: 671 920 kroner; andre godtgjersler: 4861 kroner. Til saman: 676 736 kroner. |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. |
| **Revisor** | Bjørgvin Revisjon AS. |
| **Adresse** | Sløvåg, 5960 Dalsøyra. |
| **Telefon/faks** | 90 14 20 25 |
| **E-post** | ragnhild@gmu.no |
| **Nettadresse** | www.gmu.no |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (1000 kroner) | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 889 | 843 | 875 |
| Driftsresultat | -148 | -360 | -266 |
| Resultat etter skatt | 112 | -48 | -516 |
| Totalkapitalrentabilitet | 0,9 % | -0,3 % | -0,2 % |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | - | - | - |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | 1 486 % | 1 561 % | 1 471 % |
| Eigenkapitalprosent: | 99 % | 99 % | 99 % |

| | |
|---|---|
| **Økonomisk utvikling i tekst** | I 2018 hadde selskapet eit driftsresultat på – 0,516 mill. kr. Resultatet av den underliggande drifta er eit underskot på kr 70 267. Differansen er tapsførte rentekostnader på verdipapir. Det var budsjettert med eit underskot på 30 185 kr, og det auka underskotet skuldast i hovudsak lågare utbetaling av næringsfondet enn føresett som følgje av forseinka reguleringsprosess for eit prosjekt. Det er inntektsført 148 496 kr i renter på lån GMU har til Sløvåg Næringsbygg AS i 2018.<br><br>Av driftsinntektene på 0,875 mill. kr har selskapet motteke driftstilskot frå Gulen kommune på 0,614 mill. kr og frå Masfjorden kommune på 0,250 mill. kr. |

| | |
|---|---|
| | Selskapet har ikkje langsiktig gjeld. Kortsiktig gjeld er berre 0,160 mill. kr og omløpsmidlar er om lag 13 mill. kr. Dette gir ein svært god arbeidskapital. Eigenkapitalen er på om lag 16,1 mill. kr, og utgjer 99% av totalkapitalen. Selskapet syner difor ein svært god soliditet. |
| **Viktige hendingar** | Næringsutvikling og profilering av regionen har vore viktige område også i 2018. Starthjelp til etablerarar, og støtte til søknad om offentlege midlar har blitt eit etablert tilbod frå Gulen og Masfjorden Utvikling (GMU).<br><br>I 2018 er talet på nyetableringar gått ned, medan tal verksemder som ønskjer hjelp til utforming av næringsfondsøknader o.l. held seg stabilt. Næringsfondet er viktig for å stimulere til næringslivssatsingar lokalt.<br><br>I 2018 har GMU fullført eit prosjekt for å styrke næringslivet i nord-austlege delar av regionen i samband med at Sogn Aqua etablerer landbasert anlegg for oppdrett av kveite der. Dette har resultert i fleire potensielle forretningsmoglegheiter knytt til reiseliv, hydrogen, og avfallshandtering.<br><br>Selskapet Matre Næringsbygg AS, som GMU har eigd 40 % av, vart avvikla mot slutten av 2018, sidan det ikkje har vore drift i verksemda sidan oppstart.<br><br>GMU har oppgåva som sekretær for Gulen og Masfjorden Næringsråd. |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | SIVA har tidlegare uttrykt ønskje om å selje sine aksjar i selskapet, og lokalt har andre SIVA-program vore pådrivar for samanslåing. I eigarmøte 31.05.2019 gav kommunane uttrykk for at dei er negative til dette. Det vart semje om å diskutere dette etter fylkessamanslåinga er gjennomført og ny eigarmelding er utarbeidd.<br><br>Stor aktivitet i næringslivet i regionen medfører at utsiktene til jobbskaping dei neste åra er solide. Det har vore ei større utfordring å skaffe nok arbeidskraft, sidan låg arbeidsløyse har medført at ein ikkje har noko reserve å ta av. I 2018 har det vore ein reduksjon i innbyggartalet i begge kommunane, og selskapet må derfor også ha fokus på arbeidskraft. |
| **Mål med eigarskapen** | Næringsutvikling: Eigarskapen i selskapet er i samsvar med fylkeskommunen sitt mål om å bidra til regional næringsutvikling. Selskapet bidrar til styrking av næringsgrunnlaget i Gulen og Masfjorden. |

## Innovasjon Norge

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapet er eit særlovselskap, der selskapets styre har eit sjølvstendig ansvar for verksemda og selskapet sine resultat.<br><br>Selskapet sitt føremål er å vere staten og fylkeskommunane sitt verkemiddel for å realisere verdiskapande næringsutvikling i heile landet, og bidra til å utvikle ulike distrikt og regionar sine næringsmessige moglegheiter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering. Innovasjon Norge skal samarbeide med Sametinget om næringsutvikling i samiske område.<br><br>Hovudmålet er at selskapet skal utløyse bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam utvikling og dei næringsmessige moglegheitene til dei ulike regionane. Selskapet skal utarbeide dokumentasjon om verksemda si evne til å oppfylle føremålet. |
| **Etablert** | 19.12.2003. |

| | |
|---|---|
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Selskapet er eigd av staten med 51 prosent og av fylkeskommunane med ein eigardel på til saman 49 prosent.<br><br>Fylkeskommunane sin innskotskapital skal vere til saman og likt fordelt 9 600 000 kr. Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har kvar ein eigarprosent på 2,58 og ein innskoten kapital på 505 474 kr. Dersom kvar fylkeskommune skal ha like stor eigardel etter gjennomføringa av regionreforma, må selskapet gjere endringar.<br><br>Den totale innskotskapitalen i selskapet er 19, 6 mill. kroner. Staten sin innskotskapital er 10 mill. kroner. |
| **Forretningskontor** | Oslo kommune. |
| **Rettslege rammer** | Lov om av 19.12.03 nr. 130 om Innovasjon Norge. |
| **Rammer** | Vedtektene datert 19.12.03, sist revidert 19.06.17.<br>Retningsliner for valkomiteen, sist revidert i 2019.<br>Eigaravtalen inngått i 2010, justert i 2018.<br>Eigarstrategi for felles eigarskap mellom NFD og fylkeskommunane (2018).<br>Strategiplan 2016-2020. |
| **Etiske retningsliner** | I 2015 vedtok styret Innovasjon Norges Bærekraftstrategi (2016-2020). Denne set rammene for alt arbeid i Innovasjon Norge og bygger på FNs berekraftsmål, prinsippa til FNs Global Compact, OECDs retningsliner for fleirnasjonale selskap og FNs rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar.<br><br>Selskapet sine krav til kundar og samarbeidspartnarar er omtalt i dokumentet: «God Forretningsskikk – Innovasjon Norges forventninger til kunder og samarbeidspartnere». Dokumentet baserer seg på dei same retningslinene og prinsippa som berekraftstrategien.<br><br>Innovasjon Norges forventningar og krav til eigne tilsette, tillitsvalde og konsulentar er skildra i selskapets etiske retningsliner og antikorrupsjonspolicy. Dei etiske retningslinene inneheld også eit eige kapittel om forretningsetikk. |
| **Føretaksmøte** | Eigarane møter på føretaksmøte. Styret i selskapet førebur saker til møtet.<br><br>Det er krav til simpelt fleirtal av innskotskapitalen som er representert i føretaksmøtet, dersom ikkje eit anna fleirtalskrav følgjer av vedtektene.<br><br>Fylkesordføraren er eigarutsending. Jan Heggheim møtte med fullmakt på føretaksmøtet i 2019. |
| **Val av styre** | Selskapet skal ha eit styre på minst ni medlemer. Ved handsaming av administrative saker vert styret supplert med ytterlegare to styremedlemer eller varamedlemer som vert vald av og blant dei tilsette. Medlemane vert valde for to år, og det er høve til å forlenge funksjonstida.<br><br>Val vert førebudde av ein valkomité.<br><br>Aksjelova sine føresegner om representasjon av begge kjønn i styre skal føljast. |
| **Styresamansetning** | Styret vart vald på føretaksmøte i 2018, og har funksjonstid fram til avslutta føretaksmøte i 2020. Styret er sett saman slik: |

| | |
|---|---|
| | Styreleiar: Gunnar Bovim.<br>Nestleiar: Jørand Ødegård Lunde.<br>Styremedlem: Sigbjørn Johnsen.<br>Styremedlem: Merethe Nygaard Kristiansen.<br>Styremedlem Eirik Wærness.<br>Styremedlem: Jan Løkling.<br>Styremedlem: Arvid Andenæs.<br>Styremedlem: Helene Falck Fladmark.<br>Styremedlem: Kristin Misund.<br>Tilsettvald styremedlem: Gaute Hagerup.<br>Tilsettvald styremedlem: Leela Borring Låstad.<br><br>Varamedlem: Britt Haraldsen<br>Varamedlem: Morten Brugård<br>Varamedlem: Tore Alfheim<br><br>Valkomitéen: Ingelise Arntsen (leiar), Gunn-Marit Helgesen og Cathrine Meland. |
| **Styregodtgjersle fastsett i 2019 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | Styreleiar: 317 652 kroner per år.<br><br>Nestleiar: 190 180 kroner per år.<br><br>Styremedlemer: 158 312 kroner per år.<br><br>Tilsettevalde styremedlemer: 102 080 kroner per år.<br><br>Tilsettevalde varamedlemer: 5 140 kroner per møte.<br><br>Medlemer av valkomitéen: 3 906 kroner per møte.<br><br>Løn administrerande direktør: 2 803 000 kroner, andre godtgjersler: 10 000. Til saman: 2 814 000 kroner. |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. |
| **Revisor** | Deloitte AS. |
| **Adresse** | Postboks 448 Sentrum, 0104 Oslo. |
| **Telefon/faks** | 22 00 25 00. |
| **E-post** | post@innovasjonnorge.no |
| **Nettadresse** | www.innovasjonnorge.no |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (mill. kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 1 217 | 1 214 | 1 279 |
| Driftsresultat | -161 | -160 | -179 |
| Resultat etter skatt | 211 | 301 | 208 |
| Totalkapitalrentabilitet | 2 % | 2 % | 2 % |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | 2 % | 2 % | 2 % |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | 82 % | 76 % | 65 % |
| Eigenkapitalprosent | 16 % | 15 % | 15 % |
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Driftsinntektene i 2018 er på 1 279 mill. kr. Rekneskapen viser eit overskot etter finans på 0,2 mill. kr.<br><br>Frå fond for risikolån og garantiar vert det overført om lag 17,5 mill. kr til eigarane. Av dette får Sogn og Fjordane fylkeskommune 1,6 mill. kr.<br><br>Eigenkapitalprosenten er på 15 %. Arbeidskapitalen i prosent av driftsinntekter er noko svekka, men syner likevel god likviditet. Lønnsemd og sjølvfinansiering i prosent av driftsinntekter ligg stabilt. | | |
| **Viktige hendingar** | I 2018 har Innovasjon Norge arbeidd for regjeringa sitt mål om å omstille norsk økonomi, ved å bidra til auka eksport og internasjonalisering gjennom risikoavlasting og rådgjeving, auke tilgangen på risikokapital til norsk næringsliv, og å gje oppdragsgjevarane innovasjonspolitiske råd.<br><br>Innovasjon Norge fekk til saman 4,1 milliardar kroner frå Stortinget og fylkestinga i 2018. Saman med låneordningane, bidrog Innovasjon Norge med 7,2 milliardar kroner til næringslivet i 2018. Midlane frå Innovasjon Norge utløyste investeringar i næringslovet på til saman 21,4 milliardar kroner i 2018. Tala for 2018 frå Samfunnsøkonomisk Analyse AS (SØA) indikerer at effekten av støtte frå Innovasjon Norge held seg på eit høgt nivå. I analysen har verksemder med støtte ein årleg meirvekst samanlikna med kontrollgruppa.<br><br>I 2018 har selskapet arbeidd vidare med å innføre ein enklare tenestemodell, slik at tilbydde tenester samsvarar betre med kundens behov.<br><br>I 2018 har selskapet tilpassa kontorstrukturen til dei nye fylkesgrensene og prioritert å styrke samarbeidet i det regionale partnarskapet. Regionkontora og fylkeskommunane har fått auka tilgang til data for å kunne utvikle treffsikker regional innovasjonspolitikk. Selskapet si toppleiing sentralt og regionalt har saman gjennomført strategiske møte med dei fylkeskommunale eigarane i løpet av året.<br><br>I 2018 fekk selskapet stor mediemerksemd knytt til konkrete hendingar og forhold rundt selskapet. Både styret og administrasjonen har følgd opp kontakten med media i samband med desse sakene. | | |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | I 2019 gjennomfører regjeringa ein heilskapleg områdegjennomgang av det næringsretta verkemiddelapparatet i Noreg, mellom anna for å sjå på korleis verkemidla og aktørane fungerer saman. Innovasjon Norge ser behovet for ein slik gjennomgang, og vil ta med seg resultata frå områdegjennomgangen i utarbeidinga av selskapsstrategien for neste periode.<br><br>Selskapet har sidan 2014 vore i omstilling, når det gjeld arbeidsprosessar, organisering og nye digitale flater. Digitaliseringsprosessen har vore meir krevjande og teke meir tid enn planlagt. Selskapet har m.a. flytta heile si applikasjonsportefølje til sky, lansert delingsplattform og felles informasjonsmodell for tenester til alle tilsette. Styret ønskjer at selskapet sine digitale ambisjonar vert vurderte i det komande arbeidet med å utvikle ny strategi for selskapet, og at det vert lagt til rette for eit temposkifte i digitaliseringsarbeidet i komande år. | | |

| | |
|---|---|
| | Tidlegare administrerande direktør fråtredde si stilling ved årsslutt 2018. Rekruttering av ny administrerande direktør er i gang og er venta å vere på plass i løpet av andre halvdel av 2019. |
| **Mål med eigarskapen** | Innovasjon Norge er ein viktig reiskap i næringsutviklinga i Noreg og på Vestlandet. |

## Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapet skal medverke til auka verdiskaping og nyetablering innanfor kunnskapsintensive verksemder lokalt og regionalt, og å få nasjonalt kunnskapsbaserte arbeidsplassar til fylket.<br><br>Selskapet skal vere ein pådrivar overfor næringslivet og forskings- og høgskulemiljøet i fylket og på den måten stimulere til kommersialisering av FoU-resultat og forretningsidear med stort potensiale.<br><br>Selskapet skal gjennom det nasjonale SIVA-nettverket for innovasjon og nyskaping fungere som eit nav med næringshagane i det lokale nettverket, for å oppnå meirverdi av den etablerte kunnskapen i fylket.<br><br>Selskapet skal ha ein desentralisert oppbygnad, og gjennom formidling av idear og kompetanse initiere og medverke til nyskaping og omstilling i næringslivet i fylket.<br><br>Selskapet kan eige aksjar i andre selskap og gå inn med kapital i nyetablerte verksemder og verksemder som er i ein utviklingsfase, og skal gjennom slike investeringar og fortløpande prosjektoppdrag, også oppnå lønsemd for selskapet. Selskapet skal ha ein innløysingsavtale for aksjeinvesteringane. |
| **Etablert** | 06.07.2001. |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Eigarprosent: 38,17. Aksjane sin pålydande verdi: 2 500 000 kroner.<br><br>Andre eigarar: Fjord Invest Såkorn AS, SIVA, Sogndal kommune, Stryn Næringshage, Helse Førde og Sparebanken Sogn og Fjordane.<br><br>Aksjekapitalen er på 6 550 000 kroner fordelt på 6 550 aksjar à 1000 kroner. |
| **Forretningskontor** | Sogndal kommune. |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova. |
| **Rammer** | Vedtekter av 10.09.2004. Strategiplan 2013-2015, sist oppdatert 7. mai 2013. |
| **Etiske retningsliner** | Verdigrunnlaget for selskapet er omtala i strategiplanen. |
| **Generalforsamling** | Ikkje noko særskilt regulert.<br><br>Fylkesordføraren er eigarrepresentant.<br><br>Karen Marie Hjelmeseter møtte på generalforsamlinga i 2019. |
| **Val av styre** | Styret skal vere sett saman av fem til sju medlemer. |

| | |
|---|---|
| | Selskapet har valkomité. Komiteen skal i tillegg til innstilling av styre, også ta stilling til honoraret til styret. |
| **Styresamansetning** | Etter generalforsamlinga i 2019 er styret sett saman slik:<br><br>Styreleiar: Vidar Grønnevik.<br>Styremedlem Hjørdis Vik.<br>Styremedlem: Bjørg Kristin Selvik.<br>Styremedlem: Terje Laberg.<br>Styremedlem: Endre Høgalmen.<br>Styremedlem: Ragnar Waalen.<br><br>Varamedlem: Astrid Hove.<br><br>Valkomiteen: Karen Marie Hjelmeseter (leiar), Aud Ingrid Espeland og Jarle Aarvoll. |
| **Styregodtgjersle 2018 og dagleg leiars godtgjersle 2018** | Styreleiar: 35 000 kroner per år, pluss 3 000 kroner per møte.<br><br>Styremedlemer: 7 000 kroner per år, pluss 3 000 per møte.<br><br>Ved deltaking på møte per video/telefon frå heim eller arbeidsplass vert møtegodtgjersla utbetalt med 50 prosent.<br><br>Dagleg leiar si løn: 861 644 kroner; anna godtgjersle: 10 186 kroner; pensjonskostnader: 37 048 kroner. Til saman: 908 878 kroner. |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. |
| **Revisor** | PricewaterhouseCoopers AS. |
| **Adresse** | Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 Sogndal. |
| **Telefon/faks** | 95 20 65 74 |
| **E-post** | kjetil@kpsf.no |
| **Nettadresse** | www.kpsf.no |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (1000 kr) | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---:|---:|---:|
| Sum driftsinntekter | 6 995 | 6 994 | 7 164 |
| Driftsresultat | 2 | -216 | - 982 |
| Resultat etter skatt | 35 | 1 516 | - 983 |
| Totalkapitalrentabilitet | 0,4 % | 18 % | -10 % |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | - | - | - |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | 93 % | 101 % | 82 % |
| Eigenkapitalprosent: | 88 % | 89 % | 85 % |

| | |
|---|---|
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Rekneskapen syner eit underskot på om lag 1 mill. kr. Underskotet skuldast i stor grad bokførde kostnadar med kommersialisering av forskingsprosjektet NORSE-feedback – Mental Health Informatics AS. Det er regulert i eige avtaleverk mellom Helse Førde og Kunnskapsparken at Kunnskapsparken sine kostnadar i prosjektet skal trekkast frå ved fordeling av gevinst ved eventuelt sal.<br><br>Eigenkapitalen er redusert som følgje av det negative resultatet. Men med ein eigenkapital på om lag 7,3 mill. kr ved utgangen av 2018 er selskapet sin likviditet og soliditet god. |
| **Viktige hendingar** | Året 2018 har vore eit aktivt år for Kunnskapsparken, og særleg for inkubatorsatsinga. Ei oppteljing syner at selskapet har nådd dei fleste måla sine med god margin og at det totalt sett har overprestert i høve mål- og handlingsplanen. Som operatør innanfor SIVA sitt næringshage- og inkubasjonsprogram, klatrar selskapet i tilskotsmodellen og får auka tilskot.<br><br>Selskapet tilbyr kontorfasilitetar for gründerar og vekstbedrifter i Sogndal, Førde og Stryn.<br><br>I 2018 var selskapet med på å etablere SITEP AS (Senter for Innovasjon, Teknologi og prosess) i Årdal. Kunnskapsparken har også inngått ein samarbeidsavtale med Aksello, ein annan inkubator, for å styrke inkubatorsatsinga i fylket.<br><br>Selskapet har hatt spesielt fokus på investoraktivitet, og mellom anna arrangert samlingar for å førebu bedriftene på dialog med potensielle investorar, og ein kapitaldag der selskapa kunne presentere seg for og kome i kontakt med investormiljøet.<br><br>Samarbeidet med Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet har resultert i fleire spennande og nyskapande idear som selskapet kommersialiserer på vegner av oppdragsgjevar.<br><br>Kunnskapsparken og næringshagane tilknytt SIVA sitt Næringshageprogram, har i 2017-2018 gjennomført eit innovasjonsstrukturprosjekt, der ein har sett på korleis ein kan styrke innovasjonsmiljøet i Sogn og Fjordane og yte betre tenester til næringslivet. Kunnskapsparken var medarrangør av Næringsdagane 2018.<br><br>I 2018 deltok Kunnskapsparken m.a. på fleire etablerarkurs i regi av fylkeskommunen, i interessentgruppa til Interreg-prosjektet P-IRIS og på Framtidsfylket sine karrieremesser. |
| **Viktige planar for dei komande åra** | Selskapet har eit potensial knytt til spin-offs og knoppskyting i etablert næringsliv. Desse områda vil selskapet jobbe målretta med i 2019, jf. ny strategiplan og handlingsplan.<br><br>Innovasjonsnettverket Inunet Hordaland vert utvida til Inunet Vestland, og Kunnskapsparken kjem til å ha ei aktiv rolle i prosjektgruppa. |
| **Mål med eigarskapen** | Føremålet med eigarskapen er næringsutvikling. Gjennom eigarskap i selskapet og Fjord Invest Såkorn AS har fylkeskommunen vore utløysande for å etablere ein reiskap for nyskaping og utvikling i regionen. |

## Lutelandet Utvikling AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapet sitt føremål er å arbeide for utnytting av Lutelandet til næringsføremål, samt arbeide for næringsutvikling i regionen rundt Lutelandet. |
| **Etablert** | 26.05.2005. |
| **Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel** | Eigarprosent: 48. Aksjane sin pålydande verdi: 768 000.<br><br>Andre eigarar er Fjaler kommune (34 %), Askvoll kommune (6 %), Hyllestad kommune (6 %) og Solund kommune (6 %).<br><br>Selskapet sin aksjekapital er kr 1 600 000,- fordelt på 1 600 aksjar à kr 1 000,-, fullt innbetalt og lydande på namn.<br><br>Etter § 11 i vedtektene er det avgrensingar knytt til omsetning av aksjane. |
| **Forretningskontor** | Fjaler kommune. |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova. |
| **Rammer** | Vedtektene av 4.11.2010. |
| **Etiske retningsliner** | Er ikkje omtalt. |
| **Generalforsamling** | Følgjer reglane om generalforsamling i aksjelova.<br><br>Fylkesordføraren er eigarutsending til selskapet.<br><br>Audun Erik Sunde møtte på ordinær generalforsamling i 2019. |
| **Val av styre** | Styret skal ha tre til fem medlemer. Fylkeskommunen peikar ut minst ein representant.<br><br>Selskapet har valkomité. |
| **Styresamansetning** | Etter generalforsamlinga i 2019 er styret sett saman slik:<br><br>Styreleiar Arve Helle<br>Audun Erik Sunde (fylkeskommunen)<br>Ingunn Sognnes<br>Leonora Laukeland Kleiven<br>Geir Opseth<br><br>Valnemnd:<br>Ole Andrè Klausen (leiar), Hilmar Høl og Bente Nesse. |
| **Styregodtgjersle for 2019 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | Styreleiar: 60 000 kr.<br><br>Andre styremedlemmar: 3 000 kr per møte og 1 000 kr per telefonmøte.<br><br>Selskapet har i 2018 sysselsett 0,2 årsverk. Arve Helle fungerer både som styreleiar og dagleg leiar i ei avgrensa stilling. |
| **Fylkeskommunalt lån/garanti** | Nei. |
| **Revisor** | Deloitte AS. |

| | |
|---|---|
| **Adresse** | v/Accountor HAFS, Postboks 13, 6961 DALE I SUNNFJORD |
| **Telefon/faks** | 57 73 63 22. |
| **E-post** | arve@lutelandet.no |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (1000 kr) | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 252 | 300 | 222 |
| Driftsresultat | -1 998 | -1 666 | -904 |
| Resultat etter skatt | 230 | -14 094 | 1 388 |
| Totalkapitalrentabilitet | 1 % | 2 % | 4 % |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | 10 % | 745 % | 90 % |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | -142 % | - 60 % | 412 % |
| Eigenkapitalprosent: | 94 % | 93 % | 91 % |

| | |
|---|---|
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Lutelandet Utvikling AS leverer eit negativt driftsresultat på om lag 1 mill. kr. Delar av årsaka til dette er eit administrativt bidrag på 0,420 mill. kr til HAFS Utvikling AS i 2018. I 2017 var det kostnadsført 1,2 mill. kr – som forklarar endringa i driftsresultatet i 2018 i høve 2017. HAFS Utvikling AS vart avvikla i 2018.<br><br>Vidare har Lutelandet utvikling AS eit årsresultat på om lag 1,4 mill. kr i 2018. Betringa i høve 2017 skuldast at det i 2017 vart føreteke ei ekstraordinær nedskriving med om lag 14,7 mill. kr av eigarposten i Lutelandet Eigedom (LE). Finansinntektene utgjer 2,4 mill. kr som er utbytte frå eigarposten i Lutelandet Eigedom AS.<br><br>Den sterke eigenkapitalen i selskapet kjem i hovudsak frå verdien på aksjane i Lutelandet Eigedom AS på om lag 32 mill. kr. |
| **Viktige hendingar** | Etter å ha gjennomført ulike kartleggingar og undersøkingar vart eigarkommunane i 2017 samde om avvikling av dotterselskapet HAFS Utvikling AS. Avviklinga fann stad i 2018.<br><br>I 2018 har drifta av Lutelandet Utvikling vore på eit minimum, og styreleiar har utført oppgåvene knytt til drift av selskapet.<br><br>Drifta av Lutelandet Utvikling AS er hovudsakleg finansiert gjennom leigeinntekter frå dotterselskapet Lutelandet Eigedom AS, som vart skipa i 2008. Lutelandet Eigedom AS eig eit industriareal regulert til industriformål. Industriarealet er utleigd- og festa bort til LLOF Site & Dry Dock AS (dotterselskap av Lutelandet Offshore AS).<br><br>NVE har gjeve konsesjon til vindkraftanlegget på Lutelandet. Lutelandet Eigedom har overført retten til å drive anlegget til Lutelandet Energipark AS. |

| | |
|---|---|
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Styret rapporterer om at selskapet sin likviditet er sikra gjennom avtalefesta inntekter, og at det ligg til rette for framleis drift.<br><br>Lutelandet Offshore AS avslutta rivinga av YME-plattforma ved industriarealet på Lutelandet i mars 2019 og har avslutta samarbeidet med selskapet Veolia. |
| **Mål med eigarskapen** | Selskapet er eit reint utviklingsselskap som skal verke for utnytting av Lutelandet i Fjaler som industriområde. Selskapet vart skipa i 2005 med Sogn og Fjordane fylkeskommune som hovudaksjonær. |

## Njøs Næringsutvikling AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapet sitt føremål er å drive med rådgjeving og produkt- og marknadsutvikling. Selskapet skal leie utviklingsprosjekt primært retta mot frukt og bær og andre prioriterte landbruksprodukt. Vidare skal selskapet kunne investere i andre selskap i same bransje. |
| **Etablert** | 29.08.2007. |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Eigarprosent: 22,2. Aksjeposten sin pålydande verdi: 100 000 kr.<br><br>Andre eigarar: Graminor AS, Gartnerhallen, Lerum AS, Innvik Fruktlager, Sognefrukt, Lærdal Grønt, Vangsnes Grønt, Luster Grønt, Sognabær og Gloppen Produsentlag.<br><br>Selskapet sin aksjekapital er på 450 000 kr fordelt på 45 aksjar á 10 000 kr fullt innbetalt og lydande på namn. |
| **Forretningskontor** | Leikanger kommune. |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova. |
| **Rammer** | Vedtektene av 29.08.2007. |
| **Etiske retningsliner** | Vert ikkje omtala i årsmeldinga. |
| **Generalforsamling** | Innkalling til generalforsamling skjer med minimum 14 dagars varsel.<br><br>Fylkesordføraren er eigarutsending frå fylkeskommunen.<br><br>Endre Høgalmen møtte med fullmakt på generalforsamlinga i 2019. |
| **Val av styre** | Styret består av tre til seks medlemer etter generalforsamlinga si nærare avgjerd. Generalforsamlinga vel styret sin leiar ved særskilt val for eit år om gongen. Selskapet har valnemnd. |
| **Styresamansetning** | Etter generalforsamlinga i 2019 er styret sett saman slik:<br><br>Randi Smelien (styreleiar)<br>Jens Terje Hammervoll<br>Eyvind Reme<br>Jan Audun Larsen<br>Anders Voll Eltun<br>Ellen-Margrethe Hovland<br><br>Valnemnd:<br>Mathias Hestenes (leiar)<br>Ivar A. Slinde |

| | |
|---|---|
| **Styregodtgjersle for 2018 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | Styregodtgjersla er uendra frå året før.<br><br>Styreleiar: 10 000 kr.<br><br>Styremedlem: 5 000 kr.<br><br>Møtegodtgjersle for alle: 1 700 kr pr. styremøte.<br><br>Telefonmøte: 500 kr pr. møte.<br><br>Reiser skal refunderast etter staten sitt regulativ.<br><br>Dagleg leiar: 484 279 kr i løn, 9 671 kr i pensjonsytingar og 1 508 kr i anna godtgjersle. Til saman 495 458 kr. |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. |
| **Revisor** | Deloitte AS. |
| **Adresse** | Njøsavegen 5, 6863 Leikanger. |
| **Telefon/faks** | 957 34 576. |
| **E-post** | post@njos.no |
| **Nettadresse** | www.njos.no/ |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 5 925 | 5 137 | 6 025 |
| Driftsresultat | 113 | 39 | 93 |
| Resultat etter skatt | 81 | 30 | 74 |
| Totalkapitalrentabilitet | 3 % | 1 % | 3 % |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | - | - | - |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | 28 % | 32 % | 29 % |
| Eigenkapitalprosent: | 53 % | 60 % | 54 % |

| | |
|---|---|
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Rekneskapen syner eit årsresultatet på 0,074 mill. kr. Overskotet vert tilført eigenkapitalen. Eigenkapitalen utgjer no 54 % av totalkapitalen, og syner ein reduksjon i høve 2017. Dette skuldast ein auke i den kortsiktige gjelda. Selskapet har ingen langsiktig gjeld, men har ei kortsiktig gjeld på om lag 1,8 mill. kr (mot 1,3 mill. kr i 2017) og omløpsmidlar på om lag 3,5 mill. kr (mot 3 mill. kr i 2017). |
| **Viktige hendingar** | Graminor sitt styre vedtok i desember 2018 å flytte jordbærforedlinga til Njøs, under føresetnad av at regionale interesser og noverande eigarar stiller opp for utvikling av eit nytt selskap der, som ei vidareutvikling av eksisterande selskap. Det er utarbeidd eit prospekt der ein går inn for å etablere to nye selskap,  Norsk frukt- og bærsenter AS (driftsselskap) og Njøs Eigedom AS (eigedomsselskap). Begge selskapa er gjensidig |

| | |
|---|---|
| | avhengige av kvarandre og begge treng finansiering for å kunne utvikle konseptet Norsk frukt- og bærsenter på Njøs.<br><br>Norsk frukt- og bærsenter AS skal m.a. utføre frukt- og bærforedling på oppdrag frå Graminor innanfor eple, plomme, jordbær og bringebær. Senteret skal etter planen få ei tydeleg nasjonal oppgåve ved å bidra til at næringa får konkurransedyktige sortar. I tillegg vil senteret ha oppgåver som m.a. å følgje opp pæresortar som er utvikla og vidareføre oppgåver som i dag ligg til Njøs Næringsutvikling.<br><br>Njøs Eigedom AS skal etter planen kjøpa eigedomen på Njøs, og saman med regionale aktørar utvikle eigedomen slik at den vert tenleg for Norsk frukt- og bærsenter og andre leigetakarar. |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Den ovanfor omtalte omorganiseringa kan, ifølgje selskapet, gje stasjonen eit stort løft som både vil koma regionen til nytte, og vera viktig for norsk frukt- og bærproduksjon. Den inneber ei stor satsing på frukt og bær basert på norske sortar og plantemateriale, samstundes som det er ei satsing på Vestland sin nasjonale posisjon innan utvikling og innovasjon i frukt og bær. Frukt og bær er ifølgje selskapet eit område i vekst, der alle trendar og planar er samstemte om at forbruket skal auke med bakgrunn i folkehelsa.<br><br>I 2019 har Sogn og Fjordane fylkeskommune forplikta seg til å yte eit tilskot på til saman seks millionar kroner til prosjektet Infrastruktur ved Njøs Eigedom, som skal gje grunnlag for drift av Norsk frukt- og bærsenter. Til grunn for vedtaka i fylkesting og hovudutval, ligg visse vilkår. Det står enno att avklaringar knytt til mellom anna kostnadsgrunnlag og statsstøtteregelverk før fylkeskommunen kan skrive endeleg tilskotsbrev med vilkår for tilskotet.<br><br>Selskapet har fått stadfesta at kommunane i fylket vil bidra med til saman 3 450 000 kroner. Totalt er 56 prosent av budsjettet dekka opp så langt, og selskapet vil derfor vurdere ei stegvis utbygging, arealbehovet og om det er noko som kan kuttast ut, og kor høg gjeldsbelastning Njøs Eigedom kan tola.<br><br>Utover hausten vil selskapet vedta framdriftsplanar for selskapsdanning, og utarbeide detaljplanar saman med Graminor. Aksjekapitalen til Norsk-frukt og bærsenter AS er planlagt utvida. Styret i Graminor vil gjere endeleg vedtak om samling av frukt- og bærforedlinga til Njøs og Norsk frukt- og bærsenter i løpet av hausten 2019. |
| **Mål med eigarskapen** | Næringsutvikling: Føremålet ved opprettinga var å sikre vidareføring av det viktige FoU-miljøet på Njøs, og sikre langsiktig satsing på kompetansebygging for å bidra til vekst/lønsemd i frukt- og bærnæringa i fylket.<br><br>I 2019 har Sogn og Fjordane fylkeskommune forplikta seg til å yte eit tilskot på til saman seks millionar kroner til prosjektet Infrastruktur ved Njøs Eigedom, som skal gje grunnlag for drift av Norsk frukt- og bærsenter. |

## Opplæringsfartøy AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapet sitt føremål er å eige og drive fiskefartøy på ideell basis etter aksjelova § 2-2 (2), hovudsakleg ved å stille fartøyet til disposisjon for Måløy vgs. til bruk i opplæring. |
| **Etablert** | 05.03.2002 |

| | |
|---|---|
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Eigarprosent: 76,5. Aksjane sin pålydande verdi: 600 000 kr.<br><br>Aksjekapitalen er 784 000 kr fordelt på 784 aksjar kvar lydande på 1 000 kr. |
| **Forretningskontor** | Vågsøy kommune |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova |
| **Rammer** | Vedtektene av 05.03.02, sist endra 17.11.16. |
| **Etiske retningsliner** | Ikkje omtalt i årsmeldinga. |
| **Generalforsamling** | Selskapet følgjer reglane i aksjelova, og har ikkje særskilde rammer for generalforsamlinga nedfelt i vedtektene.<br><br>Fylkesordføraren er fylkeskommunen sin eigarrepresentant.<br><br>Alfred Bjørlo møtte på ordinær generalforsamling i 2019. |
| **Val av styre** | Selskapet sitt styre skal ha fire medlemer. To av styremedlemene skal veljast av personar som er foreslegne frå fylkeskommunen, éin styremedlem veljast blant personar som er foreslegne av og valde blant dei tilsette ved maritime og marine utdanningsprogram ved Måløy vgs., og éin styremedlem skal veljast av personar som er foreslegne av Sogn og Fjordane Fiskarlag. |
| **Styresamansetning** | Ottar J. Aare (leiar, fylkeskommunen)<br>Kari Morvik (fylkeskommunen)<br>Geir Mange Røys (Sogn og Fjordane Fiskarlag)<br>Eivind Kåre Birknes (Måløy vgs.) |
| **Styregodtgjersle** | Godtgjersle til styreleiar og styremedlemer følgjer satsane i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt reglement «Arbeidsvilkår for folkevalde, Gruppe 2».<br><br>I 2018 vart det utbetalt 187 581 kr til dagleg leiar og 42560 til styreleiar. Dagleg leiar er leigd inn frå fylkeskommunen. |
| **Fylkeskommunalt lån/garanti** | Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok i sak 37/10 å gje selskapet eit rente- og avdragsfritt lån på 1 mill. kr. Lånet vart utbetalt i juni 2010.<br><br>Fylkestinget lenga avtalen  i 2016 og i 2018.<br>I møte 08.10.19, sak 47/19, utvida fylkestinget det rente- og avdragsfrie ansvarlege lånet til Opplæringsfartøy AS frå 1 mill. kr til 3 mill. kr.<br><br>Opplæringsfartøy AS må i november gjennom ei femårsklassing/hovudklassing. Nye opplysningar frå selskapet syner at klassinga vert vesentleg dyrare enn tidlegare føresett. Fylkesrådmannen legg difor fram ei sak for fylkesutvalet 25. november med slik tilråding:<br><br>*1. Fylkeskommunen utvidar det rente- og avdragsfrie ansvarlege lånet til Opplæringsfartøy AS frå 3 til 5 mill. kr, med gjeldande vilkår.*<br>*2. Låneavtalen for det samla lånet på 5 mill. kr gjeld fram til 31.12.2021. Ved ev. sal av fartøyet før denne tid, vil lånet krevjast tilbakebetalt.*<br>*3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne låneavtalen.*<br>*4. Utvidinga av lånet med 2 mill. kr vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.*<br><br>Fylkestinget i Sogn og Fjordane skal etter planen handsame ovannemnde sak i desember 2019. |

| | |
|---|---|
| **Revisor** | Ernst & Young AS |
| **Adresse** | Gate 1 106, 6700 Måløy |
| **E-post** | ottar@nordvest-fjordservice.no |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (1000 kr) | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 2 609 | 2 571 | 3 101 |
| Driftsresultat | 32 | - 185 | - 253 |
| Resultat etter skatt | 37 | -176 | -244 |
| Totalkapitalrentabilitet | 2 % | -5 % | -7 % |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | 27 % | 15 % | 10 % |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | - 4 % | 10 % | 21 % |
| Eigenkapitalprosent: | 24 % | 21 % | 12 % |

| | |
|---|---|
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Rekneskapen for 2018 syner eit negativt resultat på 0,244 mill. kr.<br><br>Selskapet har 2,150 mill. kr i langsiktig gjeld. Av den langsiktige gjelda er 1 mill. kr eit rente- og avdragsfritt lån hjå fylkeskommunen, og om lag 1,150 mill. kr er avsetning som skal dekke framtidige kostnadar til klassing av fartøyet.<br><br>Bokført eigenkapital utgjer 12 % av totalkapitalen. Reduksjonen skuldast det negative resultatet, samt at totalkapitalen har auka. Arbeidskapitalen i prosent av driftsinntekter er styrka i høve 2017 og ligg no på 21 %. Dette er innanfor eit tilfredstillande nivå. |
| **Viktige hendingar** | Fylkeskommunen har over fleire år vurdert behovet for nytt opplæringsfartøy, sjå m.a. FT-sak 45/12. Opplæringsfartøyet Skulebas, eigd av Opplæringsfartøy AS, er over 40 år og ved ny «klassing» i 2019 må det påreknast store økonomiske investeringar. Likevel vil ein sitte med eit gamalt skip som ikkje i tilstrekkeleg grad speglar notidas krav og moglegheiter.<br><br>I sak 55/18 vedtok fylkestinget at fylkeskommunen skal investere 100 mill. kr i nytt opplæringsfartøy. Fylkeskommunen skal eige fartøyet og vere ansvarleg for drifta. Dei auka driftsutgiftene vert finansiert ved årlege tildelingar frå fondet «MAREKO» og inntekter frå Havbruksfondet. |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Fylkeskommunen lyste utkonkurranse om kjøp av nytt fartøy i oktober. Det er antatt at kontrahering, planlegging og bygging kan ta inntil 2 år, men framdrifta er avhengig av tilboda og kapasiteten i marknaden. |
| **Mål med eigarskapen** | Næringsutvikling/opplæringsformål: I dag oppfyller ikkje selskapet nokon av kriteria for fylkeskommunal eigarskap, men det stettar andre føremål for fylkeskommunen. Å disponere eit opplæringsfartøy er viktig for å kunne tilby den opplæringa Måløy vidaregåande skule tilbyr. Båten fyller ein viktig funksjon for fleire av gruppene ved skulen, mellom anna matfag, |

| | |
|---|---|
| | motormekanikar, fiske og fangst. Båten er i bruk både ute til sjøs, og som klasserom når den ligg ved land. |

## Sogn og Fjordane Fondet AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidleg utviklingsfase. Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forsking, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane. |
| **Etablert** | 09.01.2017 |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Eigarprosent: 50<br><br>Aksjeposten sin pålydande verdi: 120 000 kr<br><br>Andre eigarar er Sparebanken Sogn og Fjordane og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane.<br><br>Selskapet sin aksjekapital er på 240 000 kr fordelt på 240 aksjar à 1000 kr fullt innbetalt og lydande på namn. |
| **Forretningskontor** | Sogndal kommune |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova |
| **Rammer** | Vedtekter og aksjonæravtale. |
| **Etiske retningsliner** | |
| **Generalforsamling** | Fylkesordføraren er fylkeskommunen sin eigarrepresentant.<br><br>Karen Marie Hjelmeseter møtte (med fullmakt) på ordinær generalforsamling i 2019. |
| **Val av styre** | Styret består av tre til sju medlemer etter nærare avgjerd i generalforsamlinga.<br><br>Ifølgje aksjonæravtalen har dei tre aksjonærane rett til å peike ut kvar sin representant til styret i fondet.<br><br>Alle investeringar som er i tråd med selskapet sitt føremål skal ha ¾ fleirtal i styret for å vere gyldige. |
| **Styresamansetning** | Etter generalforsamlinga i 2019 består styret av:<br>Vidar Grønnevik (leiar)<br>Jan Heggheim<br>Ingar Valvik<br>Thomas Berge |
| **Styregodtgjersle for 2019** | Møtegodtgjersle: 3 000 kr per møte. Ved deltaking på video/telefon frå heim/arbeidsplass skal møtegodtgjersla utbetalast med 50 %. |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. |
| **Revisor** | PricewaterhouseCoopers AS |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Adresse** | Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 Sogndal | | |
| **Telefon** | 952 06 574 | | |
| **Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:** | | | |
| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
| Sum driftsinntekter | | 0 | 0 |
| Driftsresultat | | 0 | -0,02 |
| Resultat etter skatt | | 3 | -0,2 |
| Totalkapitalrentabilitet | | 0 % | -0,2 % |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | | - | - |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | | - | - |
| Eigenkapitalprosent: | | 100 % | 100 % |
| **Økonomiske utvikling i tekst** | Selskapet blei skipa den 9. januar 2017. Det føreligg såleis ikkje noko rekneskap for 2016.<br><br>Rekneskapen for 2018 syner eit underskot på 0,213 mill. kr, der 0,2 mill. kr er knytt til tap i samband med konkurs i REMB Technologies AS.<br><br>I 2018 vart føreteke innbetaling knytta til vedteken emisjon i Webmegling AS (0,2 mill. kr) og i Mental Health Informatics Holding AS (0,3 mill. kr). Begge emisjonane er registrert gjennomført i Føretaksregisteret i jan/feb 2019, som medfører ein reklassifisering frå fordring til kostpris på aksjane i 2019.<br><br>Eigenkapitalen er på 5,778 mill. kr. | | |
| **Viktige hendingar** | Føremålet til Sogn og Fjordane Fondet er eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/eller i ein tidleg utviklingsfase. Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forsking, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane forvaltar og administrerer fondet.<br><br>Fondet har gjort vedtak om investeringar i følgjande verksemder:<br>-REMB Technologies AS<br>-Woodinvest AS<br>-Mental Health Informatics AS<br>-Webmegling Technology AS<br>-Evoy AS<br>-Eduplaytion | | |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Selskapet skal ifølgje aksjonæravtalen arbeide for å auke aksjekapitalen og overkurs frå 6 mill. kr til eit ønska nivå på 10 mill. kr. | | |
| **Mål med eigarskapen** | Næringsutvikling: delta i investeringsselskap og selskap som arbeider med å utvikle næringslivet i Sogn og Fjordane | | |

## Sarsia Development AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapets virksomhet er investeringsvirksomhet innen private equity og venture kapital, herunder å eie og forvalte aksjer, selskapsandeler, verdipapirer, fordringer og annen virksomhet som har tilknytning til dette. |
| **Etablert** | 16.12.2003 |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Aksjekapitalen i selskapet er kr 1 998 590. Det er 1 998 590 aksjar i selskapet, pålydande aksjeverdi er kr 1.<br><br>Fylkeskommunen eig 1,539% av selskapet. Eigarposten er på 30752 aksjar á 1 kr. |
| **Forretningskontor** | Bergen kommune |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova |
| **Rammer** | Vedtekter sist oppdatert 11. mai 2015 |
| **Etiske retningsliner** | |
| **Føretaksmøte** | |
| **Val av styre** | |
| **Styresamansetning** | Sveinung Hole (leiar)<br><br>Egil Herman Sjursen (medlem) |
| **Styregodtgjersle fastsett i 2019 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | Ikkje kjent |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei |
| **Revisor** | |
| **Adresse** | Thormølensgate 51, 5006 Bergen |
| **Telefon/faks** | 55 59 59 49 |
| **E-post** | Hans.hekland@sarsia.com |
| **Nettadresse** | www.sarsia.com |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (mill. kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 0 | 0 | 0 |
| Driftsresultat | -640 | -648 | -692 |
| Resultat etter skatt | -6 761 | -7 720 | 82 |
| Totalkapitalrentabilitet | -1,2 | -1,2 | 0,2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | | | |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | | | |
| Eigenkapitalprosent | 100 | 100 | 99,8 |
| **Økonomisk utvikling i tekst** | | | |
| **Viktige hendingar** | Selskapet har eigardelar i Sarsia Seed AS | | |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | | | |
| **Mål med eigarskapen** | Næringspolitisk. Selskapet har finansielt føremål, men fylkeskommunen sin marginale aksjepost tilseier at der er naturleg å definere fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen å vere av samfunnsmessig karakter; å leggje til rette for og støtte oppunder innovasjon og gründerverksemd i regionen. | | |

## Bergen Vitensenter AS (Vilvite)

| | |
|---|---|
| **Føremål** | «Utvikle og drive populærvitenskapelig opplevelses- og læringssenter for teknologi, naturvitenskap, matematikk og humaniora spesielt retta mot barn og unge, samt annen virksomhet som naturlig faller saman med dette, herunder å delta i samarbeid med andre selskaper og foretak med lignende virksomhet.» |
| **Etablert** | 01.09.2005 |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Kr 2 368 000<br><br>Fylkeskommunen eig 450 aksjar i selskapet, som svarar til 19,0% av eigardelane.<br><br>Pålydande verdi på Vestland fylkeskommunes aksjepost er kr 449 920 |
| **Forretningskontor** | Thormølensgate, Bergen |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova |
| **Rammer** | Vedtekter. Sist endra på generalforsamling i 2019. |
| **Etiske retningsliner** | |
| **Generalforsamling** | Siste generalforsamling vert halden 4. juni 2019<br><br>Det er varsla ekstraordinær generalforsamling 20.november 2019<br><br>Eigarar i selskapet/deltakarar i generalforsamling: |
| **Val av styre** | Selskapet sitt styre skal ha 5 til 9 medlemer (vedtektene §6) |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| **Styresamansetning** | Styremedlemer:<br><br>Roald Onarheim (leiar)<br><br>Atle Kvamme<br><br>Eli Rye<br><br>Rasmus Rasmussen<br><br>Rosmari Valdersnes<br><br>Gro Anita Flaten<br><br>Kjartan Olafsson<br><br>Sven Erik Thulin<br><br>Benedicte Wolff | Varamedlemer:<br><br>Kåre Rommetveit<br><br>Marit Warncke<br><br>Bjørg Kristin Selvik<br><br>Dan Femoen<br><br>Gudrun Ljones<br><br>Espen Gamlund<br><br>Gisle Johansen<br><br>Øystein Meland<br><br>Nils Petter Hauan |
| **Styregodtgjersle fastsett i 2019 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | Kr 60 000 for regnskapsåret 2018 (ref protokoll frå generalforsamling 2019)<br><br>Løn og godtgjersler dagleg leiar:<br><br>Perioden 01.01.-31.07.2018: løn kr 767 026, anna godtgjersle kr 10 178, pensjonskostnader kr 345 910<br><br>Perioden 01.08 -31.12.2018: løn kr 523 576, anna godtgjersle kr 152 168, pensjonskostnader kr 64 885, andre kostnader kr 424 847 | |
| **Fylkeskommunalt lån** | Ikkje fylkeskommunalt lån, men fylkeskommunalt tilskot på kr 3 000 000 per år | |
| **Revisor** | Deloitte | |
| **Adresse** | Thormølensgate 51, Bergen | |
| **Telefon/faks** | | |
| **E-post** | | |
| **Nettadresse** | | |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (mill. kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | Kr 44 189 000 | Kr 41 941 015 | Kr 46 193 702 |
| Driftsresultat | Kr 14 854 000 | Kr – 5 729 410 | Kr 70 240 |
| Resultat etter skatt * | Kr 15 260 000 | Kr – 5 194 000 | Kr 338 000 |
| Totalkapitalrentabilitet | 52,6% | -17,3% | 1,6% |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | | | |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | | | 26% |
| Eigenkapitalprosent | 66,4% | 42,5% | 63,2% |
| **Økonomisk utvikling i tekst** | * Selskapet er ikkje skattepliktig<br>Selskapet har vore gjennom ein lang prosess knytt til bokettersyn gjeldande merverdiavgift for oppstartsåra til Bergen Vitensenter AS. Etter fleire runder i rettsapparatet er no saka avslutta og Bergen Vitensenter AS har ingen restansar hjå Skatt Vest. Dei store variasjonane i reknsskapstala for selskapet er i stor grad knytt til denne saka. For ytterlegare detaljar for prosessen med Skatt Vest syner vi til årsrekneskapa for selskapet.<br><br>Salsinntekter for selskapet i 2018 var kr 17 017 203 (2017: kr 18 349 547), inntekt frå sponorar i 2018 var kr 7 228 471 (2017: kr 5 773 316) Tilskot og bidrag frå offentlege og private aktørar (mellom anna det fylkeskommunale tilskotet på kr 3 000 000) var i 2018 på kr 21 948 029.<br><br>Selskapet budsjetterer med 119 500 vitjande i 2019. | | |
| **Viktige hendingar** | | | |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Styret i selskapet vedtok i 2009 at aksjekapitalen bør aukast til 5 mill NOK. Auken er ikkje realisert, men vedtaket står framleis ved lag.<br><br>Det er varsla ekstraordinær generalforsamling 20.november 2019 kor generalforsamlinga får informasjon om framtidige, oppdaterte og nye, planar for utstillingane på VilVite | | |
| **Mål med eigarskapen** | Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter, og knytt til fylkeskommunen sitt ansvar for vidaregåande opplæring. I tillegg til den direkte nytta ved at skulane kan nytte senteret i undervisninga, har fylkeskommunen interesse i senteret ut frå rekrutteringsbehov til matematikk og naturfag i vidaregåande opplæring.<br><br>Hordaland fylkeskommune har partnarskapsavtale med selskapet knytt til tildeling av partnarskapsmidler (kr 3 000 000 pr år i 2018-2020) | | |

## Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Etablere og drive Vitensenteret i Sogn og Fjordane. |
| **Etablert** | 08.02.18 |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Eigarprosent: 33,3. Aksjane sin pålydande verdi: 1 020 000 kr<br><br>Aksjekapitalen er 3 060 000 kr, fordelt på 306 aksjar, kvar pålydande kr 10 000. |
| **Forretningskontor** | Sogndal kommune. |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova. |
| **Rammer** | Vedtekter av 08.02.18. |

| | |
|---|---|
| **Generalforsamling** | Fylkesordføraren er fylkeskommunen sin eigarrepresentant. Karen Marie Hjelmeseter representerte fylkeskommunen på ordinær generalforsamling 22. mai 2019. |
| **Val av styre** | Verksemda sitt styre skal ha frå tre til sju medlemer med personlege varamedlemer. Styret vel sjølv leiar. |
| **Styresamansetning** | Styreleiar: Tor Arne Ness<br>Nestleiar: Ivar Petter Grøtte<br>Styremedlem: Liv Synnøve Bøyum<br>Styremedlem: Bjørg Kristin Selvik<br>Styremedlem: Ole Johnny Stubhaug<br>Styremedlem: Roy Egil Stadheim<br>Styremedlem: Ingvar Torsvik Myrvollen<br><br>Varamedlem: Einar Vatlestad<br>Varamedlem: Erik Kyrkjebø<br>Varamedlem: Senea Sabanovic<br>Varamedlem: Agnar Holen<br>Varamedlem: Marit Aakre Tennø<br>Varamedlem: Jan Einan |
| **Styregodtgjersle for 2018 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | Dagleg leiar: 165 000 kr<br><br>Styret: 50 446 kr |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. |
| **Revisor** | Deloitte AS |
| **Adresse** | Skarpeteigvegen 1, 6854 Kaupanger |
| **E-post** | jan@vidsyn.as |
| **Nettadresse** | https://www.vitemeir.no/ |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | | | 60 |
| Driftsresultat | | | -393 |
| Resultat etter skatt | | | -370 |
| Totalkapitalrentabilitet | | | -13 % |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | | | - |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | | | 4374 % |
| Eigenkapitalprosent: | | | 93 % |
| **Økonomiske utvikling i tekst** | 2018 er fyrste driftsår for selskapet. Resultatet syner eit underskot på 0,4 mill. kr. Dette svekker eigenkapitalen tilsvarande, slik at denne no utgjer 2,9 mill. kr (93 % av totalkapitalen). Selskapet har ikkje langsiktig gjeld. | | |

| | |
|---|---|
| | Kortsiktig gjeld er på 0,2 mill. kr. Omløpsmidlar er på 2,8 mill. kr, slik at arbeidskapitalen er god. Det er forventa underskot på drifta også i 2019. |
| **Viktige hendingar** | Senteret skal vere forankra i Norsk Forskingsråd sitt Vitensenterprogram. Det skal vere eit populærvitskapeleg opplevings- og læringssenter innanfor naturvitskap, matematikk og teknologi (NMT-faga) der dei besøkande lærer ved å eksperimentere sjølve. Målgruppa er barnehagar, skuleverket og andre som ynskjer å besøke eit vitensenter i fritida.<br><br>Hausten 2018 gjennomførte Vitensenteret idemyldringar med personar frå barnehagar, skular, høgskulen og anna arbeids- og næringsliv. Innspela skal resultere i ein idegrunnlagsrapport. Vitensenteret har også starta arbeidet med grafisk profil, brosjyre og ny nettside. I tillegg har selskapet halde orienteringar for Sogn regionråd, næringsliv og potensielle strategiske partnarar (m.a. kraftbransjen og havbruksbransjen).<br><br>Våren 2019 handsama fylkestinget i Sogn og Fjordane ei sak om igangsetting av utbygginga for Sogndal vgs., avd. Kaupanger, saman med ein utleigedel for Vitensenteret i Sogn og Fjordane. Vitensenteret er i dialog med bygge- og eigedomstenesta i fylkeskommunen om leigeavtalen.<br><br>Hydro Aluminium Årdal, Høyanger Metallverk og fleire andre lokale bedrifter har signert samarbeidsavtalar med Vitensenteret for perioden 2019-2022. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har tildelt 2 mill. kr i gåvemidlar til prosjektet. Kunnskapsdepartementet budsjetterte med om lag 69 mill. kr til dei ti vitensentera i Noreg i 2019.<br><br>Vitensenteret har søkt fylkeskommunen om midlar til delfinansiering av program for installasjonar på senteret. Fylkestinget i Sogn og Fjordane gjorde i møte 08.10.19, i sak 49/19, vedtak om å auke opp teneste 7015 Nyskaping med 2 mill. kr. til delfinansiering av program for installasjonar ved senteret. |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | I 2019 skal selskapet ifølgje årsmeldinga prioritere å få på plass rammeavtalar med kommunane om bruk av senteret. Vidare peikar styret på at det i 2019 blir viktig å arbeide politisk for å auke statstilskotet til vitensentera for 2020. Selskapet vil også opprette dialog med programstyret for Vitenprogrammet (som har ansvar for fordeling av tilskot til driftsstøtte til dei regionale vitensentera) for å orientere om framdrifta i prosjektet, og få avklaringar omkring søkarstatus til senteret. |
| **Mål med eigarskapen** | Sikre etablering og drift av eit vitensenter på Kaupanger. Senteret skal auke merksemda på naturvitskaplege fag, og gje eit utvida fagleg tilbod for mellom anna born og unge i Sogn og Fjordane. Vitensenteret kan også bidra til styrke kompetanse og interesse for naturvitskaplege fag for framtidige elevar i den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane. |

## Valen kraftverk AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapet si verksemd er å drive produksjon og omsetning av energi samt anna verksemd knytt til desse områda, herunder deltaking i andre verksemder med liknande føremål |
| **Etablert** | 17.01.2003 |
| **Aksjekapital/** | Kr 7 000 000 |

| | |
|---|---|
| **Fylkeskommunal eigardel** | Fylkeskommunen eig 100% av selskapet<br><br>Selskapet har ingen tilsette |
| **Forretningskontor** | c/o Kvinnherad Energi AS, Vikjo 7, 5464 Dimmelsvik |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova, relevante lovar knytt til energiproduksjon |
| **Rammer** | Vedtekter |
| **Etiske retningsliner** | |
| **Generalforsamling** | Generalforsamling<br><br>Det er fylkesordførar som deltek i generalforsamlinga på vegner av eigar. |
| **Val av styre** | Valnemnda i selskapet foreslår styre for generalforsamlinga.<br><br>Valnemnda for fylkestinget i Hordaland innstiller på forslag til styremedlemer til fylkestinget. Fylkestinget sitt vedtak vert sendt selskapets valnemnd. |
| **Styresamansetning** | Ernst Johnny Stiansen (leiar)<br><br>Sigrid Helene Aardal<br><br>Guro Klyve<br><br>Dagleg leiar: Kjell Enes (innleigd frå Kvinnherad Energi AS) |
| **Styregodtgjersle fastsett i 2019 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | |
| **Fylkeskommunalt lån** | |
| **Revisor** | Bdo AS |
| **Adresse** | |
| **Telefon/faks** | |
| **E-post** | |
| **Nettadresse** | |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | Kr 4 262 | Kr 6 334 | Kr 6 057 |
| Driftsresultat | Kr 861 | Kr 2 894 | Kr 2 542 |
| Resultat etter skatt | Kr 84 | Kr 1 707 | Kr 1 447 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Totalkapitalrentabilitet | 1,8 | 6 | 4,1 |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | | | |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | | | |
| Eigenkapitalprosent | 22,4 | 25 | 26,4 |
| **Økonomisk utvikling i tekst** | | | |
| **Viktige hendingar** | Selskapet leiger administrative tenester og driftstenester frå Kvinnherad Energi AS. Det er inngått ein driftsavtale som omfattar all drift av verksemda til Valen Kraftverk AS. Avtalen gjeld fram til 31.12.2021 | | |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Anlegget syner stabil og god produksjon. Valen Kraftverk AS har fått konsesjon for utbygging av ein ny kraftstasjon i Valedalen lenger oppe i vassdraget. Dersom det vert beslutta å byggja ut kraftverket, kan dette gje meiravkastning.<br><br>Valen kraftverk AS eig og fallrettar på Handeland/Sandvoll noko som vart stadfesta i jordskiftedom i 2016. Korleis desse fallrettane skal forvaltast vidare er det enno ikkje teke standpunkt til.<br><br>NVE har sett fram krav om utbetring av dammen i Valedalen. Dette arbeidet blir ferdigstilt innan 1. halvår 2019. | | |
| **Mål med eigarskapen** | Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er finansielt; strategien er å drive kraftomsetnad og auke innteninga. | | |

## Sunnhordland Lufthamn AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | «Selskapet sitt føremål er å planleggja, finansiera, opparbeida og driva lufthamna på Stord, i samband med dette å delta i andre selskap med liknande verksemd. |
| **Etablert** | 16.06.1983 |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Kr 2 000 000. Det er 400 aksjar á kr 5000 selskapet<br><br>Fylkeskommunen eig 21% (84 aksjar) av aksjane. Pålydande verdi på eigarposten er kr 420 000 |
| **Forretningskontor** | Stord kommune |
| **Rettslege rammer** | |
| **Rammer** | Vedtekter sist endra |
| **Etiske retningsliner** | |
| **Føretaksmøte** | Aksjeeigarane deltek i generalforsamlinga. Stord kommune (79%) og fylkeskommunen (21%) er eigarar i lufthamna. |
| **Val av styre** | |

| | | |
|---|---|---|
| **Styresamansetning** | Styremedlem:<br>Dag Jarle Aksnes (leiar)<br>Olav Akselsen<br>Pål Kårbø<br>Aslaug Grov Almås<br>Aleksander Grubbe Skjelsvik | Varamedlem:<br>Gustav Bahus<br>Aslaug Kindem<br>Magnhild Agdestein |
| **Styregodtgjersle fastsett i 2019 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | | |
| **Fylkeskommunalt lån** | | |
| **Revisor** | KPMG AS | |
| **Adresse** | Flyplassvegen 344, 5410 Sagvåg | |
| **Telefon/faks** | 53 40 37 00 | |
| **E-post** | | |
| **Nettadresse** | | |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 30 134 | 28 944 | 30 010 |
| Driftsresultat | 361 | -111 | -98 |
| Resultat etter skatt | | | |
| Totalkapitalrentabilitet | 2,2 | -0,7 | -0,7 |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | | | |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | | | |
| Eigenkapitalprosent | 11,3 | 11,1 | 8,8 |

| | |
|---|---|
| **Økonomisk utvikling i tekst** | |
| **Viktige hendingar** | |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | |
| **Mål med eigarskapen** | Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter; å leggja til rette for ei positiv næringsutvikling i Sunnhordland |

| | |
|---|---|
| | og på Stord gjennom å bidra til å oppretthalde Sunnhordland lufthavn som regional flyplass |

## Bybanen AS

| | | |
|---|---|---|
| **Føremål** | «Selskapets formål er å forvalte og drifte infrastukturen for «Bybanen», herunder også «Bybanens» skinnegående materiell. Selskapet har fagansvar for sikkerhet, bane, elektro, signal/tele og skinnegående materiell for Bybanen i henhold til de til enhver tid gjeldende lover og forskrifter» | |
| **Etablert** | 19.03.1997 | |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Kr 1 550 000<br><br>Fylkeskommunen eig 100% av selskapet | |
| **Forretningskontor** | Kokstadflaten 59, 5257 Kokstad | |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova, offentleglova, | |
| **Rammer** | Vedtekter. Politiske vedtak. | |
| **Etiske retningsliner** | | |
| **Føretaksmøte** | Generalforsamling | |
| **Val av styre** | Valnemnd i selskapet.<br><br>Eigar fremjer forslag på styremedlem til valnemnda i selskapet etter handsaming i fylkestinget (jf. delegasjonsreglement i fylkeskommunen) | |
| **Styresamansetning** | Styremedlemer:<br><br>Linn Cecilie Moholt (leiar)<br><br>Astrid Sørensen (nestleiar)<br><br>Jørund Vandvik<br><br>Mona Louise Røsvik Strømme<br><br>Tor André Ljosland<br><br>Emil Eike<br><br>Øystein Skaar | Varamedlemer:<br><br>Kari Foseid Aakre<br><br>Sigbjørn Framnes |
| **Styregodtgjersle fastsett i 2019 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | Styregodtgjersle i 2018 var kr 255 797<br><br>Dagleg leiar: Løn: kr 927 403, anna godtgjersle: kr 7 046, pensjonskostnader: kr 20 705 | |
| **Fylkeskommunalt lån** | Kr 8 000 000<br><br>Leigekostnad Hordaland fylkeskommune kr 29 166 656<br><br>Mellomverande med eigar (Hordaland fylkeskommune) kr 5 251 597 | |

<table>
<tr><td>Revisor</td><td colspan="3">Deloitte AS</td></tr>
<tr><td>Adresse</td><td colspan="3">Kokstadflaten 59, 5297 Kokstad</td></tr>
<tr><td>Telefon/faks</td><td colspan="3">55 37 80 00</td></tr>
<tr><td>E-post</td><td colspan="3">post@bybanen.no</td></tr>
<tr><td>Nettadresse</td><td colspan="3">www.bybanen.no</td></tr>
<tr><td colspan="4">Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</td></tr>
<tr><td>(mill. kr)</td><td>2016</td><td>2017</td><td>2018</td></tr>
<tr><td>Sum driftsinntekter</td><td>Kr 112 409 000</td><td>Kr 144 043 000</td><td>Kr 162 623</td></tr>
<tr><td>Driftsresultat</td><td>Kr 3 202 000</td><td>Kr 3 958 000</td><td>Kr 4 505 000</td></tr>
<tr><td>Resultat etter skatt</td><td>Kr 2 297 000</td><td>Kr 2 821 000</td><td>Kr 3 418 000</td></tr>
<tr><td>Totalkapitalrentabilitet</td><td>6,5%</td><td>6,2%</td><td>6,2%</td></tr>
<tr><td>Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld</td><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>Arbeidskapital i % av driftsinntekter</td><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>Eigenkapitalprosent</td><td>21,4%</td><td>19%</td><td>18,6%</td></tr>
<tr><td>Økonomisk utvikling i tekst</td><td colspan="3">I 2018 transporterte Bybanen totalt 14,9 millionar passasjerar, ein vekst på 18% frå 2017.</td></tr>
<tr><td>Viktige hendingar</td><td colspan="3">Bybanen AS flytta i 2018 til nye lokaler på Kokstad.<br><br>Fylkestinget i Hordaland vedtok i desember 2017 at Bybanen AS skulle få utvida ansvar for passasjertransporten for Bybanen i Bergen, mellom anna blei kontraktsansvaret for operatøren flytta frå Skyss til Bybanen AS. Det vart gjort betydelege endringar i selskapet. Generalforsamlinga gjorde vedtektsendringar om selskapets føremål og styresamansetning, og det vart oppretta ein ny administrativ avdeling i Bybanen AS: Avdeling for passasjertransport.<br><br>Kontrakt med operatøren (Keolis Norge AS) vart signert 11. juli 2018, kontrakten tredde i kraft 1. juli 2019.<br><br>Adelheid Nes er dagleg leiar i selskapet (tilsett i februar 2018)</td></tr>
<tr><td>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</td><td colspan="3">Ny trase til Fyllingsdalen er under bygging.<br><br>Vidare trasear er ikkje avklart.</td></tr>
<tr><td>Mål med eigarskapen</td><td colspan="3">Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen i Bybanen AS er av samfunnsmessig karakter, og fokus i eigarskapsstrategien er firedelt:<br><br>1. Syte for infrastruktur for Bybanen, inkludert skinnegåande materiell, vert forvalta, drifta og vedlikehalden i samsvar med gjeldande lovverk, med minimalt omfang av driftsstans og generelt til det beste for brukarane.</td></tr>
</table>

| | |
|---|---|
| | 2. Leggje til grunn sikkerheit for passasjerar, førarar og andre trafikantar som ein føresetnad for alt arbeid.<br>3. Leggje til grunn eit langsiktig perspektiv i alle overordna vurderingar knytt til bruk av eksisterande infrastruktur og i planlegginga av framtidig infrastruktur.<br>4. Til ein kvar tid ha merksemd på omdøme, både for Hordaland fylkeskommune som eigar og Bybanen som merkevare. |

## *6.6 Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak*

### Kommunekraft AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapet sitt føremål er å formidle og inngå avtalar om forvaltning av aksjeeigarane si disponible kraft, her konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling. |
| **Etablert** | 28.04.1993. |
| **Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel** | Fylkeskommunal eigarprosent: 0,31. Aksjen sin pålydande verdi: 1000 kroner.[20]<br><br>Selskapet sin aksjekapital er på 320 000 kroner, fordelt på 320 aksjer pålydende 1 000 kroner, fullt innbetalt og lydende på navn. Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar har 181 aksjar. Dei deltakande kommunane og fylkeskommunane har ein aksje kvar. |
| **Forretningskontor** | Oslo kommune. |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova. |
| **Rammer** | http://kommunekraft.no/Kommunekraft/Om-Kommunekraft/Vedtekter |
| **Etiske retningsliner** | http://kommunekraft.no/Kommunekraft/Om-Kommunekraft/Etiske-retningslinjer |
| **Generalforsamling** | Ordinær generalforsamling blir gjennomført kvart år innan utgangen av juni månad. Styret møter i generalforsamlinga.<br><br>Fylkesordføraren er fylkeskommunen sin eigarrepresentant. |
| **Val av styre** | Aksjelova § 6-6 angir styremedlemene si tenestetid i Kommunekraft AS.<br><br>Styret i selskapet skal bestå av i alt fem medlemer. To styremedlemer med personleg vara blir valt av representantane i LVK sitt landsstyre og to styremedlemer med personleg vara blant selskapets aksje-eigarar, minst ein med vara frå primærkommune. Som styreleiar skal det veljast ein person som ikkje representerer aksjeeigarane eller LVK. Nestleiar skal vere ein av LVK sine representantar.<br>Styret sin tenesteperiode er to år. |
| **Styresamansetning** | Etter generalforsamlinga i Kommunekraft, og landsstyremøtet i LVK i 2019 er styret sett saman slik:<br><br>Styreleiar: Kjell-Idar Juvik.<br>Styremedlem: Eli Hovd Prestegården. |

[20] Kommunekraft AS er eigd av Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK), kommunar som er medlemar av LVK og fylkeskommunar. Det er berre desse som kan eige aksjar i selskapet, og kvar kommune eller fylkeskommune skal berre eige ein aksje kvar. LVK har derfor forplikta seg til å kjøpe ein av aksjane Vestland fylkeskommune får overført.

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Styremedlem: Kari Anita Furunes<br>Styremedlem: Benthe Bondhus.<br>Styremedlem: Stian Brekkvassmo.<br><br>Varamedlem: Linn Veronica Jacobsen.<br>Varamedlem: Ida Stuberg.<br>Varamedlem: Anne Beth Njærheim.<br>Varamedlem: Ståle Versland. | | |
| **Styregodtgjersle for 2018** | Godtgjersle styreleiar: 22 200 kroner per år.<br><br>Godtgjersle styremedlemer: 1 700 kroner.<br><br>Ingen løn til dagleg leiar, sidan det ikkje er tilsette i selskapet.<br><br>Administrasjonsoppgåver er lagt til Advokatfirmaet Lund & Co DA. | | |
| **Fylkeskommunalt lån** | Ingen. | | |
| **Revisor** | PKF Beckman Lundevall Revisjon AS. | | |
| **Adresse** | Postboks 1148, Sentrum, 0104 Oslo. | | |
| **Telefon/faks** | 99 11 99 00 | | |
| **E-post** | hh@lundogco.no | | |
| **Nettadresse** | www.kommunekraft.no | | |
| **Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:** | | | |
| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
| Sum driftsinntekter | 2 548 | 2 057 | 2 068 |
| Driftsresultat | 64 | -188 | 150 |
| Resultat etter skatt | 68 | -185 | 154 |
| Totalkapitalrentabilitet | 3 % | - 8% | 8% |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | - | - | - |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | 70 % | 80 % | 89 % |
| Eigenkapitalprosent: | 72 % | 93 % | 94 % |
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Rekneskapen syner eit overskot på om lag 0,154 mill. kr i 2018. Eigenkapitalprosenten er på 94 % og arbeidskapitalen i prosent av driftsinntekter er 89 %. Selskapet har god soliditet og likviditet. | | |
| **Viktige hendingar** | Kommunekraft har hjelpt aksjonærkommunar med omsetning av 2300 GWh konsesjonskraft for leveringsåret 2018. Både omsetningsvolum og tal kommunar har auka samanlikna med 2017. Omsetningsvolumet omfattar sal på årskontraktar til fastpris, spotmarknadspris med påslag og forvaltningsavtalar som strekker seg over fleire år. Oppnådde prisar har variert over året med salstidspunkt og prisområde, men auka kraftprisar har gjennomgåande bidrege til å sikre kommunane ei solid forteneste. | | |

| | |
|---|---|
| | Selskapet gjennomførte sitt årlege seminar om konsesjonskraft saman med Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar 24. mai 2018. |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Halde fram arbeidet i samsvar med føremålet. |
| **Mål med eigarskapen** | Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak: Kommunekraft bidreg til å optimalisere avkastninga på konsesjonskraftrettane for kommunane, og er såleis eit strategisk viktig selskap for fylket og fylkeskommunen. |

## Ferde AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Stå for bompengefinansiering av vegprosjekt i fylka Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder. Selskapet har oppgåver knytt til vedtekne innkrevjingsprosjekt. Selskapet skal ikkje vere ein pådrivarorganisasjon for nye vegprosjekt. Selskapet skal ikkje gje aksjeeigarane økonomisk utbytte. |
| **Etablert** | 05.10.2016 |
| **Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel** | Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har kvar ein eigarprosent på 20 %. Vestland fylkeskommune vil derfor ha ein samla eigarprosent på 40 %[21].<br><br>Aksjeposten sin pålydande verdi: 200 000 kr<br><br>Andre eigarar: Fylkeskommunane , Rogaland og Agder (frå og med 01.01.20)<br><br>Selskapet sin innskotne aksjekapital er 500 000 kr, fordelt på 500 aksjar, kvar pålydande 1000 kr. |
| **Forretningskontor** | Bergen kommune. |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova. |
| **Rammer** | Vedtektene, sist endra i 2018. |
| **Etiske retningsliner** | Ferde AS er sertifisert Miljøfyrtårnverksemd. Selskapet sine verdiar er å vere «Open, Påliteleg, Etterretteleg og Nyskapande». |
| **Generalforsamling** | Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga. Fylkesrådmennene er valnemnd.<br><br>I den nye bompengeavtalen med Samferdselsdepartementet er det ikkje lenger noko krav om at Riksrevisjonen og Statens vegvesen skal ha møte - og talerett i generalforsamlinga, og denne retten er derfor teken vekk ved ei endring av vedtektene § 10. |

[21] Om føresetnaden om lik aksjefordeling og likt tal styremedlemmer framleis skal gjelde etter 1.1.2020, vil det vere behov for å gjere endringar i eigarskapen, styresamansetninga og vedtektene. Eigarskapen er føreslege endra ved å gjennomføre ei kapitalauke i Ferde AS ved ein retta emisjon mot Rogaland fylkeskommune, som er invitert til å teikna seg for 100 nye aksjar til ein kurs på 1000 kr. per aksje, slik at eigarbrøkane vert like. For å sikra likt tal styremedlemar mellom dei 3 eigarane etter samanslåinga, er talet på styremedlemar føreslege utvida med 1, slik at det kjem 2 frå kvart fylke. Talet på varamedlemar er samstundes tenkt redusert frå 5 til 3, der det kjem 1 frå kvar fylkeskommune, om ein fjernar regelen om at varamedlemane skal vera personlege.

| | |
|---|---|
| **Val av styre** | Selskapet skal ha eit styre på fem medlemer med personlege varemedlemer. Begge kjønn skal vere representerte med minst to styremedlemer og to varamedlemer.<br><br>Styremedlem med varamedlem vert valde slik at funksjonstida til styremedlemane er 2 år, men slik at 2 og 3 medlemer er på val annankvart år.<br><br>Generalforsamlinga vel styreleiar. Styret vel sjølv nestleiar. Dagleg leiar vert tilsett av styret.<br><br>Styret har lagt fram eit forslag til endring av vedtektene som skal handsamast på ekstraordinær generalforsamling i 2020. |
| **Styresamansetning** | Styreleiar Paul Magne Nilsen<br>Styremedlem Lise Mari Haugen<br>Styremedlem Lise Solgaard<br>Styremedlem Nils Olav Olsbu<br>Styremedlem Siri Frafjord Landa<br><br>Varamedlem Torill Klinker<br>Varamedlem Daniel Gåsemyr Fluge<br>Varamedlem Jan Otto Hansen<br>Varamedlem Ebba Laabakk<br>Varamedlem Andreas Sandvold Kjøli Tharaldsen |
| **Styregodtgjersle og løn til administrerande direktør for 2018** | Styreleiar: 2 G<br><br>Nestleiar: 1,5 G<br><br>Styremedlem: 1 G<br><br>Varamedlem: 0,1 G fast og 0,1 G per møte<br><br>(vidareføring frå 2017)<br><br>Løn til administrerande direktør: 1 522 278 kr. Anna godtgjersle: 119 097 kr. |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. Alle nye låneopptak i Ferde AS har sikkerheit i ein fylkeskommunal sjølvskyldnargaranti. |
| **Revisor** | Deloitte AS. |
| **Adresse** | Fjøsangerveien 68, 5068 Bergen |
| **Telefon** | 55 23 94 19 / 55 55 94 94 |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra (konsern):**

| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | | 76 384 | 2 435 564 |
| Driftsresultat | | 6 945 | 2 160 528 |
| Resultat etter skatt | | 3 562 | 12 738 |
| Totalkapitalrentabilitet | | 6 % | 30 % |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | | 15 % | 15 % |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | | 9 % | 45 % |
| Eigenkapitalprosent: | | -11 % | 0 % |
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Ferde AS blei stifta i oktober 2016, tabellen over syner difor berre tal for 2017 og 2018.<br>I løpet av 2018 har selskapet fusjonert inn eksisterande bomselskap i region sør-vest, dette medfører at nøkkeltala både på inntektssida og utgiftsida har auka vesentleg, og ikkje er samanliknbare med 2017.<br>Konsernet Ferde AS har i 2018 driftsinntekter på om lag 2,4 mrd. kr. Inntektene kjem i hovudsak frå drift av bompengeselskap. Den store skilnaden mellom resultat før skatt og årsresultat skuldast at innkrevingsretten for bompengar vert avskriven etter ein metode som medfører at selskapet nyttar sitt årsoverskot til avskriving på innkrevingsretten.<br>Selskapet har ei langsiktig gjeld på om lag 13,5 mrd. kr. per 31.12. Dei fem fylkeskommunane har stilt sjølvskuldnargarantiar for låneopptaka som dannar grunnlag for den langsiktige gjelda. Ferde AS har gått frå ein negativ eigenkapital i 2017, til ein positiv eigenkapital på 0,8 mill. kr per 31.12.18. | | |

| | |
|---|---|
| **Skipingshistorikk og viktige hendingar** | Ferde AS er eit av fem regionale bompengeselskap i Noreg. Selskapet vart stifta 05.10.2016 av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder. Selskapsetableringa er ein del av den statleg initierte bompengereforma. Alle nye bompengeprosjekt i regionen skal leggast til Ferde AS.<br><br>Selskapet skal administrere innkrevjing av bompengar i samsvar med samtykke frå Stortinget og avtalar med Statens vegvesen, jf. veglova § 27. Dette inkluderer forvalting av bompengemidlar. Sentrale arbeidsoppgåver vil vere innkrevjing og administrasjon av bompengemidlar, låneopptak og reforhandling av låneavtalar.<br><br>**Historikk/skiping**<br>Ferde AS heitte tidlegare Sørvest Bompengeselskap AS (SB AS). Hausten 2017 kjøpte SB AS driftsselskapet BT Signaal AS, og bompengeverksemda i BT Signaal AS vart fusjonert inn i selskapet. Kjøpet vart finansiert ved låneopptak i selskapet, og fylkeskommunen har stilt sjølvskuldnargaranti for kjøpet tilsvarande fylkeskommunen sin eigardel.<br><br>I november 2017 inngjekk selskapet avtale med Samferdselsdepartementet om bompengeinnkrevjing. Avtalen fastset krav til selskapet si organisering, verksemd, rettar og plikter. Avtalen gjer det mogleg for selskapet å krevje inn bompengar i nye prosjekt og å kunne overta eksisterande prosjekt eller selskap i bomregion sørvest.<br><br>I 2018 bytte selskapet namn til Ferde AS.<br><br>**Viktige hendingar**<br>I 2018, Ferde sitt første år som regionalt bompengeselskap, fekk Ferde inn 2,4 milliardar kroner i inntekter. Inntektene skriv seg frå 190 millionar bompasseringar. Driftskostnadane utgjer om lag 11 % av inntektene, noko som gjev ein kostnad på 1,41 kr. per bompassering. Kostnadane er påverka av kjøp og fusjon av dei til saman 23 bompengeselskapa som er fusjonert inn i selskapet, og kostnader relatert til overgangen frå forskotsbetaling til etterskotsbetaling av bompengar. Aksjekapitalen i dei innfusjonerte selskapa er tilbakebetalt til eigarkommunar og fylker. |

| | |
|---|---|
| | Samanlikna med 2017, har det vore ein reduksjon i talet på bompasseringar på 0,6 %.<br><br>Selskapet har i 2018 hatt to funksjonar i bompengeinnkrevjing, både som operatør og utstedar. Ein utstedar har eigarskap til avtalekundane, yter kundeservice, inngår og administrerer avtalar, utstedar AutoPass-brikker, fakturerer og krev inn betaling for passeringar. Som ledd i bompengereforma er det vedteke i ei ny utstedarforskrift at dei regionale bompengeselskapa i framtida ikkje skal vere AutoPASS-utstedar. Utstedarverksemda skal drivast kommersielt. I 2018 har selskapet hatt tidsavgrensa dispensasjon frå dette kravet i utstedarforskrifta.<br><br>Kontrollutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har hausten 2019 iverksett selskapskontroll av selskapet. |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Frå og med 1. juli 2020 skal ikkje selskapet lenger kunne ha dispensasjon for å drive utstedarverksemd, og den må skiljast ut eller avhendast. Heile kundeporteføljа med avtalekundar skal skiljast ut eller avhendast, noko som utgjer om lag 90 % av alle selskapet sine kundar og inntekter. Ny utstedar vil overta heile utstedarverksemda og til slutt overføre pengar til Ferde AS for bompasseringane. Ferde AS har starta prosessen for utskiljing eller avhending.<br><br>Ei profesjonalisering av selskapet si finansiering skal bidra til reduserte rentekostnader. Kundehandsaming skal harmoniserast på tvers av prosjekta. Målet er å halvere kostnadsnivået innan tre år, ved å få overført ansvar frå Statens vegvesen for all teknisk utrustning, inkludert IKT-løysingar. Ferde vil overta ansvaret for dei fysiske bomstasjonane og teknologi og infrastruktur knytt til desse i løpet av 2019. Ferde forventar auka inntekter som følgje av nye takstar og nye bomstasjonar. Store delar av dagens system for bompengeinnkrevjing skal skiftast ut, og effektiviteten i innkrevjinga er venta å auke ytterlegare.<br><br>I 2019 har Ferde AS også kjøpt 100 % av aksjane i Ryfast AS, og det skal gjennomførast fusjon mellom selskapa hausten 2019.<br><br>Det er behov for å gjere endringar i eigarskapsstrukturen frå og med 2020, slik at eigarbrøkane er like også etter regionreforma. Eigarskapet er tenkt endra ved å gjennomføre ei kapitalauke i selskapet ved ein retta emisjon mot Rogaland fylkeskommune, som vert invitert til å teikne seg for 100 nye aksjar. Prosjektleiar førebur ei sak om endring i aksjekapitalen og vedtektene til selskapet. Saka vil bli lagd fram for fylkesutvalet i Vestland i møte 03.12.19. |
| **Mål med eigarskapen** | Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak. Målet med selskapet og bompengereforma er å gi stordriftsfordelar samanlikna med tidlegare organisering, betre kontroll med- og ei meir brukarvenleg bompengeordning. |

## Skyttel AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapets føremål skal vere verksemd knytt til bompengetenester. Dette omfattar AutoPASS bompenge- og ferjebetaling, driftstenester og systemløysingar. |
| **Etablert** | 18.12.1953 (Skyttel AS frå 2017). |

| | |
|---|---|
| **Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel** | Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har kvar ein eigarprosent på 20 %. Vestland fylkeskommune vil derfor ha ein samla eigarprosent på 40 %[22].<br><br>Aksjeposten sin pålydande verdi: 66 827 200 kr.<br><br>Andre eigarar: Fylkeskommunane , Rogaland og Agder (frå og med 01.01.20)<br><br>Selskapet sin aksjekapital er 167 070 mill. kr, fordelt på 2750 aksjar, kvar pålydande 60 752 kr. |
| **Forretningskontor** | Bergen kommune |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova |
| **Rammer** | Vedtektene |
| **Etiske retningsliner** | Selskapet er miljøfyrtårnsertifisert og har t.d. fokus på miljøetikk i alle innkjøp. |
| **Generalforsamling** | Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga. Fylkesrådmennene er valnemnd. |
| **Val av styre** | Selskapet skal ha eit styre på fem medlemer med personlege varamedlemer. Begge kjønn skal vere representerte med minst to styremedlemer og to varamedlemer. Generalforsamlinga vel styreleiar. Styret vel nestleiar.<br><br>Styret har lagt fram eit forslag til endring av vedtektene som skal handsamast på ekstraordinær generalforsamling i 2020. |
| **Styresamansetning** | Styreleiar Paul Magne Nilsen<br>Nestleiar Nils Olav Olsbu<br>Styremedlem Lise Solgaard<br>Styremedlem Lise Mari Haugen<br>Styremedlem Siri Frafjord Landa<br><br>Varamedlem Torill Klinker<br>Varamedlem Ebba Laabakk<br>Varamedlem Andreas Sandvold Kjøli Tharaldsen<br>Varamedlem Daniel Gåsemyr Fluge<br>Varamedlem Jan Otto Hansen |
| **Styregodtgjersle og løn til administrerande direktør for 2018** | Styreleiar: 70 000 kr<br><br>Nestleiar: 52 500 kr<br><br>Styremedlem: 35 000 kr<br><br>Varamedlem: 2 500 kr per møte |

[22] Om føresetnaden om lik aksjefordeling og likt tal styremedlemmer framleis skal gjelde etter 1.1.2020, vil det vere behov for å gjere endringar i eigarskapen, styresamansetninga og vedtektene. Eigarskapen er føreslege endra ved å gjennomføre ei kapitalauke i Skyttel AS ved ein retta emisjon mot Rogaland fylkeskommune, som er invitert til å teikna seg for 100 nye aksjar til ein kurs på 1000 kr. per aksje, slik at eigarbrøkane vert like. For å sikra likt tal styremedlemar mellom dei 3 eigarane etter samanslåinga, er talet på styremedlemar føreslege utvida med 1, slik at det kjem 2 frå kvart fylke. Talet på varamedlemar er samstundes tenkt redusert frå 5 til 3, der det kjem 1 frå kvar fylkeskommune, om ein fjernar regelen om at varamedlemane skal vera personlege.

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Løn til administrerande direktør: 1 364 387 kr. Anna godtgjersle: 104 560 kr. | | |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. | | |
| **Revisor** | Deloitte AS. | | |
| **Adresse** | Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen. | | |
| **Telefon** | 55 23 94 19. | | |
| **Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:** | | | |
| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
| Sum driftsinntekter | 130 128 | 27 475 | 35 195 |
| Driftsresultat | 32 806 | -3 281 | 2 284 |
| Resultat etter skatt | 32 001 | -2 774 | 1 709 |
| Totalkapitalrentabilitet | 50 % | 7 % | 7 % |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | 965 % | - | - |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | 14 % | 0,2 % | 10 % |
| Eigenkapitalprosent: | 43 % | 26 % | 13 % |
| **Økonomisk utvikling i tekst** | I 2017 blei store delar av BT Signaal AS selt til Ferde AS, og det attståande av selskapet er difor eit anna selskap enn det opphavlege. I juni 2018 fekk selskapet nytt namn, Skyttel AS. Rekneskapsåret 2018 er det første heile rekneskapsåret for Skyttel AS, og historikken i tabellen ovanfor er difor ikkje samanliknbar.<br><br>Totalkapitalrentabilitet er ok, medan arbeidskapital og eigenkapitalprosent godt kan styrkast. | | |
| **Skipingshistorikk og viktige hendingar i 2018** | Fylkeskommunane etablerte eigarskap i dette selskapet mot slutten av 2017[23]. Selskapet er ei vidareføring av deler av verksemda i det tidlegare selskapet BT Signaal AS. Det er i all hovudsak den kommersielle delen av verksemda til tidlegare BT Signaal AS som er vidareført i Skyttel AS. Resten av verksemda i det tidlegare selskapet er vidareført i bompengeselskapet Ferde AS.<br><br>Skyttel AS er eit teknologidrive selskap, og tilbyr ulike tenester og løysingar for transaksjonar til transportsektoren.<br><br>Hovudaktivitetane til selskapet i 2018 var utvikling, etablering og drift av system for bompengeinnkreving. Den største kontrakta selskapet har er med Vegdirektoratet om løysing for all AutoPASS-betaling på ferjer.<br><br>Selskapet hadde i 2018 inntekter på om lag 35 mill. kr. og hadde rundt 20 medarbeidarar fordelt på om lag 14 årsverk. | | |

[23] For Hordaland fylkeskommune var det tale om ei omorganisering.

| | |
|---|---|
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Som del av Bompengereforma skal utstedarrolla reindyrkast gjennom å skilje den ut frå bompengeselskapa for å etablere uavhengige utstedarar. Omsynet bak den nye ordninga er å unngå kryss-subsidiering og legge til rette for auka effektivitet, brukarvennlegheit og tenesteutvikling i bompengesektoren. Ei ny utstedarforskrift legg opp til at einkvar aktør som oppfyller gjevne krav til godkjenning, vil kunne drive utstedarverksemd mot norske bompenge- og ferjeselskap. Selskapet har fått godkjent søknad om å bli kommersiell utstedarverksemd, potensielt med komplementære tenester overfor sine kundar (t.d. parkering), og berre ein endeleg godkjenningstest hos Statens vegvesen står att. For å skilje mellom utstedarrolla og anna verksemd i Skyttel, er det etablert eit eige dotterselskap for utstedarverksemda, SkyttelPASS AS.<br><br>Selskapet har ei positiv utvikling og omsetning og overskot ligg an til å auke i 2019. Selskapet er framleis i etableringsfasen og har ein variert portefølje. Det vert arbeidd aktivt med nye forretningsområde. Frå sommaren 2019 vil selskapet ha 26-27 årsverk.<br><br>Selskapet er i ferd med å utarbeide ein eigarpresentasjon eller rapport til fylkeskommunane.<br><br>Rogaland fylkeskommune får i 2019 eit tilbod om å kjøpe fleire aksjar i selskapet, slik at fylkeskommunane også etter samanslåinga skal ha lik eigardel og stemmerett på generalforsamlinga. Det er behov for å endre vedtektene for å tilpasse selskapet til framtidig verksemd.<br><br>Prosjektleiar førebur ei sak om endring i aksjekapitalen og vedtektene til selskapet. Saka vil bli lagd fram for fylkesutvalet i Vestland i møte 03.12.19. |
| **Mål med eigarskapen** | Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak. Selskapet vil gje stordriftsfordelar samanlikna med tidlegare organisering og vere meir brukarvennleg. |

## 6.7 Fylkesomfattande kulturselskap

### Norsk Fjordhestsenter AS

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Føremålet er å fremje fjordhesten som nasjonal rase ved å gjennomføre nasjonale mål og strategiar innan avl og bruk for fjordhesten. Selskapet skal arbeide aktivt for å finansiert oppgåver knytt til dette målet, slik at senteret kan stå fram med det største og beste kompetansemiljøet for fjordhest, og ha eit moderne nasjonalt anlegg.<br><br>Norsk Fjordhestsenter skal vere samlingspunktet for fjordhestfolket. |
| **Etablert** | 21.10.1989. |
| **Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel** | Eigarprosent:<br><br>A-aksjar (med stemmerett): 30. Pålydande verdi: 30 000 kroner.<br>B-aksjar (utan stemmerett): 33. Pålydande verdi: 1 330 000 kroner.<br><br>Selskapet sin totale aksjekapital er på 4 100 000 og er fordelt på dei to klassane:<br><br>A-aksjar: 20 aksjar à 5000 kroner, totalt 100 000 kroner.<br>B-aksjar: 800 aksjar à 5000 kroner, totalt 4 000 000 kroner. |

| | |
|---|---|
| | Aksjane kan overdragast med samtykke frå styret, men slik at Eid kommune og fylkeskommunen alltid har like mange A-aksjar kvar. |
| **Forretningskontor** | Eid kommune. |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova. |
| **Rammer** | Vedtekter, sist endra 27. mai 2016. |
| **Etiske retningsliner** | Nei. |
| **Generalforsamling** | Fylkesordføraren er fylkeskommunen sin eigarrepresentant.<br><br>Fylkesdirektøren for næring og kultur møtte på generalforsamlinga i 2019. |
| **Val av styre** | Styret skal ha tre til fem styremedlemer. Kvar aksjeeigar vel éin medlem (med varamedlem), med to års funksjonstid. Andre medlemer må veljast samrøystes av generalforsamlinga.<br><br>Styret er vedtaksført når det er korrekt innkalla og minst halvparten av medlemene er til stades. |
| **Styresamansetning** | Etter generalforsamlinga i 2019 er styret sett saman slik:<br><br>Styreleiar: Eli Førde Aarskog<br>Varamedlem: Lars Svein Drabløs<br><br>Nestleiar: Janne Seilen.<br>Varamedlem: Arne Presthus<br><br>Styremedlem: Jørgen Langeland<br>Varamedlem: Sigurd Reksnes<br><br>Styremedlem: Hanne Fjerdingby Olsen<br>Styremedlem: Vidar Heggheim<br>Varamedlem: Nils Ivar Dolvik |
| **Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | Godtgjersle vedteken på generalforsamling i 2019:<br>Godtgjersle styreleiar: 25 000 kroner per år.<br>Styremedlemer: 2 000 kroner per møte.<br><br>Styregodtgjersle utbetalt i 2018: 58 000 kroner.<br><br>Løn dagleg leiar i 2018: 587 690 kroner. Andre godtgjersler: 4 392 kroner. Til saman: 592 082 kroner. |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. |
| **Revisor** | Hovden & Vatne Statsautoriserte Revisorar AS. |
| **Adresse** | 6770 Nordfjordeid. |
| **Telefon/faks** | 57 86 48 00/57 86 48 01. |
| **E-post** | post@norsk-fjordhestsenter.no |
| **Nettadresse** | www.norsk-fjordhestsenter.no |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 5 379 | 5 632 | 5 206 |
| Driftsresultat | 247 | 42 | 25 |
| Resultat etter skatt | 106 | -37 | -39 |
| Totalkapitalrentabilitet | 4 % | 1 % | 1 % |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | 11 % | 15 % | 17 % |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | 2 % | 2 % | 1 % |
| Eigenkapitalprosent: | 59 % | 62 % | 65 % |

| | |
|---|---|
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Av driftsinntektene i 2018 er om lag 2,5 mill. kr tilskot over statsbudsjettet til bevaringsarbeidet for dei nasjonale hesterasane. Årsrekneskapen til Norsk Fjordhestsenter AS viser eit underskot på om lag 39 000 kr. Selskapet har ein utfordrande økonomi då selskapet utfører ein del oppgåver som går ut over det som ligg i oppdragsbrevet frå Staten, sekretariatsavtalen med Norges Fjordhestelag og avtalen med Fjordane folkehøgskule.<br><br>Eigenkapitalprosenten er god og noko betra samanlikna med 2017. Dette skuldast ein reduksjon i gjelda. |
| **Viktige hendingar** | Bevaring av fjordhesten gjennom avl og bruk er kjerneoppgåva til Norsk Fjordhestsenter. Den beste bevaringa skjer gjennom aktiv bruk av dei nasjonale hesterasane, og det er høg aktivitet ved senteret gjennom året med mellom anna treningar, kurs og stemner. I tillegg har Fjordane folkehøgskule si undervisning på kompetansesenteret.<br><br>Sekretariatsfunksjonen for Norges Fjordhestlag og drift av felles prosjekt har høg prioritet. Kring 1,5 årsverk er direkte knytt til dette arbeidet. I tillegg til å vere sekretær for styret, stiller dei tilsette i Norsk Fjordhestsenter opp på møte gjennom året ved behov og følgjer opp arbeidet mellom møta. Dette gjeld mellom anna avlsutvalet, arbeidsgruppa for Barnas Fjordhestlag, leiargruppa for dei nasjonale hesterasane m.fl. I 2018 overtok Norsk Fjordhestsenter også rekneskapen og sekretariatsfunksjonen for Fjord Horse International.<br><br>Elles har Fjordhestsenteret m.a. koordinert hingsteutstilling på Nordfjordeid (mai 2019) med tilhøyrande internasjonal fagkonferanse, besøkt hingstekåring i Belgia, arrangert samling for fjordhestdommarar, vore sekretariat for Fokus Unghest, samarbeida med dei nasjonale hestesentera og gjennomført eit pilotprosjekt for utvikling av unghestutdanning som skal resultere i hovudprosjektet Prosjekt kvalitetshest.<br><br>Senteret er godkjent avlsstasjon og hadde i 2018 to hingstar tilgjengeleg for semin i vårstasjon. |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | Styret utarbeider no ein ny strategi der ein vil utfordre eigarane til å bidra med fornying av senteret for å sikre ei framtid der senteret kan tilby meir til lokalsamfunn og fjordhestfolket. Senteret er godt plassert, har god plass, og har potensial for å bli eit moderne hestesportsanlegg med |

| | |
|---|---|
| | aktivitetar knytt til kurs/konferansar og turisme. Senteret ber preg av fleire år med berre heilt nødvendig vedlikehald og investeringar, og det er behov for utbetringar og investeringar. |
| **Mål med eigarskapen** | Fylkesomfattande kulturselskap. Bakgrunnen for eigarskapen er at eigedommen Haugen i 1989 vart overdregen til Eid kommune, fylkeskommunen og Noregs Fjordhestlag. Kommunen og fylkes-kommunen betalte kvar 850 000 kr og Fjordhestlaget 500 000 kr. Selskapet vart då skipa og aksjane fordelte på dei tre eigarane. I 1997 overførte eigarane eigedomen til Norsk Fjordhestsenter AS, og fekk vederlag i form av B-aksjar (utan tilhøyrande røysterett). |

## Teater Vestland AS (tidlegare Sogn og Fjordane Teater LL)

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Føremålet med selskapet er å drive teaterverksemd i Sogn og Fjordane fylke. Teateret kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater.<br><br>Teateret skal nytte nynorsk målform eller nynorske målføre. Teateret går inn som ein naturleg del av fylket sitt samla kulturtilbod. Det skal søkje å fremje amatørteaterarbeidet i fylket. |
| **Etablert** | 13.11.1979 |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Eigarprosent: 80. Aksjeposten sin pålydande verdi: 80 000 kr.<br><br>Førde kommune eig dei resterande 20 % av aksjane.<br><br>Aksjekapitalen er 100 000 kr fordelt på 10 aksjar à 10 000 kr. |
| **Forretningskontor** | Førde kommune. |
| **Rettslege rammer** | Aksjelova. |
| **Rammer** | Vedtektene av 13.11.1979, sist revidert 21. juni 2016.<br><br>Strategiplan, vedtatt i 2014. |
| **Etiske retningsliner** | Strategiplanen omtalar personalpolitikk, miljø, verdigrunnlag o.l. |
| **Generalforsamling** | Ikkje noko særskilt regulert utover aksjelova sine reglar om generalforsamling.<br><br>Fylkesordføraren er eigarutsending.<br><br>Jakob Andre Sandal møtte på generalforsamlinga i 2019 etter fullmakt. |
| **Val av styre** | Styret skal ha fem medlemer. Av desse skal tre veljast etter framlegg frå fylkeskommunen, ein frå Førde kommune og ein frå dei faste tilsette. For styremedlemer valde etter forslag frå fylkeskommunen og Sogn og Fjordane teater skal det veljast varamedlemer i rekkjefølgje. Styremedlemen frå Førde kommune har personleg varamedlem.<br><br>Alle fast tilsette står likt, og kan velje- og bli valde inn i styret. I tillegg til ein styremedlem, skal det veljast tre varamedlemer i rekkjefølgje. Første vara møter fast med talerett.<br><br>Styre- og varamedlemene si funksjonstid er fire år med unntak for representanten for dei tilsette som vert vald for to år. |

| | |
|---|---|
| | Ved fyrste gongs attval etter ei endring av styresamansetjinga, kan nokre av dei aksjonærvalde styremedlemmane veljast for kortare tid enn 4 år.<br><br>Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar. Styreleiar skal veljast frå ein av representantane foreslegne av fylkeskommunen. |
| **Styresamansetning** | Styret er sett saman slik:<br>Rasmus Mo (leiar) (fylkeskommunen)<br>Iris Loftheim (nestleiar)<br>Ola Tarjei Kroken (fylkeskommunen)<br>Kristine Lie (fylkeskommunen)<br>Kjell Arvid Furevik (repr. for dei tilsette)<br><br>Varamedlemer i rekkjefølgje frå fylkeskommunen:<br>1) Hanne Bergliot Oftedal<br>2) Eva Marie Halvorsen<br>3) Anne Kristin Lilleaasen |
| **Styregodtgjersle for 2019 og dagleg leiars løn og godtgjersle i 2018** | Styreleiar: 50 000 kr. Honoraret skal indeksregulerast med lønsindeksen per 01.05. kvart år. Styreleiar har same møtegodtgjersle som fylkeskommunen sine hovudutval.<br><br>Andre styremedlemer: same satsar som gjeld for fylkeskommunen sine hovudutval. Tapt arbeidsforteneste kan erstattast etter fylkeskommunen sine satsar.<br><br>Dagleg leiar: 874 342 kr i løn og 47 421 kr i anna godtgjersle. |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei. |
| **Revisor** | PricewaterhouseCoopers AS. |
| **Adresse** | Pb. 324, 6802 Førde. |
| **Telefon/faks** | 90 99 06 00. |
| **E-post** | post@softeater.no |
| **Nettadresse** | www.softeater.no/ |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (1000 kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 28 154 | 28 692 | 29 298 |
| Driftsresultat | - 6 | 329 | -272 |
| Resultat etter skatt | -2 | 279 | -318 |
| Totalkapitalrentabilitet | 0,2 % | 4 % | -3% |
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | - | 67 % | - |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | -11 % | -7 % | -11 % |
| Eigenkapitalprosent: | 49 % | 47 % | 47 % |

| | |
|---|---|
| **Økonomisk utvikling i tekst** | Teater Vestland AS viser eit årsresultat på -0,3 mill. kr. Det var budsjettert med eit underskot på 0,3, då styret valde å nytte opptent eigenkapital for å sikre viktige prosjekt i 2018.<br><br>Av driftsinntektene på 29,3 mill. kr utgjer driftstilskot 27,7 mill. kr. Driftstilskotet er fordelt slik: 19,4 mill. kr frå staten, 6,2 mill. kr frå fylkeskommunen og 2,1 mill. kr frå Førde kommune.<br><br>Eigne inntekter frå billett- og programsal utgjer 1,6 mill. kr. Dette svarar til 5,5 % av dei totale inntektene.<br><br>Teater Vestland AS har ein eigenkapital på 47 % og syner at selskapet har god soliditet. Arbeidskapitalen er svekka i høve 2017. Omløpsmidlar utgjer 1,4 mill. kr (mot 1,6 mill. kr i 2017) og kortsiktig gjeld om lag 4,6 mill. kr (mot 3,6 mill. kr i 2017). Vi legg merke til at langsiktig gjeld er redusert frå 1,4 mill. kr til 0 kr i 2018. I samråd med selskapet sin bank har dei vorte einige om å legge all gjeld inn som kassekreditt fordi likviditeten svingar mykje i løpet av året, og at dei totalt sett ville komme betre ut økonomisk på denne måten. |
| **Viktige hendingar** | Teateråret har vore prega av stor aktivitet, eit godt kunstnarisk resultat og gode besøkstal. I løpet av året har teateret presentert seks eigenproduksjonar, i tillegg til gjestespel og samproduksjonar, lab-prosjekt og eventyrstunder. Teateret har besøkt mindre og større stader i fylket, spelt på dei store kulturhusa, i idrettshallar, forsamlingshus og kyrkjer.<br><br>Av produksjonar kan nemnast «Fysikarane», «Yogakrigen» og «Eg er i går». Med dette siste stykket oppnådde teateret ein høgare oppslutnad og betre resultat enn forventa. Teateret har også hatt framvising av stykka «På Lokalet» og «Maria Magdalena – Jesu Virke». Teateret har også i 2018 hatt eit godt samarbeid med Den Kulturelle Skulesekken i Sogn og Fjordane, noko som m.a. resulterte i stykket «Nasjonal prøve», ein surrealistisk fabel om skule og terror. Teateret har også i 2018 hatt framsyningar i Eventyrrommet, ei scene for born. I 2018 var det også ei markering av at det var 200 år sidan Aasmund Olavson Vinje vart fødd, og framsyninga «Vinje, vår mann» var eit samarbeid med Rom for ord, som vart synt i både Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland.<br><br>I løpet av 2018 har teateret besøkt alle kommunane i Sogn og Fjordane, hatt 238 kunstnariske framsyningar og 47 formidlingsarrangement. Totalt hadde teateret 18 032 tilskodarar i 2018. |
| **Mål med eigarskapen** | Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og sikre kontunuitet og føreseieleg forhold for drifta av verksemda. |

# 7. Interkommunale samarbeid

## *7.1 Ulike former for interkommunalt samarbeid*

Interkommunale samarbeid kan vere alt frå eit forum for erfaringsutveksling, til overføring av ansvar/utføring av oppgåver til eit anna rettssubjekt − til dømes ein anna kommune eller eit selskap. Fylkeskommunen deltek i dag i fleire samarbeid innanfor ulike område.

## *7.2 Samarbeid etter kontrakt (formlaust samarbeid)*

Slike samarbeid er ikkje heimla i kommunelova. Dei baserer seg på kontraktar som regulerer samarbeidshøvet mellom kommunane. Denne forma for samarbeid vert også kalla *formlaust samarbeid*. Sidan organisasjonsforma er tufta på kontraktar, vil rammene for organiseringa ligge i kva som gyldig kan avtalast mellom kommunar.

## *7.3 Interkommunalt samarbeid etter kommunelova*

Kommunelova 1992 (koml.) § 27 har reglar om samarbeidsavtalar mellom kommunar når samarbeidet er organisert med eit eige styre.

Sommaren 2018 vedtok Stortinget ny kommunelov (koml. 2018). § 27 om interkommunale samarbeid er ikkje vidareført i den nye lova, men erstatta av to nye samarbeidsformer;

- interkommunalt politisk råd etter kap. 18
- kommunalt oppgåvefellesskap etter kap. 19.[24]

Ifølgje koml. 2018 § 31-2 må alle samarbeid etter koml. § 27 vere omdanna til ein av dei nye ordningane seinast innan fire år etter at kap. 18 og 19 i koml. 2018 trer i kraft.

Den største skilnaden er at for dei nye samarbeidsordningane må deltakarane uttrykkeleg ta stilling til om samarbeidet skal vere eit eige rettssubjekt eller ikkje.

## *7.4 Vertskommunesamarbeid etter kommunelova*

Kommunelova 1992 § 28-1 a gav heimel for å legge oppgåver som kommunane har ansvar for, til eit såkalla vertskommunesamarbeid. Samarbeidsforma er vidareført i kommunelova 2018 kapittel 20.[25]

<u>Vertskommunesamarbeidet har to variantar:</u>

- administrativt vertskommunesamarbeid (§ 20-2)
- vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd (§ 20-3)

Der kommunen vurderer at eit samarbeidsområde er av prinsipiell tyding, skal modellen med felles folkevald nemnd nyttast. Denne nemnda har då ansvar for at oppgåvene blir løyst innanfor ramma av delegeringa frå deltakarkommunane. Tilsvarande kan den administrative modellen nyttast på område der det blir vurdert at området ikkje er av prinsipiell tyding.

Eit vertskommunesamarbeid er forankra i ein skriftleg samarbeidsavtale som må vedtakast av kommunestyret eller fylkestinget sjølv.

---

[24] Kap. 18 og 19 tredde i kraft f.o.m. det konstituerande møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valperioden 2019–2023.

[25] Som tredde i kraft f.o.m. det konstituerande møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valperioden 2019–2023.

## *7.5 Interkommunale samarbeid*

### Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA)

| | |
|---|---|
| **Føremål** | NDLA starta som eit prosjektsamarbeid mellom 18 fylkeskommunar i 2007 (Oslo deltok ikkje). I 2009 fatta alle 18 fylkesting likelydande vedtak om å etablere prosjektet som eit interfylkeskommunalt samarbeid (IS), jf. kommunelova § 27.<br><br>Nasjonal Digital Læringsarena - gratis læremiddel for elevar i vidaregåande skule – er eit fellesinitiativ frå fylkeskommunane som har som føremål å etablere fritt tilgjengelege læremiddel for alle faga i den vidaregåande opplæringa. |
| **Etablert** | 2007. |
| **Deltakarar** | Fylkeskommunane |
| **Rammer** | Vedtekter frå 01.07.2009. Endra i 2017. Offentleglova. |
| **Representasjon i representantskap** | Som interfylkeskommunalt samarbeid har NDLA eit representantskap med eigarrepresentasjon, ein frå kvar av eigarane. |
| **Administrasjon** | NDLA har eit styre som kan ha 3 – 7 medlemer. John Arve Eide er styreleiar. Styret skal sjå til at drifta av NDLA er i samsvar med formålet for samarbeidet, vedtektene, årsbudsjettet for selskapet og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet eller styret sjølv.<br><br>Fylkeskommunen er kontorkommune for hovudkontoret. |
| **Innskotsplikt** | Inntektsgrunnlaget er basert på bidrag per elev frå alle deltakarane. |
| **Uttreden** | Skjer gjennom fylkestingsvedtak. Fristar og føresegner følgjer av kommunelova. |
| **Nettadresse** | www.ndla.no |
| **Rettslege rammer** | Kommunelova. |
| **Viktige hendingar** | På oppdrag frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjennomførte Deloitte AS forvaltningsrevisjon av NDLA i 2017. Fylkestinget i Sogn og Fjordane handsama forvaltningsrevisjonsrapporten i sak 43/17, og slutta seg til vedtaket frå fylkestinget i Hordaland, som m.a. omhandla innkjøp, arbeidsmiljø og personopplysningar. |

### Vestlandsrådet[26]

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsråd for fylkeskommunane på Vestlandet. Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet:<br><br>• styrkje landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt<br>• koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde og utvikle effektive tenester på tvers av fylkesgrensene<br>• fremje andre politiske saker av felles interesse<br>• aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka |

[26] Samarbeidet vert omdanna til interkommunalt politisk råd etter kommunelova 2018 kapittel 18 den 01.01.20.

| | |
|---|---|
| | • skape samhandlingsarenaer på Vestlandet<br>• ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene |
| **Etablert** | 2003. |
| **Deltakarar** | Fylkeskommunane Møre og Romsdal, Vestland[27] og Rogaland. |
| **Rammer** | Samarbeidsavtale, vedtekter og politisk plattform. |
| **Representasjon i råd/styre/ representantskap** | Fylkeskommunen har følgjande faste medlemmer i Vestlandsrådet:<br><br>Jon Askeland, Natalia Golis, Anne Gine Hestetun, Trude Brosvik, Silja Ekeland Bjørkly og Terje Søviknes.<br><br>Vestlandsrådet møtast som hovudregel minst tre gonger i året. Leiarvervet går på omgang for eitt år av gangen mellom fylkesordførarane. Rogaland fylkeskommune har hatt leiarskapen i Vestlandsrådet i 2019.<br><br>I tillegg til rådet er det skipa eit eige arbeidsutval (AU) med dei tre fylkesordførarane. |
| **Administrasjon** | Fylkesdirektøren i den fylkeskommunen som til ei kvar tid har leiarvervet:<br>• har innstillingsrett til rådet<br>• har ansvaret for sekretærfunksjonen<br>• koordinerer det administrative og saksførebuande arbeidet<br>• koordinerer i samarbeid med dei andre fylkeskommunane arbeidet med prosjekt som er sett i gang av Vestlandsrådet<br>• har arkivansvar |
| **Innskotsplikt** | Finansiering av rådet sin aktivitet skal fordelast slik jf. selskapsavtalen § 8:<br><br>Dei tre fylkeskommunane yter ein like stor sum kvar til drifta av rådet. Storleiken vert handsama på siste møte før budsjettåret. (For 2020, kr 600.000,-)<br><br>Eigne driftsutgifter til deltaking i rådet vert dekka av kvar einskild fylkeskommune.<br><br>Leiarskapet i rådet vert dekka av den fylkeskommunen som har leiarskapen det året.<br><br>Rådet skal ha eit eige budsjett til dekking av andre typar driftsutgifter til rådet av felles interesse for dei deltakande fylkeskommunane. Rådet skal sjølv gjere framlegg om dette. Kvar av fylkeskommunane skal dekka 1/3 av desse utgiftene. Budsjettet vert handsama på første møtet i året.<br><br>Utgifter til einskildprosjekt vert fordelte i høve til kvar fylkeskommune sine interesser og deltaking.<br><br>Rekneskapen vert ført og revidert av den fylkeskommunen som har leiarskapen/sekretariatet. |
| **Uttreden** | Fylkestinget i eitt av dei deltakande fylka kan vedta at denne fylkeskommunen skal gå ut av samarbeidet i rådet med 1 - eitt - års oppseiingsfrist før neste fylkestingsval. I eit slikt høve gjeld kommunelova. |
| **Kontakt for Vestland** | |
| **Nettadresse** | www.vestlandsraadet.no |

[27] Frå og med 01.01.20.

| | |
|---|---|
| **Rettslege rammer** | Kommunelova § 27 (frå og med 01.01.20 kommunelova kapittel 18). |

## IS Fjordvegen Rute 13

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Interesseselskap som skal arbeide for å betre RV 13. Selskapet sine føremål er:<br><br>1. Å arbeide for utbygging av Fv/Rv13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard og gul midtstripe for heile strekninga.<br><br>2. Å marknadsføre vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Nord–Jæren til Sunnfjord. |
| **Etablert** | 19.06.1995. |
| **Deltakarar** | Medlemer i selskapet er to[28] fylkeskommunar, kommunar, interkommunale selskap, samferdselsselskap, næringsorganisasjonar og private verksemder. |
| **Rammer** | Vedtekter av 06.06.2013. |
| **Representasjon i styret** | Styret i selskapet skal ha 8 medlemer med vara. |
| **Administrasjon** | Hardangerrådet ved dagleg leiar Jostein Eitrheim, er også dagleg leiar i IS Fjordvegen. |
| **Innskotsplikt** | Kontingent vert betalt forskotsvis for eitt år om gongen. Det er vedteke at fylkeskommunane bidreg med 85 000 kr årleg i 2019. |
| **Uttreden** | Utmelding frå selskapet med bindande verknad for kontingentbetaling må vere gjort minst 1 år før det kalenderåret utmeldinga skal tre i kraft. |
| **Adresse** | Postboks 78, 5780 Kinsarvik. |
| **Telefon/faks** | 53 67 14 50 |
| **E-post** | post@hardangerraadet.no |
| **Nettadresse** | www.fjordvegen.no |
| **Rettslege rammer** | Vedtektene. Samarbeidet er eit interesseselskap med offentlege og private verksemder som medlemer. |

## Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Føremålet til samarbeidet er å leggje tilhøva til rette for at arkiva til deltakarane vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner. Samarbeidet kan yte depottenester for deltakarane sine papirbaserte og elektroniske arkiv, og dessutan tilby deltakarane ordnings- og digitaliseringstenester, og andre nærliggande tenester. Samarbeidet skal sørgje for at arkiva til deltakarane vert gjorde tilgjengelege for offentleg bruk, forsking og andre administrative og kulturelle føremål. |

[28] Frå og med 01.01.20.

| | |
|---|---|
| **Etablert** | Prøveordning frå 1987. Endeleg etablert frå 1991. Organisert som interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 frå og med 2019. |
| **Deltakarar** | Alle kommunane, samt fylkeskommunen. Deltakarane har lik eigardel i samarbeidet og delt ansvar for samarbeidet sine plikter. |
| **Rammer** | Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 mellom fylkeskommunen og kommunar i Sogn og Fjordane.[29] Representantskapet vedtok på ekstraordinært representantskapsmøte 06.11.19 at namnet skal endrast til Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap.<br><br>Samarbeidet skal ha mynde til å treffe avgjerder som gjeld drift og organisering av verksemda.<br><br>Samarbeidet kan ikkje pådra deltakarane plikter eller fatte avgjerder som etter kommunelova ligg til deltakarkommunane sjølve. Samarbeidet skal ikkje ha mynde til å ta opp lån eller stille sikkerheit for andre sine forpliktingar. |
| **Forretningskontor** | Leikanger kommune. |
| **Administrasjon** | Kvar deltakar er representert i samarbeidet sitt øvste styringsorgan, representantskapet. Representantskapet har valt eit underliggande styre som tek seg av drift og organisering. Styret har tilsett fylkesarkivar Arnt Ola Fidjestøl som dagleg leiar for samarbeidet.<br><br>Fylkeskommunen har stilt tilsette til disposisjon for samarbeidet, både som ein del av fylkeskommunen sitt bidrag til samarbeidet og mot økonomisk kompensasjon. |
| **Finansiering** | Samarbeidet skal finansierast gjennom bidrag frå deltakarane. Deltakarane betalar eit årleg økonomisk tilskot til drifta av samarbeidet i samsvar med vedteke budsjett. For deltakarkommunane vert dette tilskotet rekna ut på grunnlag av i) ein fast grunnsum og ii) eit beløp rekna ut i frå folketalet til deltakarkommunane pr. 1. juli året før budsjettåret. |
| **Uttreden** | Den enkelte fylkeskommune/kommune kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltakarforhold i samarbeidet og krevje seg utløyst av det. |
| **Nettadresse** | www.fylkesarkivet.no/ |
| **Adresse** | Askedalen 2, 6863 Leikanger. |
| **Telefon** | 57 63 80 00. |
| **E-post** | fylkesarkivet@sfj.no |

# 8. Samvirkeføretak

Hovudføremålet i eit samvirkeføretak er å fremje medlemane sine økonomiske interesser. Sentralt i dette ligg at ein som medlem gjennom samarbeid får oppfylt dei økonomiske interessene sine, anten som tilsett, leverandør eller kunde hos samvirkeføretaket. Medlemane sine behov for samarbeid er viktigare enn at føretaket går med mest mogleg overskot. Hovudformålet om å fremje medlemane sine økonomiske interesser vert tolka vidt.

[29] Representantskapet i Kommunearkivordninga vedtok den 06.11.19 endra deltakarsamansetjing og omdanning av samarbeidet til kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova 2018 kapittel 19. Det vil bli lagt fram sak om endringane for fylkestinget i Vestland 17.12.19. Tilsvarande sak skal bli handsama i dei andre deltakarane sine kommunestyre innan årsskiftet.

Samvirkeføretak kan stiftast av både fysiske og juridiske personar. Eit samvirkeføretak må til kvar tid ha minimum to medlemar/eigarar. I samvirkeføretak skal alle eigarane behandlast likt og ha same innverknad. Hovudregelen er derfor at alle medlemane har ei stemme på årsmøtet.

Medlemane har ikkje ansvar for gjelda til samvirkeføretaket utover eit eventuelt partsinnskot.

Det er ikkje krav om partsinnskot (beløpet medlemane betalar når dei blir medlemar i samvirkeføretaket). Samvirkeføretak må likevel ha ein forsvarleg eigenkapital til kvar tid. Eigenkapitalkravet må vurderast opp mot omfanget av verksemda. Det kan derfor i praksis bety at samvirkeføretaket må ha partsinnskot.

I eit samvirkeføretak vert ein del av overskotet utbetalt til medlemane basert på medlemane si samhandling med føretaket. Eksempel på samhandling vil kunne vere kjøp frå, sal til eller arbeid for samvirkeføretaket.

Årsmøtet er den øvste myndigheita til samvirkeføretaket. Medlemane har møte- og stemmerett. Alle samvirkeføretak skal halde årsmøte årleg. Årsmøtet vel styret.
Styret skal bestå av minst tre personar, og møtast ved behov. Styret er ansvarleg for drifta og organiseringa av føretaket. Det er styret som tilset dagleg leiar.

## 8.1 Samvirkeføretak

### Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane SA (OKOS SA)

| | | |
|---|---|---|
| **Føremål** | Føretaket skal vere eit organ for samarbeid mellom medlemane (læreverksemder), som i fellesskap tek på seg opplæringsansvar for lærlingar, lærekandidatar, praksisbrevkandidatar og kandidatar for fagbrev på jobb, jf. opplæringslova § 4-3.<br><br>Føretaket fremjar medlemane sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda, men har ikkje erverv til hovudføremål. Hovudføremålet er å yte gode tenester til eller for medlemsverksemdene, og å sikre høg kvalitet på fagopplæringa. | |
| **Etablert** | Skipa 23.10.2019 (vidareføring av tidlegare verksemd). | |
| **Deltakarar** | Fylkeskommunen teikna medlemskap i samvirkeføretaket 23.10.19. Andre medlemar er Askvoll kommune, Fjaler kommune, Høyanger kommune, Sunnfjord kommune, Vik kommune og Bremanger kommune.<br><br>Medlemane har ikkje betalt inn innskot ved skipinga. Verksemda skal finansierast ved årleg medlemskontingent og ved ein prosentvis del av lærlingtilskotet knytt til kvar lærekontrakt. | |
| **Forretningskontor** | Førde | |
| **Rettslege rammer** | Lov om samvirkeføretak og opplæringslova | |
| **Rammer** | Vedtektene av 23.10.2019 | |
| **Administrasjon** | Årsmøtet er føretaket sitt øvste organ. Kvar medlem har ei røyst.<br><br>Føretaket vert leia av eit styre på 5 medlemmer, og 3 varamedlemmer. Styremedlemmene og varamedlemmer vert valt for to år.<br><br>Foretaket skal ha dagleg leiar. | |
| **Styresamansetning** | Anne Kristin Førde (leiar) | Varamedlemar i nummerert rekkefølgje: |

| | | |
|---|---|---|
| | Arvid Stenehjem (fylkeskommunen)<br><br>Solveig Masdal Haugsvær<br><br>Frode Merkesvik<br><br>Bodil Gjerde (fagforbundet) | 1. Tova Kjempenæs<br>2. Ole Jacob Nedrebø<br><br>Varamedlem for fagforbundet sin styremedlem:<br><br>Sigrun Bøe Perez |
| **Styregodtgjersle fastsett i 2019 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | Førebels ikkje fastsett. | |
| **Finansiering** | Verksemda skal finansierast med offentlege tilskot til læreverksemder. Medlemane betalar ein årleg medlemskontingent.<br><br>Det skal ikkje betalast andelsinnskot ved innmelding i føretaket. | |
| **Fylkeskommunalt lån** | Nei | |
| **Revisor** | Førebels ikkje valt | |
| **Adresse** | Firdavegen 6, 6801 Førde | |
| **Telefon/faks** | | |
| **E-post** | | |
| **Nettadresse** | https://okosweb.no/ | |
| **Oppløysing og oppseiing** | Oppløysing av føretaket må vedtakast med 4/5 fleirtal på årsmøtet. Samvirket må uansett oppløysast dersom det er mindre enn to medlemar att i samvirket.<br><br>Oppseiing av medlemskapen skal skje skriftleg og med tre månaders varsel. Gjeldande kontraktar skal då overførast til den einskilde læreverksemda, som pliktar å gjennomføre læreperioden i tråd med kontrakta og i tråd med aktuelle lover og reglar. | |
| **Mål med medlemskapen** | Kommunale/fylkeskommunale fellestiltak. Målet er auka kvalitet i fagopplæringa og stordriftsfordeler gjennom samarbeid. | |

## Biblioteksentralen SA

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Biblioteksentralen skal være et serviceorgan for alle typer offentlige bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å være hovedleverandør av produkter og tjenester til bibliotek og liknende institusjoner. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/etablere virksomhet med det formål å betjene det totale bok-, informasjons- og kunnskapsmarkedet. |
| **Etablert** | 04.02.1952 |
| **Aksjekapital/**<br><br>**Fylkeskommunal eigardel** | Tal andelar: 3814<br><br>Pålydande: kr 300<br><br>Andelskapital: kr 1 144 200 |

| | | |
|---|---|---|
| | Fylkeskommunen sin andel: 0,8% | |
| **Forretningskontor** | Oslo kommune | |
| **Rettslege rammer** | | |
| **Rammer** | | |
| **Etiske retningsliner** | | |
| **Føretaksmøte** | Årsmøte avholdt 25.april 2019 | |
| **Val av styre** | | |
| **Styresamansetning** | Styremedlem:<br>Lars Peder Brekk (leiar)<br>Ingelin Norsjø (nestleiar)<br>Gunn Berit Gjerde<br>Line Silsand<br>Birgithe Schumann-Olsen<br>Leon Bang-Hetlevik<br>Elin Broen | Varamedlem:<br>Jonni Helge Solsvik<br>Claus Alexander Johannesen<br>Heidi Hovemoen |
| **Styregodtgjersle fastsett i 2019 og dagleg leiars godtgjersle i 2018** | | |
| **Fylkeskommunalt lån** | | |
| **Revisor** | BDO AS | |
| **Adresse** | Alf Bjerckes vei 20, 0582 Oslo | |
| **Telefon/faks** | 22 08 34 00 | |
| **E-post** | | |
| **Nettadresse** | | |

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

| (mill. kr) | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | Kr 136 941 | Kr 131 980 | Kr 125 324 |
| Driftsresultat | Kr -1 149 | Kr -3 689 | Kr -7 409 |
| Resultat etter skatt | Kr -19 810 | Kr 58 822 | Kr -7 127 |
| Totalkapitalrentabilitet | 2,2 | 16,4 | 0,6 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld | | | |
| Arbeidskapital i % av driftsinntekter | | | |
| Eigenkapitalprosent | 86,5 | 62,6 | 63,5 |
| **Økonomisk utvikling i tekst** | | | |
| **Viktige hendingar** | | | |
| **Viktige planar/utsikter for dei komande åra** | | | |
| **Mål med medlemskapen** | Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter; i tråd med fylkeskommunen si rolle på kulturfeltet deltek ein i samverkeføretaket for å støtte utviklinga av bibliotek som ein viktig kulturell formidlingsarena og møteplass. | | |

## Sinjarheim SA

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Føretaket sitt føremål er å ta vare på bygningane på garden Sinjarheim og det kringliggjande kulturlandskapet, på ein måte som ivaretek antikvariske omsyn, og å delta i tiltak som fremjar tradisjonell bruk av Sinjarheim. Føretaket vil delta i informasjons- og tilretteleggingstiltak for å møte ulike brukargrupper sine behov i området, og samarbeide med andre aktørar med tilsvarande oppgåver i Aurlandsdalen. Dette for mellom anna å unngå eventuelle konfliktar og å unngå unødvendig slitasje. Føretaket har ikkje erverv til føremål, og eventuelle driftsoverskot skal avsettast til utviklings- og vedlikehaldsoppgåver på eigedomen. |
| **Etablert** | Sinjarheim SA vart stifta i 2018. Samvirkeføretaket er ei vidareføring og formalisering av samarbeidet som starta kring tiltaket Sinjarheimfondet den 25.7.2003, mellom eigar av Sinjarheim (gbnr. 21/1), Sogn jord- og hagebruksskule og Fortidsminneforeningen (no Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane). |
| **Deltakarar** | Fylkeskommunen ved Sogn jord- og hagebruksskule, grunneigar og Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane. |
| **Rammer** | Vedtektene og samvirkelova.<br><br>Føretaket er ein sjølveigande, frittståande juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld. Låneopptak eller tilsvarande finansieringstiltak, til finansiering av drift eller tiltak av føretaket, kan berre skje etter samtykkje frå årsmøtet, eller etter retningsliner gjeve av årsmøtet. |
| **Forretningskontor** | Aurland kommune. |
| **Administrasjon** | Årsmøtet er føretaket sitt øvste organ. Kvart medlem har ei røyst.<br><br>Føretaket vert leia av eit styre på tre medlemmer, og to varamedlemmer. Styremedlemmene skal, med atterhald som nemnd nedanfor, vere medlemmer i føretaket. Varamedlemmene treng derimot ikkje å vere medlemmar av føretaket. Styremedlemmene og varamedlemmer vert valt for to år. Inge Olai Sønnerheim er styreleiar. |

| | |
|---|---|
| | Foretaket skal ikkje ha tilsett dagleg leiar, men styreleiar skal ha funksjonen som dagleg leiar, jf. Samvirkelova § 65 og har signaturrett. |
| **Finansiering** | Det skal ikkje betalast andelsinnskot ved innmelding i føretaket. Føretaket har ikkje kontingent ved skipinga.<br><br>Om rekneskapet viser overskot, skal dette setjast av i driftsfondet. Kostnaden med å stifte SA-et skal dekkast av føretaket. |
| **Oppløysing** | Det kan gjerast vedtak om oppløysing av føretaket med 2/3 fleirtal i eit ordinært årsmøte, etter at det er komme tilsvarande framlegg på førre årsmøte. Minst halvparten av deltakarane må vere representerte på sistnemnde møte. Møter ikkje så mange, kan framlegget vedtakast på nytt medlemsmøte med vanleg fleirtal rekna ut frå møtande deltakarar.<br><br>Ved oppløysing skal aktiva i samvirkeforetaket setjast i eit fond til fremme og ta vare på bygningane på garden Sinjarheim og det kringliggjande kulturlandskap. |
| **Adresse** | Kvålsvegen 12, 5745 Aurland |

# 9. Stiftingar

Ei stifting er ein formuesverdi som sjølvstendig er stilt til rådvelde for eit føremål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art. Sjå lov av 15.06.2001 nr. 59 om stiftelser (stiftingslova).

Opprettarane av ei stifting står fritt til å fastsette stiftinga sitt føremål. Dette kan anten vere å fremje ei bestemt sak, eller å drifte verksemda stiftinga sjølv driv. Stiftinga er eit sjølvstendig rettssubjekt, og har ikkje utanforståande eigarar eller eigarorgan som utøver mynde, som til dømes generalforsamling.

Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formuesverdien som er overført til stiftinga. Verken opprettaren eller andre kan med grunnlag i eigedomsrett til stiftinga sine midlar utøve styring over verksemda i stiftinga, eller gjere krav på overskot. I motsetnad til det som gjeld for selskap kan opprettar heller ikkje overføre stiftinga sine midlar til seg sjølv ved å oppløyse stiftinga. Når det gjeld stiftingar står vi difor utanfor vanleg eigarskapspolitikk.

Stiftelsestilsynet har ansvar for tilsyn med og kontroll av alle stiftingar i Noreg etter stiftingslova. Alle norske stiftingar skal vere registrerte i Stiftelsesregisteret (www.lottstift.no).

## *9.1 Uttreden frå stiftingar*

Det er ikkje mogleg å selje seg ut av ei stifting, ettersom opprettarane ikkje eig stiftinga. Dersom fylkeskommunen ikkje lenger ønskjer å stå som opprettar i ei stifting, er løysinga å ta initiativet til å få stiftinga oppløyst. Saka skal då handsamast av styret, og Stiftelsestilsynet skal godkjenne oppløysinga. Grunnkapitalen går ikkje tilbake til opprettarane. Avviklingsstyret og Stiftelsestilsynet avgjer korleis den totale kapitalen skal nyttast etter at krava til kreditorane er dekka. Før fylkeskommunen vedtek å oppmode styret om å oppløyse ei stifting, må det vurderast kva konsekvensar dette kan få for medopprettarane og dei som nyt godt av føremålet med stiftinga.

## *9.2 Stiftingane*[30]

### Stiftinga Singerheimen

| | |
|---|---|
| **Føremål:** Alminnelig stifting. Føremålet er å ta vare på og drive på ein verdig måte eigedomen Dahlheim som ein kulturinstitusjon. Ved utleige skal ein prioritere tilsette ved sjukehusa i Sogn og Fjordane. | |
| **Adresse:** 6788 Olden. | **Telefon:** 920 84 187 |
| **Stifta:** 31.07.1963. | **Opprettar**: Anna Brugh Singers dødsbu. |
| **Nettside/e-post:**<br>http://ny.singerheimen.no/<br>post@singerheimen.no | **Rammer:** Vedtektene registrert 01.01.2009, sist endra 10.06.2007. |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen vel heile styret. Stryn kommune har høve til å foreslå to av dei fem medlemene dersom kommunen yter faste tilskot til stiftinga. Fylkeskommunen har høve til å gje fråsegn dersom styret vedtek oppløysing av stiftinga. | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Årleg tilskot etter søknad. Tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2019: kr 200 000.<br>Stiftinga har også søkt om støtte til kartleggings- og restaureringsarbeid (under fredingsprosess) i 2019. |
| **Merknad:** Fylkeskommunen er ikkje opprettar av denne stiftinga. Stiftinga vart oppretta ved at eigedomen Dahlheim vart overført til stiftinga frå Anna Brugh Singers dødsbu.<br><br>Stiftinga er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og ser på ulike moglegheiter for å betre stoda. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane støttar styret si tilnærming til saka, jf. FU-sak 27/18. Fylkeskommunen sendte ut varsel om oppstart av fredningssak for Dalheim – Singerheimen den 20.5.2019. Det er inngått intensjonsavtale mellom stiftinga og Musea i Sogn og Fjordane, der målet er å finne løysingar for museal drift av anlegget. | |

### Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal

| | |
|---|---|
| **Føremål**: Næringsdrivande stifting. Stiftinga skal skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved fylkessjukehuset. | |
| **Adresse:** Lærdal sjukehus – Helse Førde, 6887 Lærdal. | **Telefon:** 902 02 893. |
| **Stifta:** 09.01.1969 | **Opprettar:** Sogn og Fjordane fylkeskommune. |
| **Nettside/e-post:**<br>kare.mentz.lysne@helse-forde.no | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Ingen. |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen vel heile styret. Det vert arbeidd med å overføre denne valretten til Helse Førde, som har teke over drifta av sjukehuset, sjå FT-sak 32/16 (fylkestinget i Sogn og Fjordane. | **Rammer:** Vedtektene 01.01.2009, sist endra 18.10.2016. |

[30] Eigarskapsmelding 2020 vil innehalde tilsvarande informasjon om stiftingar Hordaland fylkeskommune har vore med å opprette eller elles har særlege interesser i.

## Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid

| | |
|---|---|
| **Føremål:** Næringsdrivande stifting. Stiftinga skal skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved fylkessjukehuset. | |
| **Adresse:** Postboks 10, 6771 Nordfjordeid. | **Telefon:** 415 30 489. |
| **Stifta:** 28.04.1970. | **Opprettar:** Sogn og Fjordane fylkeskommune. |
| **Nettside/e-post:** per.scott.olsen@helse-forde.no | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Ingen. |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen vel heile styret. Det vert arbeidd med å overføre denne valretten til Helse Førde, som har teke over drifta av sjukehuset, sjå FT-sak 32/16 (fylkestinget i Sogn og Fjordane). | **Rammer:** Vedtektene registrert 01.01.2009, sist endra 12.12.2005. |

## Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane

| | |
|---|---|
| **Føremål:** Næringsdrivande stifting. Stiftinga skal skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved sentralsjukehuset. | |
| **Adresse:** Sentralsjukehuset i Førde – Helse Førde, 6807 Førde. | **Telefon:** 57 83 90 39. |
| **Stifta:** 08.07.1975. | **Opprettar:** Sogn og Fjordane fylkeskommune. |
| **Nettside/e-post:** stiftinga@gmail.com | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Ingen. |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen vel heile styret. Det vert arbeidd med å overføre denne valretten til Helse Førde, som har teke over drifta av sjukehuset, sjå FT-sak 32/16 (fylkestinget i Sogn og Fjordane). | **Rammer:** Vedtektene 01.01.2009. |

## Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling

| | |
|---|---|
| **Føremål:** Næringsdrivande stifting. Stiftinga sitt føremål er å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje næringsutvikling og nyskaping i fylket. | |
| **Adresse:** Mentor AS, postboks 200, 6801 Førde. | **Telefon:** 90 52 22 35. |
| **Stifta:** Den 1.7.1988 | **Opprettar:** Sogn og Fjordane fylkeskommune. |
| **Nettside/e-post:** gitle.sande@mentor.no | **Rammer:** Vedtektene registrert 17.06.2008 (vert oppdaterte i samband med regionreforma i 2019). |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen vel heile styret. | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Ingen. |

## Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

| | |
|---|---|
| **Føremål:** Alminneleg stifting. Føremålet til stiftinga er å gjennomføre eit internasjonalt folkemusikkfestspel kvart år i Førde som skal ha folkemusikk og folkedans som hovudinnhald. | |
| **Adresse:** Postboks 395, 6801 Førde. | **Telefon:** 469 05 010. |
| **Stifta:** 14.03.1992. | **Opprettar:** Sogn og Fjordane fylkeskommune, Førde kommune, Førde Næringsutvikling (no Førde Industri- og Næringsselskap), Landslaget for Spelemenn (no FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans), Sogn og Fjordane Folkemusikklag, Førde Ungdomslag og Indre Sunnfjord Spelemannslag. |
| **Nettside/e-post:** www.fordefestival.no info@fordefestival.no | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Årlege tilskot i følgje avtale med staten og kommunane. Tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2018: 3 150 000 kroner. Tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2019: 3 311 000 kroner. |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen vel tre styremedlemmer med vara, og peikar ut styreleiar. Fylkeskommunen vel òg ein medlem til representantskapet. Fylkeskommunen dekkjer utgiftene i samband med representantskapsmøtet for sin medlem. | **Rammer:** Vedtektene registrert 29.04.2011. |

## Stiftinga Vestlandsforsking

| | |
|---|---|
| **Føremål:** Alminneleg stifting. Stiftinga sitt føremål er å fremje forsking med tilknyting til Sogn og Fjordane, ved mellom anna å skaffe midlar til eller drive forsking og forskingsformidling. Det er òg høve til å ta oppdrag utanfor fylket. | |
| **Adresse:** Vestlandsforsking, postboks 163, 6851 Sogndal. | **Telefon:** 906 33 600. |
| **Stifta:** 13.05.1985. | **Opprettar:** Sogn og Fjordane fylkeskommune. |
| **Nettside/e-post:** https://www.vestforsk.no/nn post@vestforsk.no | **Rammer:** Vedtektene, sist endra 13.6.2019. |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen vel seks av sju styremedlemer, medrekna leiar og nestleiar. | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Utviklingsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforsking. Stiftinga mottek ein årleg grunnstønad på 0,8 millionar kroner + eventuell utviklingsavtale. |

## Stiftinga Røde Kors Nordisk United World College

| | |
|---|---|
| **Føremål:** Alminneleg stifting. Føremålet er å fremje fred og internasjonal forståing, berekraftig utvikling og økologiske kunnskapar gjennom utdanning, forsking, kurs og andre tiltak. | |
| **Adresse:** 6968 Flekke. | **Telefon:** 57 73 70 00. |
| **Stifta:** 02.09.1993. | **Opprettar:** Sogn og Fjordane fylkeskommune, Noregs Røde Kors, Fjaler kommune, Sogn og |

| | |
|---|---|
| | Fjordane Røde Kors, Eckbos Legater og Stiftelsen Et Nordisk United World College. |
| **Nettside/e-post:** www.uwcrcn.no website@rcnuwc.no | **Rammer:** Vedtektene registrert 16.02.2010. |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen vel éin av om lag 25 medlemer til rådet. | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Ingen. |

## Stiftinga Nynorsk kultursentrum

| | |
|---|---|
| **Føremål:** Ideell stifting. Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og opplevingssenter, festivalar, digitale tenester og forretningstiltak som er med og oppfyller dette føremålet. | |
| **Adresse:** Indrehovdevegen 176, 6160 Hovdebygda. | **Telefon:** 70 04 75 70. |
| **Stifta:** 31.08.1993. | **Opprettar:** Sogn og Fjordane fylkeskommune, kr 10 000, Det Norske Teatret, Hordaland fylkeskommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Volda, Ivar Aasen-instituttet, Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar, Litteraturselskapet Det Norske Samlaget, Møre Folkehøgskule, Møre og Romsdal fylkeskommune, Møreforsking Volda, Noregs Mållag, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Noregs Ungdomslag, Rogaland fylkeskommune, Sunnmøre Museum, Ulvik herad, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Tromsø, Vestmannalaget, Volda kommune og Ørsta kommune. |
| **Nettside/e-post:** www.aasentunet.no admin@aasentunet.no | **Rammer:** Vedtektene registrert 01.01.2009, sist endra 05.01.2017. |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Det følgjer av vedtektene at Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune vel éin medlem kvar til rådet. | **Tilskot frå fylkeskommunen:** |

## Stiftinga Innvik Næringsutvikling

| | |
|---|---|
| **Føremål:** Alminneleg stifting. Føremålet er å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje utvikling og nyskaping i Innvik. | |
| **Adresse:** Postboks 33, 6793 Innvik. | **Telefon:** 90 52 22 35. |
| **Stifta:** 11.06.1997. | **Opprettar:** Sogn og Fjordane fylkeskommune og Stryn kommune. |
| **Nettside/e-post:** gitle.sande@mentor.no | **Rammer:** Vedtektene, sist endra 04.09.2014. |

| | |
|---|---|
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen vel to medlemer og Stryn kommune vel ein medlem til styret. | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Ingen. |
| **Merknad:** Stiftinga vart omdanna etter at eigedomen vart seld i april 2010, mellom anna er grunnkapitalen og tal styremedlem endra. I tillegg vart namnet endra frå Stiftinga Langvin til Stiftinga Innvik Næringsutvikling. | |

## Stiftinga Vestnorsk jazzsenter

| | |
|---|---|
| **Føremål:** Alminneleg stifting. Føremålet til stiftinga er å arrangere konsertar som er forankra i jazz og tilgrensa musikkformer. I tillegg skal stiftinga ivareta Norsk Jazzforbund sine regionoppgåver i region 3, også i form av pedagogiske tiltak og turneformidling. | |
| **Adresse:** Georgernes Verft 12, 5011 Bergen. | **Telefon:** 55 30 72 50. |
| **Stifta:** 10.09.1997. | **Opprettar:** Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Bergen Jazzforum og Norsk Jazzforum. |
| **Nettside/e-post:** www.vestnorskjazzsenter.no post@vestnorskjazzsenter.no | **Rammer:** Vedtektene registrert 01.01.2009. |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har valt kvar sin medlem med personleg vara. Fylkeskommunen dekkjer utgiftene i samband med styremøta for sin/sine medlemer. | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Årleg tilskot etter søknad. Tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2019: 110 000 kroner. |

## Stiftinga Balejazz

| | |
|---|---|
| **Føremål:** Alminneleg stifting. Føremålet er å arrangere ein årleg jazzfestival i Balestrand som er forankra i, men ikkje avgrensa til norsk/regional jazz, med sikte på å fremje og delta i utviklinga av musikarar og miljø som arbeider med jazz. | |
| **Adresse:** Postboks 24, 6898 Balestrand. | **Telefon:** 57 69 42 00. |
| **Stifta:** 03.01.2002. | **Opprettar:** Fylkeskommunen (kr 10.000), Balejazz, Kviknes Hotell, Balestrand kommune og Vestnorsk Jazz-senter. |
| **Nettside/e-post:** www.balejazz.no post@balejazz.no | **Rammer:** Vedtektene sist endra 01.01.2009. |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen vel ein av fem medlemer til representantskapet som vel styret. | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Tilskot etter søknad. Tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2019: kr 150 000 kroner. |

## Stiftinga Norsk Countrytreff

| |
|---|
| **Føremål:** Alminneleg stifting. Norsk Countrytreff er ein knutepunktinstitusjon med eit sjangeroppdrag, og skal ha ein leiande posisjon innanfor country-sjangeren. Føremålet er å i framtida vere den kvalitetsmessig beste festivalen i Noreg, og å arrangere eit årleg country-treff i Gloppen kommune, med eit overordna mål om å presentere nasjonale og internasjonale artistar og grupper på høgt musikalsk nivå. |

| | |
|---|---|
| **Adresse:** Reed Senter, 6827 Breim. | **Telefon:** 46 42 69 28. |
| **Stifta:** 30.09.2004. | **Opprettar:** Sogn og fjordane fylkeskommune, Breimsbygda Idrettslag, Byrkjelo Ungdomslag, Breim Bygdeungdomslag, A/L Breimshallen, Breim Countryklubb, Stiftinga Norsk Fjordhestgard, Gloppen kommune. |
| **Nettside/e-post:** www.norskcountrytreff.no nct@breim.no | **Rammer:** Vedtektene registrert 29.02.2012, sist endra 16.08.2018. |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen vel to av fem styremedlemer med personlege varamedlemer, og peikar ut styreleiar. | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Tilskot etter søknad. Tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2019: 7127 000 kroner. |
| **Merknad:** Staten har avvikla knutepunktordninga, og ansvaret er overført Norsk Kulturråd. | |

## Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark

| | |
|---|---|
| **Føremål:** Alminneleg stifting. Stiftinga skal ha som føremål å koordinere og samordne den samla innsatsen i høve verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet. Verdsarvparken skal byggje på at lokalsamfunnet har eigarskap til landskaps- og kulturverdiane og aktivt fremme internasjonale verneverdiar gjennom lokal økonomisk, kulturell og identitetsmessig utvikling. | |
| **Adresse:** Helabrotet 2A, 5745 Aurland. | **Telefon:** 57 63 29 09. |
| **Stifta:** 25.01.2008. | **Opprettar:** Sogn og Fjordane fylkeskommune, kr 50.000, Aurland kommune, kr 100.000, Voss kommune, kr 50.000, Vik kommune, kr 50.000, og Lærdal kommune, kr 50.000 |
| **Nettside/e-post:** www.naroyfjorden.no erling@naroyfjorden.no | **Rammer:** Vedtektene registrert 01.01.2009. |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen vel éin av ni styremedlemer. | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Nærøyfjorden verdsarvpark er tildelt støtte på til saman 452 500 kr i 2019 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. |

## Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

| | |
|---|---|
| **Føremål:** Alminneleg stifting. Stiftinga sitt føremål er å drive museum. Stiftinga skal drive innsamling, bevaring, dokumentasjon, forsking og formidling, og skal kunne drive anna kulturell verksemd. | |
| **Adresse:** Gota 16, 6823 Sandane. | **Telefon:** 990 94 777. |
| **Stifta:** 14.01.2009. | **Opprettar:** Sogn og Fjordane fylkeskommune, kr 50 000, Sunnfjord Museum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Sogn Folkemuseum og Nordfjord Folkemuseum. |
| **Nettside/e-post:** www.sfj.museum.no post@misf.museum.no | **Rammer:** Vedtektene registrert 28.12.2011, sist endra 14.07.2017. Sogn og Fjordane |

| | |
|---|---|
| | fylkeskommune har delvis gått mot forslag til endringar i vedtektene. |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen vel styreleiar og ein styremedlem med personlege varamedlemer. Fylkeskommunen vel ein medlem til rådet. | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Årlege tilskot i følgje avtale med kommunane og staten. Tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2019: 15 450 000 kroner. |
| **Merknader:** Sjå FT-sak 8/19 (Sogn og Fjordane fylkeskommune) om fellesmagasin og museumsbygg. Arbeidet med oppfølging etter tidlegare forvaltningsrevisjon er avslutta. | |

## Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter

| | |
|---|---|
| **Føremål:** Alminneleg stifting. Stiftinga skal vere pådrivar for forsking på historia til produksjon og distribusjon av kvernstein, vere pådrivar i arbeidet med å sikre at kvernsteinbrota i Noreg vert tekne omsyn til i samfunns- og arealplanlegginga og formidle eit representativt utval av kvernsteinsbort for framvising. | |
| **Adresse:** 6957 Hyllestad | **Telefon:** 458 71 940. |
| **Stifta:** Den 18.6.2009. | **Opprettar:** Sogn og Fjordane fylkeskommune, 50 000 kroner, og Hyllestad kommune, 50 000 kroner. |
| **Nettside/e-post:** www.kvernstein.no post@kvernstein.no | **Rammer:** Vedtektene registrert 9.10.2009. |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen vel to av sju styremedlemer. | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Stiftinga er ein del av Musea i Sogn og Fjordane. |

## Stiftinga til fremje av rekruttering og kompetanseutvikling i Sogn og Fjordane (REKOMP)

| | |
|---|---|
| **Føremål:** Stiftinga sitt føremål er å løyve midlar som skal gå til å styrke rekruttering og kompetanseutvikling i privat og offentleg sektor i Sogn og Fjordane, med hovudfokus på drift av ei fylkesdekkande traineeordning for yngre personar med formell utdanning på høgskule/universitetsnivå. | |
| **Adresse:** Strandgata 52/54, 6901 FLORØ | **Opprettar:** Daa-fondet |
| **Stifta:** 06.10.2008. | **Rammer:** Vedtektene frå 2008, sist endra 13.07.2016. |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen vel alle dei tre styremedlemene. | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Stiftinga sin kapitalbase kjem frå overførte restmidlar frå DAA-fondet (kompensasjonsmidlar for differensiert arbeidsgivaravgift) til fylkeskommunen. Fylkeskommunen har ikkje gått inn med midlar sidan opprettinga. |
| **Merknad:** Stiftinga løyver årleg midlar til Framtidsfylket AS. Når stiftinga er tom for midlar vil styret gjere vedtak om oppløysing av stiftinga. | |

## Stiftinga Måløy Marine Ressurssenter (MMR)

| |
|---|
| **Føremål:** Stiftinga er ei allmennyttig forskingsstifting. Stiftinga har som føremål å bidra til utvikling av samfunnet gjennom å fremje uavhengig næringsrelevant marin forsking og utvikling. Stiftinga |

| | |
|---|---|
| skal ha spesielt fokus på å føre verksemder og akademia nærare saman. Stiftinga skal fremje føremålet gjennom å kartlegge, ta initiativ til, legge til rette for og skaffe midlar til, drive forsking og forskingsformidling innan næringsrelevante marine forskingsområde. Stiftinga vil også ta på seg forskingsoppdrag. | |
| **Adresse:** C/o Måløy Vekst Gate 180, 6700 Måløy | **Opprettar:** Ervik Havfiske AS, Lefdal Mine Datacenter AS, LocalhostT Holding AS, Marine Harvest Norway AS, Mato Invest AS, Net Partner AS, NIRI AS, Nordfjord Cruise AS, OFS Måløy AS, Sætren AS, Selstad AS, Stadt Towing Tank AS, Ulvesund Elektro AS, Videonor AS |
| **Stifta:** 28.11.2018 | **Rammer:** Vedtekter sist endra 28.11.2018 |
| **Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkeskommunen er ikkje medopprettar av stiftinga, men skal ha ein medlem frå Måløy vgs i styret. | **Tilskot frå fylkeskommunen:** Fylkestinget i Sogn og Fjordane har sett av 15 mill. kr. som eit eingongstilskot, med atterhald om at løyvinga er innanfor statsstøttereglane og om at det ligg føre ei fullfinansiering av prosjektet med deltaking frå næringslivet. Sjå FT-sak 56/18. |

# 10. Gjensidige selskap

## *Kommunal Landspensjonskasse (KLP)*

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Selskapet sitt føremål er å ivareta medlemmane sine behov for tenestepensjonsordningar. Selskapet kan også, enten sjølv eller gjennom deltaking i andre selskap, tilby andre pensjons- og forsikringsprodukt, og kan delta i eller drive ei kvar verksemd som naturlig heng saman med forsikringsverksemd, og ei kvar anna verksemd som er lov for livforsikringsselskap, her også administrasjon og forvaltning av pensjonskassar. |
| **Etablert** | 1949 |
| **Eigar** | Ingen eigarar i tradisjonell forstand, men alle som etablerer avtale om offentleg tenestepensjon i KLP skyt inn eit eigenkapitalinnskot.<br><br>Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del av oppsamla eigenkapitaltilskot er 27 509 578 kr per 31.12.2018.[31]<br><br>KLP konsern sin totale eigenkapital er 33,857 mrd. kr. per 31.12.18. |
| **Rammer** | Vedtekter, sist endra 11.05.16. Allmennaksjelova, forsikringslova, forsikringsverksemdlova, finansføretakslova. |
| **Generalforsamling** | Selskapet er inndelt i valkrinsar. Fylkeskommunane utgjer, saman med kommunane i fylket, kvar sin valkrets. Den enkelte valkrets vel eit tal utsendingar til generalforsamlinga avhengig av samla premievolum i selskapet sine fellesordningar, jf. vedtektene § 3-3. Det skal haldast ordinær generalforsamling innan utgangen av juni kvart år. |
| **Forretningskontor** | Oslo |
| **Adresse** | Pb 400 Sentrum, 0191 Oslo |
| **Telefon** | 55 54 85 00 |

[31] Tal for Vestland vert lagt fram i Eigarskapsmelding 2020

| | |
|---|---|
| **Nettside** | www.klp.no |
| **Fylkeskommunal medlemskap** | Fylkeskommunen har tenestepensjon i KLP. Som medlem i KLP pliktar fylkeskommunen å betale eigenkapitaltilskot i den grad det er naudsynt for å gje KLP tilfredsstillande soliditet. I Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap for 2018 står eigenkapitalinnskot i KLP oppført med ein verdi på 27,5 mill. kr. Innbetalt eigenkapitalinnskot for 2018 var på 2,6 mill. kr.<br><br>Ved ei eventuell utmelding frå KLP er det fylkeskommunen sin del av selskapet sitt oppsamla eigenkapitalinnskot som vert utbetalt, noko som for Sogn og Fjordane fylkeskommune utgjer om lag 27,5 mill. kr per 31.12.18.<br><br>Jenny Følling vart i 2018 vald som nestleiar i konsernstyret. |

# 11. Vedteken plan for eigarskapskontroll for valperioden

Kontrollutvalet skal på vegner av fylkestinget sjå til at det vert ført kontroll med fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskap. Eigarskapsmeldinga 2020 vil bli oppdatert med informasjon om dette når fylkestinget i Vestland har vedteke ein plan for eigarskapskontroll.

# Vedlegg:

## *Mal for rapport frå eigarrepresentant*

Alle fylkeskommunale eigarrepresentantar skal levere ein skriftleg rapport frå generalforsamlinga/representantskapsmøtet. Rapporten skal sendast til fylkesrådmannen, og vil bli nytta ved utarbeiding av eigarmeldinga i 2020. Rapporteringsfrist er sett til 31. juli 2020.

| | |
|---|---|
| **1. Namn på selskapet:** | |
| **2. Kven møtte på generalforsamling/representantskapsmøte på vegner av fylkeskommunen:** | |
| **3. Oppgje dersom følgjande har skjedd i selskapet i inneverande rekneskapsperiode:**<br>**a) val av nye styremedlemmer**<br>**b) val av ny fylkeskommunal eigarutsending**<br>**c) vedtektene er endra**<br>**d) selskapet sitt føremål er endra**<br>**e) revisor har gjeve revisjonsmelding med avvik**<br>**f) kapitalutviding**<br>**g) kapitalnedsetting**<br>**h) konkurs/styrt avvikling**<br>**i) andre relevante hendingar for eigarskapen til fylkeskommunen** | |
| **4. Dersom aktuelt: oppgje relevante hendingar for eigarskapen til fylkeskommunen som er planlagde for neste rekneskapsperiode:** | |
| **5. Har selskapet etiske retningslinjer?**<br>**Gje i så fall ei kort skildring av kva retningslinjene omfattar, og kvar ein finn dei.** | |
| **6. Følgjande skal leggast ved rapporten:**<br>**a) Innkalling til generalforsamling m/saksliste og sakspapir**<br>**b) Protokoll frå generalforsamling dersom den er motteken før rapporteringsfristen** | |

Dato/stad:

____________________________________

Namn på den som har skrive rapporten